

Ættar-arv

Av Tore Ørjasæter

Er-so du ærar
din ættarfar,
du erver med æra
din ættargard.
Å sitja på garden,
son etter faren,
det er den likaste
lagnad for karen.

Men ofte det høvde,
og soleis var hendt,
- det segjest for sannrøynt
og gamalt kjent -
at etter ein samlar
kjem det ein snøydar
og etter ein aukar
kjem det ein øydar

Å ja det er sant
som dei gamle har sagt:
d'er ymse med adel
og odels-magt.
Og best som ei ætt
i si livskraft skein
so brotne den briknaste
odelstein.

D'er adel i jorda
som lag på lag
er odla av ætta
frå fyrste dag.
Og federne bygde
med umsut og bøner,
heimen som ol seg
i edle søner.

Ei lukke for alle
den lagna var
å hava til far
ein fagna kar.
Han kann ikkje rakvaksen
ryggen retta
den mann som er
av ein krusling ætta.

Vyrd då deg sjølv
og di eigi ætt
so vyrdar du ogso
ein annan manns rett.
Bøyg deg og bed
i ditt ættartempel.
Ber i di panne
din ættarstempel.

Motiv frå Nordhordland.

Med meir um desse sakene:

**Målrørsla frå romantikken til det postmoderne
Språkstrukturar programmerar heilen
Øyvind Strømmen utan ein tråd
Det nasjonale: Eit spursmål um liv eller daude**

I dette nummeret:

Megan Leo	Korleis liva eit helsesamt liv?	s. 2
Olav Torheim	Leidar	s. 3
Lars Bjarne Marøy	Målrørsla frå romantisk til postmoderne	s. 4
Lars Bjarne Marøy	Klisjear i angloruset	s. 6
Katrin Lunde	Språkstrukturar programmerar heilen	s. 8
Olav Torheim	Det nasjonale - eit spursmål um liv eller daude	s. 12
Olav Torheim	Strømmens konspiranoia utan ein tråd	s. 14
Stig Andresen	Kulturbloffnen	s. 18
Stephan Krämer	Arven frå Luther - og det me fekk ut or honom	s. 20
Alex Kurbanov	Oscar Ahnfelt - heile Norden sin åndelege trubadur	s. 22
Megan Leo	Nest - finsk stemningsmusikk	s. 23
Olav Torheim	Korleis møta norske media?	s. 24
Samuele Mascetti	Norsk målreising i 2014	s. 26
Lars Bjarne Marøy	Noregs uskuld	s. 29
Hans Gehler	Sandsteinsfjelli ved Elben	s. 32

Korleis liva eit helsesamt liv?

Av Megan Leo

Verdi me liver i er diverre forpesta og full av kjemikal og andre ting som er skadelege for både menneske, dyr og plantor. Kor som er, det er mange ting me kann gjera for å sleppa verta skadde av miljøgifter. Med nokre fåe hjelperåder kann me verna um både kropp og sjel. I dette bladstykkjet tek eg fyre meg nokre av dei.

Styr undan plast i maten!

Det lyder kann henda litt yverdrive, men plastproblematikken er ikkje til å koma i frå, korkje for menneske, dyr eller plantor. Kjemikalia i plast verkar inn på hormonbalansen i kroppen, og dei verkar litt på same måten som det kvinnelege østrogenhormonet. Dette kann koma til å skipla både kropp og sjel på ei rad ulike umkverve.

Det fyrste ein kann gjera for å få mindre plast inn i kroppen er å lata vera å nytta seg av plastflaskor. Dette er lettare sagt enn gjort i Noreg i dag, sidan plasten er yveralt. Sumtid kann du finna Voss-vassflaskor i glas. Desse kann du gjerne taka vare på og nytta um att seinare.


Drikk nok vatn!

Slik kjem me vidare til vass-spursmålet: Folk flest drikk altfor lite vatn, og dette lider dei under. Høgt blodtrykk, til dømes, kann koma frå skort på vatn. Berre etter fem timar med for lite vatn byrjar cellone i kroppen å krympa, og då er dei ikkje lenger like gode til å taka hand um oksygenet. Dette kann gjera folk sløve, svimle og trøyte.

Um du byrjar kjenna deg trøytt midt på dagen, so drikk tvo store glas vatn - i staden for å køyra i deg kaffi slik dei fleste gjer. Når du hev nok å drikka, so yter du betre i idrott med. Uthaldet ditt vert betre og musklane er mindre såre etterpå, sidan vatnet og oksygenet syter for at celleandingi gjeng som ho skal.

Ferdug-mat, nei takk!

Hald deg undan all prosessert mat. Det inneber å lata vera eta snøggmat som til dømes Pizza Grandiosa og andre ferdugpakka matrettar. Visst er dei kjappe å laga til, men for kroppen og sjeli er dei fælslege. I staden kann du laga noko sjølv frå grunnen av, med økologiske grønnsaker, kjøt og korn. Lag ein frisk, økologisk salat til deg og huslyden din! Folk bør helst ha 60% av næringsinntaket sitt frå grønnsaker. Elles er det bra med litt frukt til å gjeva antioksidantar og vitaminar - og litt kjøt til å gjeva protein. Brød kann ein gjerne eta mindre av. Helsesamt feitt som kokosnøtolja er eit framifrå kosttilskot, og det hjelper med å drepa bakteriar og sopp. Flytande magnesium er eit anna godt



Livsblomen

kosttilskot som er godt for hjarta og nervane. Et friske og råe grønnsaker so ofta du kann, og hald deg heilt undan mat frå mikrobylgeomnen!

Rapsolje er gift

Eit anna viktugt spursmål er det som gjeld rapsolja. Rapsolja er vorti sers umtykt i Noreg, sidan ho er billeg og greid å bruka til steikjeolja. Kor som er, sund er ho ikkje, og det heng i hop med måten ho vert laga på. Olja vert utvunni frå rapsfrøi med hjelp frå petroleumbaserte løysemiddel. Dette gjer dei for å få meir fart i utvinningsprosessen. Ei potensielt sund olja vert soleides umgjord til ei olja som ser sund ut, men som i røyndi inneheld skadelege stoff. Utvinningsprosessen gjeng dessutan fyre seg under høg temperatur, og det fører til at fleirumeitta feitt vert oksidert, noko som i neste umgang fører til fleire frie radikal i kroppen. Normalt skulde ein finna rikeslegt med helsesamt Omega-3-feitt i denne olja, men denne vert umgjord til transfeitt, som er eit feitt som ikkje er godt for noko.

Skal ein steikja med olja, so er det mykje betre å nytta olivenolja eller kokosnøtolja. Dei er litt dyrare, men dei inneheld helsesamt feitt som du kann eta med godt samvit.

Soya og mais er best å vanda

Hald deg undan all mais som ikkje er økologisk. Slik mais er mest sannsynlegt genmanipulert, og kven hev vel lyst til å stydja upp um Monsanto og andre gigantverksemder som øydelegg miljøet og rydjer ut bior og andre verdfulle livende? Um du hev lyst til å eta mais, so sjå til at det er økologisk slik at du ikkje køyrer i deg fårlege kjemikal eller styd upp um uetisk verksemd.

Hald deg elles undan soya. Det er endå ein type mat som skiplar hormonbalansen. Det kann skapa problem i skjoldbruskkjertelen, og i neste umgang fører det både til vekttauke og humørsvingingar.

Ingen antibiotika utan probiotika

Um du vert dårleg og lyt taka antibiotika, so ikkje gløym å fylgja upp med probiotika etterpå. Antibiotika drep alt, ikkje berre bakte-

riane som hev gjort deg sjuk. Dei nyttige bakteriane som hjelper deg med å elta maten og halda soppvoksteren under kontroll, dei treng å verta bygde upp att. Endå um du ikkje hev teke antibiotika i det siste, so kann probiotika likevel vera ein god ide.

Dagleg meditasjon hjelper på

Meditasjon er ikkje berre nyttig, det er heilt avgjerande i den hektiske og stressande kvardagen som me uppliver no for tidi. Tak deg i minst to ti minutt dagen til å setja deg ned og reinska upp i hugen. Anda djupt ut og lat alt stresset etter dagen få sleppa taket. Um du ikkje lukkast med det same, so finst det mange råd og vink på Internett um korleis ein kann meditera. Det er ettervist vitskaplegt at meditasjon gjev betre livskvalitet, du kjem i betre mentalt lage og fær betre ålmenntilstand.

Ikkje gløym å trenar!

Syt for å få nok trening. Det er lett å finna seg noko å driva med utandørs i Noreg. Skiturar, fotturar, springing, fjellkiving, symjing, sykling... Det viktugaste er å vera i rørsla kvar dag. Ikkje berre for å vera sterk og sjå bra ut, men for heilen og hugen si skuld med. Du fær meir oksygen til cellone når du trenar, heilen fær meir luft og resten av nervesystemet kjem i betre stand, det med.

Lev eit aktivt liv!

Nytta tidi utandørs, i skogen og på fjellet. Du kann gå åleine eller med vener. Tak deg tid til utflukter, til å sjå på den vene naturi og gjera deg kjend med kringværet du liver i.

Fortel venene og huslyden din um kva du tykkjer um dei, fortel dei at du set pris på dei. Kjærleik og umsut betrar livskvaliteten for alle.

Til slutt vil eg berre segja at fyremålet med dette stykkjet ikkje er å retta peikefingeren til nokon eller koma med eksperthjelp, men å kveikja folk til å finna nye måtar å liva gode, balanserte og helsesame liv.

Hugsa bladpengane for 2014!

Giro er stifta inn i bladet.

Me er ikkje so mange enno, men me er ihuga og me er i jamn og trygg framgang. Alt arbeid med Målmannen vert gjort på dugnad, og me prentar bladet på billegaste måten. Vil du ha mest moglegt målsak att for pengane, so styd Målmannen!

Leidar

Av Olav Torheim

Målmannen er knytt til ein høgnorsk- og norskdomsstradisjon og hev eit trygt fotfeste på dei tuftene. Me freistar å setja upp ein høgnorsk dagsetel som stend for både dagen i dag og ettertida. Dette i staden for å berre skrapa på yta åt ei rad flyktige ovringar - slik hovudstraumen av pressa og kringkastings elles gjer. Me vil gjeva folk grunnleggjande kunnskap um hevdvunnen kultur, både på norskt og ålmenneuropeisk nivå. Me lagar reportasjar som korkje er meir eller mindre nøytrale enn dei som ein finn i politisk korrekte media. Skilnaden er at me iallfall vågar å taka upp saker som andre anten ikkje vil dekkja eller dekkjer på yverflatleg eller rang vis, og me tilbyd ei onnor vinkling enn den opplene og vedtekne.

Ei motvekt til meiningskontrollen

Målmannen møtte åtak for reisereportasjar frå møte, samkomor og demonstrasjonar. Bladet hev havt eit ynske um å syna fram markeringar som er viktuge for vanlege folk yver heile Europa. Me er upptekne av ytringsfridom og ynskjer å knyta til oss lesarar som vil ha sanningsøkjande artiklar med integritet. Me godtek ikkje at det skal skapast tabu kring særskilde emne knytte til saga og samfundsspursmål, og vil ikkje at ein liten meiningselite skal ha einerett på å skyna og tolka kva som kann rapporterast og ikkje.

Øyvind Strømme er ein av fleire forståsegpåarar som fær offentlege midlar til å fylgja med på folk med avstikkande meiningar, og det siste året hev han mellom anna nytta tidi til å ytra seg mot bladet Målmannen. Me er truleg det einaste bladet som hev gjort ein kritisk gjennomgang og bakgrunnsjekk av boki til Strømme, "Den sorte tråden". Me veit at politisk korrekte massemedia ikkje vil gjeva folk med alternative tankar noko røynelegt høve til å stå fram i ålmenta, og difor hev Olav Torheim skrivt ei liti innføring i korleis vanlege folk kann møta media i umstridde saker. Me tykkjer det er viktugt at folk er klår yver korleis skandalesøkjande revolverjournalistar gjeng fram.

Lagnadstunge vegval i norskdomsrørsla

I stykkjet um grunnlovsjubileet dreg Lars Bjarne Marøy upp dei lange linone for norskdomsrørsla frå 1814 til i dag. Korleis kunde målrørsla som hadde slik framgang dei fyrste hundrad åri verta so fullstendig vengjeklypt etter krigen? Ein gong hadde me ei sterk norskdomsrørsla som stod for hopetal med sjølvstendige tildriv og arbeide det norske målet fram. I dag hev me dei siste mohikanarane i ei stødt meir forgubba målrørsla som klagar yver at dei ikkje fær nok løyvingar frå staten. Me hev late oss klientifisera, og dei våpni me ein gong hadde hev me anten gjeve frå oss eller late rusta ned.

Målrørsla er ikkje einaste dømet på ei rørsle som hev vorte tappa for innhald som det var sprengstoff i. Den lutherske kyrkja er eit døme på det same. I vår tid hev me fenge ei sosialdemokratisk statskyrkja som skal vera seremonimeister for folk flest, medan dei rettelegte truande vert yverkyørde og framandgjorde. Stephan Krämer skriv meir um dette i stykkjet sitt um arven frå Luther.

Noregs Mållag stridde aktivt mot samnorsken i 1938, men i 2011 var det målrørsla sjølv som sytte for at nynorsken gjekk endå eit steg mot bokmålet då styresmaktene serverte dei nynorsknomalen på eit fat. Det same kann ein langt på veg segja

for kyrkja sin part: Når dei endelegt gjenom grunnlovsvedtak vert lausrivne frå staten, og ikkje lenger fær biskopane sine sette inn av ei sosialdemokratisk regjering, då er det kyrkja sjølv som held fram å endra liturgi og læresetningar i liberalteologisk leid. Martin Luther arbeide for meiningssfridom, men i dag arbeider lutherske prestar og biskopar aktivt for å prenta inn og gjera politisk korrekte verdiar einerådande i folket.

Sette under kontroll, avvæpna og tappa for energi og færlige tankar. Slik er lagnaden for motkulturane i Etterkrigs-Noreg.

Kulturen må skapast, han kann ikkje vedtakast

Den sosialdemokratiske staten hev freista å spreida kultur ut til folket, og det gjev oss endå eit døme på korleis staten hev veikt ned folkelege tildriv og sjølvstendevilje. Stig Andresen hev meldt boki "Kulturbloffen" av Kristian Meisingset. Den sosialdemokratiske tanken var at kultur var ei form for kapital som alle burde få den same tilgangen til for å kunna vera deltakarar i det demokratiske ordskiftet. Den borgarlege kulturen skilde mellom finkultur og folkekultur, medan den sosialdemokratiske staten hev freista å spreida ymse slags utvald kultur ut til folket. Verkemidli hev vore alt frå Rikskonsertane til bokbåt. Denne framgangsmåten hev ikkje lukkast, meiner både Meisingset og Andresen.

Å kunna utfalda seg språklegt høyrde med til den kulturelle kapitalen som det sosialdemokratiske riksstyret vilde gjera tilgjengeleg for alle, og dette fekk sitt uttrykk i samnorskpolitikken. Ein såg på språket som ein reidskap alle skulde læra seg å meistra på like fot, og difor galdt det um å gjera slutt på målstriden og koma fram til eit sams, einskaplegt språk. Kva slags språk var mindre viktugt, burtsett frå at det helst burde vera tufta på talemålet i arbeidarklassen - og med brodd mot både det borgarlege riksmålet og ikkje minst den nasjonalt opphøge høgnorsken. Dette skapte ein sterk reaksjon på riksmålssida, både frå kultureliten som opplevde å verta frårana språket sitt og frå vanlege folk som ikkje var i stand til å tileigna seg det slumpeamt konstruerte språket som dei brått fekk i fanget. Det nye språket kjende seg like framandt og rart for arbeidsfolk som for alle andre. På riksmålssida vart dette eksperimentet difor stogga på eit tidlegt tidspunkt, men i målrørsla hev tilnæringslina og dialektlina levd vidare upp til vår tid. Her er tanken endå ein gong reint demokratisk: Kvar og ein skal få nytta seg av valfridomen til å kunna skriva so nært upp til eige talemål som råd er. Ingen skal verta hindra frå å utfalda seg språklegt. Men atter ein gong er endskapan på det heile det motsette av det ein hadde venta seg: Det er berre dei mest ressurssterke i folket som veit å utnyttja valfridomen i nynorsken. Akademikarar og kunstnarar er dei som held på skriftmålet sitt, medan folk frå arbeidarklassen vel det burt. Ei ny og absurd ovring i våre dagar er det som hev vorte kalla for "nynorsk-hipsterane": folk i storbyane som nyttar nynorsk til å definera sin eigen identitet. På bygdene ikring dei same byane ser me derimot at vanlege folk vel burt den vanskelege nynorsken. Bokmålet er i praksis vorte det demokratiske alternativet som alle lett kann tileigna seg og nytta seg av i dagleglivet.

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyarar:
Olav Torheim
Epost: olaveth@gmail.com
Tlf: 99156428
Skype: fivreltd25

Netstad:
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

Det norske skaper utsyn

"Ivar Aasen: Noregs største demokrat". Det var eitt av slagordi som vart nytta under Aasen-året i 1996. Men kva slags "demokrat" var Ivar Aasen? Ivar Aasen var ikkje imot det danske målet i Noreg av di det var målet åt yverklassen, han var imot det av di det ikkje var norsk. Aasen kunde ha teke utgangspunkt i ein av dei mest utbreidde dialektane og skriftfest det norske målet på grunnlag av det, då hadde han med ein gong havt ein sterkare basis for prosjektet sitt, heilt frå byrjingi av. Men Aasen sin tanke var so mykje større enn det: Han vilde at landsmålet som han skapte skulde vera eit råmeverk, ein yverbyggnad, for alle dei ulike målføri i landet. Han vilde ha eit skriftmål der dei framtidige språkbrukarane kunde ausa or tilfanget frå alle dei norske målføri. Dialektane skulde vera ein ressurs for det norske kultur målet som han vilde stabla på føtene, og ikkje ei avgrensing for den einskilde språkbrukaren.

Målrørsla treng å koma laus frå gripet åt staten og styresmaktene. Men ikkje berre det: Målfolk treng betre argument. Nokre gode argument for å taka vare på det norske målet, dei kom Frode Jens Strømnes med. Han kunde ettervisa vitskaplegt at språket me nyttar oss av er med på å forma måten me både sansar og tenkjer på. Det norske målet svarar soleides til ein særskild måte å sjå og skyna verdi på. Det er ikkje vorte til på slump, men hev langsamt forma og slipt seg til for å verta den beste reidskapen til å liva og yverliva i eit land som det norske. I dette nummeret prentar me stykkjet "Språkstrukturar programmerar heilen", der Katrin Lunde hev freista popularisera Strømnes sine vitskaplege idear.

Me hev vore målpolitisk ukorrekte sidan 2002 og me er tenkt å halda fram med å vera det. Målmannen er bladet for dei som vågar å søkja nye innfallsvinklar og å stella nye spursmål, jamvel når det kunde kjennast tryggast å lata vera...

Målrørsla frå romantisk til postmoderne

Av Lars Bjarne Marøy

Det er tvo hundre år sidan Noreg vart eigen stat i union med Sverige, men med eit eige Storting og med ein vilje til å vera ein stat og med kvart ein nasjon for seg sjølv. Den gongen var me innsveipte i tankar frå den franske revolusjonen som gjekk på fridom, likskap og brorskap, folkesuverenitet og maktfordeling på den eine sida. På den andre sida var me merkte av tysk nasjonalisme. Det romantiske kunstsynet forma diktunst og tenkjing kring eit eige norsk språk og norsk serhått i det store og heile.

Dei neste hundre åri skulde dei romantiske tankane stå høgt i kurs. Målstreket fram til på 1930-talet kann sjåast på som eit romantisk arbeid. Folket skulde opplyst og leidast frametter i kunnskap og framsteg. I litteraturen talar ein um ein gullalder mot slutten av 1800-talet. Dei fire store på riksmålssida var Bjørnson, Ibsen, Kielland og Lie, medan målfolki like sterkt knytte seg til Aasen, Vinje og Garborg, og med på lasset kann ein taka Elias Blix og Anders Hovden m.fl.


Mange vil spyrja seg, kvar stend me i dag? Kvar vart tankegodset kring det norske målet av?

Tidi frå opplysingstidi og den franske revolusjonen fram til i dag vert gjerne fanga inn av umgrepet "det moderne prosjektet". Innanfor dette prosjektet ser ein fyre seg at einskildmennesket, arbeidarar og kvinner hev fenge fleire rettar og hev vorte frigjorde og sjølvstendige. Trui på fridom, framsteg, ålmenmenneskelege sanningar og sisteinstansar hev tidvis vore sterk. På 1900-talet vart verdi innfløkt og modernismen slo igjenom med eit rådande kunstsyn. Modernismen er eit lappeteppje av ulike stemneleider som hev nokre samse drag. Ålment kann ein segja at t.d. litteraturen vende seg frå det borgarlege samfundet som hadde vore bakgrunnsgrunnlaget for til dømes Ibsens drama. No kjem djupboringar i menneskesinnet for ålvor inn i litteraturen. Nihilismen og surrealismen er kunstnariske stemneleider som merkjer litteraturen.

Målreisingi: Eit romantisk prosjekt innhenta av den moderne røyndomen

Åskodingane yver 1. verdskrigen pressar fram ei ny verdsetjing av heile den europeiske sedhevidi. Tankane på einskildmennesket i eit teknologisk samfund, eit bysamfund og eit samfund der statsmakti med kvart er veksande gjev seg utslag i bøkene til til dømes Kafka.

Prossessen hev vorte ei bok som det er vanskeleg å koma utanum i so måte. Kafka skildrar korleis ein vanleg mann kann verta



Målreisingi: Eit romantisk prosjekt innhenta av den postmoderne røyndomen...

øydelagd av å gå å venta på at rettslege prosessar skal først vidare og vidare, og samstundes vert voni hans um at dei skal få ein ende mindre og mindre.

T. S. Eliots diktverk «Det golde landet» leitar etter samanhengar og meiningar i verdslitteraturen og i heile vår europeiske kulturrømd. Kva skal me tru på? Korleis skal me koma oss etter at me hev sett massedauden på nært hald i Europa? Eliot hev ikkje endegilde svar, men han gjev oss nok av tankegodt til å setja oss sjølv i hopelag med verdi omkring oss og gjev oss høve til å leita etter framtidsvoner dersom me er viljuge til å granska dei åndelege røtene inst inne i kulturen vår.

Nedbrotstankane som viste seg sterke i andre land vart vel aldri so sterke i Noreg. Det var rett nok harde tider, men det let til å vera slik at i tider då folk ikkje hev allverdens av tingleg velstand, so vender dei seg til kulturlivet og vert meir medvitne um korleis kulturlivet kann gjeva meining i det kummerlege tilværet ein hev kring seg.

Noreg vart ein sjølvstendig stat heilt ut i 1905. Då var det slutt på alt hopehav med Sverige.

Diktarane frå andre halvpart av 1800-talet vart bytte ut med ein ny ættledd av diktarar. Det kom inn eit nytt lag og lynde i diktningi. No vilde dei nye diktarane taka fyre seg det indre livet til nordmennene både fyre og under dansketidi, og knyta band frametter til vår tid. Falkberget,

Duun og Undset fann motivi sine i saga. Dei

vilde ha fram korleis folk tenkte og levde under vanskelege historiske umstende og korleis dansketidi i røyndi var.

Ein kunde for fullt sjå fyre seg den språklege spennviddi millom norske talemål og det danske skriftmålet i denne tidi. Eller ein kunde - um ein vilde - laga seg ei verd der det norske målet var tenkjespråket til folk og åskodningsmålet til granskarane. Ein ættled med granskarar innanfor ei rad fagfelt grodde fram kring studentmållaget i Oslo. Det nynorske målet var vorte eit utbyggt mål som kunde nyttast og vart nytta til fullnads. Dimed vart det råd å få fram ei åskoding yver det moderne gjennom å driva vitskapleg gransking heilt ut på nynorsk. Det nynorske mennesket kunde tenkja og fyrestella seg alt på nynorsk, utan at ein trong knyta seg upp til bokmålet.

Ein kann tenkja seg at ein hadde ei heil nynorsk ålmenta der tenkjespråket, talespråket og skriftspråket kunde smelta saman. Denne nynorske ålmenta er ikkje knytt til noko statleg, men til ein frivillig sektor. Eit hopehav millom menneske med sams syn og sams mål og tankar um at det fanst ei sanning um det norske folkelivet og korleis det norske språket skulde sjå ut og nyttast. Ein kann spyrja seg um og i kor stor mun det finst ei slik ålmenta i dag. Det er eit ope spørsmål.

Modernismen i Noreg laut hava tid på seg. Noreg miste ikkje uskuld som låg i ein romantisk tradisjon fyre arbeidarrørsla vann

fram, og fyre krigen hadde sett sine spor. I ettertid kann ein spyrja seg um me ikkje hev kome inn i ein ny tidsalder. Ein som fekk uppleva eit umskifte på nært hald var målmannen Edvard Os. Han hev skildra korleis han vart sett til sides frå

arbeidet med å få fram jamstilling av det norske målet i staten.

Mange målfolk hadde eit stort og godtruande huglag til staten og til at arbeidarane kom til å strida fram det norske målet. Dette er ein tanke som gjeng attende til Aasen. Aasen var sjølv, tilliks med Gustav Indrebø, ein klår talsmann for at embetsverket skulde nytta det norske målet. Slik kunde dei nå ut til og tena det norske folket betre enn med det heimedanske målet.

Det lagnadstunge mistaket: Godtrui til staten

Men både Aasen og Indrebø levde i den gode trui at staten burde vera ein slags heiderskarsstat. Den borgarlege staten, som ein vel kunde sjå fyre seg ute i Europa, var ein stat for borgarskapen. Der staten lagde til rettes for det økonomiske livet, kulturlivet og for livsvilkåri for einskildmennesket reint ålment. Staten skulde ikkje blanda seg for mykje inn i saker, men gjera det råd for einskildmennesket å få utretta dei måli det sette seg. Slik sett skulde staten tena målsaki og gjera det lett for nordmenn å verta medvitne um det norske målet som hadde yverlivt dansketidi og kome seg uppatt som skriftmål. Når folket arbeidde fram målet, so laut staten fylgja opp og stydja fram den nynorske ålmenta på den beste måten ein kunde tenkja seg. Uvilje mot målsaki var noko som laut slåast ned på, og målsaki hadde då òg vunne sigrar gjennom masse møte, skulemålsrøystingar og val av målform i heradi/kommunane.

Grunnleggjande krefter i politikken talar, slik ettertidi ser det, klårt imot målsaki. Ser ein på dei store straumdrag i politikken kann ein ikkje koma utanum den russiske revolusjonen og 1. verdskrigen. Dei stend for tvo motsette ideal. På den eine sida striden for nasjonalt sjølvstende og nasjonal samling både for småstatar og for store statar. På den andre sida trui på verdsrevolusjonen og fylgjone av sosialismen og sosialdemokratiet. Båe retningane pressar fram eit totalitært syn på korleis staten skal forma samfundi.

Nasjonalismeprinsippet var i røyndi og er i røyndi ei sund grunnsetning. Folk med sams grunndrag i religion, språk, historiske røymslor og annan serhått bør finna saman og styra seg sjølv. Men nasjonalismen vart usund når han kom i strid med sosialismen, då vart han til fascisme og nasjonalsosial-

isme. Trugsmålet um ei sosialistisk maktyvertaking vart røynt nok etter 1. verdskrigen. Polakkane er det beste dømet på korleis nasjonalismen sigra yver sosialismen gjennom krig. Den raude her var på veg med sine fanor og hadde polakkane i kne. Hadde dei vunne i Polen, hadde dei truleg kome til å ha halde fram i ein landevinningskrig. Stalin kunde aldri tilgjeva polakkane for at dei stogga verdsrevolusjonen.

Nye politiske oppbyggnader innanfor det moderne prosjektet hev havt eit tilvilk til å føra med seg misjonering og vidareføring av det tankegodset som vinn fram. Napoleon, Stalin og Hitler vil alle spreida nye tankebyggnader. Britisk og fransk herreveldet spreidde vestlege tankar til Afrika og Asia.

Alternativet til å spreida tankar yver landegrensone er at dei må veksa fram i kvart einskild land. Sidan informasjon spreider seg yver landegrensone, er det vanskeleg - um ikkje uråd - å hindra at mottankar til eit regime innanlands kann koma frå tankar som hev meldt seg utanlands. Mottankar til maktpersonar melde seg alt med bokprentekunsten, og sensurrørslor hev kome og fare med kvart som det hev vore naudsynt til å tryggja stabilitet innanfor ein stat. Dei som hev gjenge hardast til verks for å hindra tankeimport, er vel sovjetregimet under den kalde krigen. Aldri hev vel eit land gjort so mykje til å hindra at tankar utanfrå skulde koma fram. I dag er det vel berre Nord-Korea og Cuba som kann tevla med det sovjetiske styresettet som var usedvanleg ytterleggjande.

Den borgarlege staten som ein kunde tenkja seg frå Europa jamført med embetstandstradisjonane i Noreg, han vert noko anna. Me hadde nok ikkje nokon borgarleg stat, men um ikkje det, so hadde me ialfall ein stat som var noko anna enn det som kjem inn med Arbeidarpartiet. Ein profesjonalisert og universalistisk stat der vitenskapen og framsteget skulde styrast so og segja byråkratisk og teknokratisk ut til folket, det var det ein kunde sjå fyre seg at målsaki skulde møta, når ein ser attlyver i saga og so leikar seg med å vera framsynt.

Ein slik stat kann ein lett finna åt, um ein finn bakgrunnen sin i tankane til Hanna Arendt og seinare Jürgen Habermas. Staten gjer seg til ei systemverd som skil seg frå livsverdi. Systemverdi kann ein - etter mitt syn - finna tuftene til i materialistisk marxisme-leninisme. Yverbyggnaden frå den borgarlege staten skulde reinskast burt. Det vil segja at staten skulde vera mest råd sekulær, positivistisk og tufta på materialisme. Då vilde den marxistiske tufti verta ny og ein vilde få eit idyllisk samfund med opplyste

arbeidarar. Den tanken vart dyrka millom anna av Halvdan Koht og Sigmund Skard, til dess at dei laut gjeva opp tanken.

Ei organisk livsverd eller ei totalitær systemverd?

Der målrørsla bygde opp ei nynorsk ålmente bygd på livsverdi med byrge og store språkelege bilete og språkmøte frå livsverdi til nynorskbrukarane, der vart staten ståande att som ei systemverd utan noko ynskje um å påverka slike tilhøve. Staten var ikkje ein borgarleg stat, slik Aasen-Indrebø-lina tenkte seg. Statstenestemennene kunde ikkje hjelpa fram den nynorske ålmenta gjennom å bruka nynorsk. Staten var heller ikkje i stand til å få folk til å verta huga på å nytta det norske målet, ikkje ein gong gjennom samnorsk tanken, slik som Skard og Koht, såg fyre seg.

Staten kunde derimot vera eit verkty for materielle, vitenskaplege og sekulære målsetjingar bygd på sosialistisk tankegang. Desse målsetjingane var flate og einsynte. Hadde ein vanskar so skulde alle grunnsetjingar diskutera og leggast fram til dei vart fullstendig fragmenterte. Staten kunde lyfta seg yver desse ordskifti og styra etter det som vart sluttsatsen av den byråkratiske samankverningi

Umformingane av statane på sosialistisk vis i etterkrigseuropa gjekk fyre seg med den fyresetnaden at alt som skulde avgjerast skulde inn i prosessar, so skulde det gjerast politikk av det heile. Det eine synet skulde relativiserast og atomiserast, so å segja trolast burt, medan det andre synet som samhovde med partiet sitt rådande syn skulde tvingast fram. Med kvart vart politikken so relativisert og lausgjord at moralen og det borgarlege samfundet kvar burt.

Det var ikkje lenger rom for moralske domar eller for ordskifte der ein skulde koma fram til sanningar gjennom ærlege åskodingar. Den fyrste etterkrigsgenerasjonen skulde haldast i taumar gjennom at dei var lydige mot staten og gjorde det arbeidet dei var sette til innanfor den sosialdemokratiske skipnaden. Den neste skulde lokkast til å gjera uppreist, men uppreisten skulde koma frå vinstresida. Den sida som alt trudde på den verdslege, vitenskaplege og teknokratiske staten.

Staten og sosialdemokratiet skulde ingen segja imot, so skulde normene innanfor denne staten tvinga neste ættled til å godtaka og gå inn anten i rolla som lydige statstenestemenn eller i rolla som lydige undersattar i den sosialdemokratiske skipnaden, anten dei arbeidde i næringsliv eller offentleg sektor. Me skulde alle vera sosialdemokratlar. Frå 1970-talet av vart

kven som helst ein del av systemverdi til Habermas. Målarbeid må derimot byggja på fridom og sjølvstende, ikkje på å vera ein part av statsskipnaden.


Det totalitære samfundet som Hanna Arendt tala um hev vorte absolutt. Moralen og det personlege tildrivet vert langt på veg burte under statlege reguleringar og politisk korrekte oppfatningar. Meiningsdaning hev vorte ein profesjon. Ein kann kjøpa seg tenester hjå mediekonsulentar som tek skyhøge pengesumar, handlangarane er gjerne folk frå politikk og næringsliv som hev kjenningar lengst inne på innsida av den systemverdi som skal påverkast. Staten løyver ut pengar til all slags samskipnader av interessegrupper og forståsegpåarar som skal meina noko politisk korrekt.

På den andre sida hev dei som hev minna um å vera motrørslor i presseverdi kome i ei klemba. Avisor som Dagen, Klassekampen, Nationen og lokalavisone som brukar nynorsk kann koma til å få mindre pressestudnad med det nye riksstyret frå høgresida. Det tyder vel på at meiningsberarar som freistar å halda på eit journalistisk sjølvstende og ikkje berre let seg driva for ver og vind, er til fåre for eit samfund der pengane ligg i å halda med dei pengesterke i den sosialdemokratiske skipnaden, då fløymer utbetalingane ut anten det er samskipnader eller rådgjevarar som vil koma til pengane. Titlar på engelsk segjer vel sitt: First house og liknande er ikkje uvanleg.

Hanna Arendt såg på den tyske byråkraten som ein liten mann utan ryggrad. Ein mann som berre var ein del av eit system og som fylgde ordre. Han hadde ikkje eigne oppfatningar. Moskvaprosessane hadde vist oss korleis folk som prøvde å vera lojale kunde fjernast utan nåde frå dei sosialistiske maktthavarane. Nasjonalsosialistane var like nådelause.

I dag er det vorte slik at nordmenn flest hev vorte prega av totalitær tankegang i so stor mun at me ikkje ser galskapen i fortidi, for me hev vorte like prega av totalitær tankegang sjølve. Me let oss planstyra frå vogga til grav. Skal du meina noko sjølvstendig, so må du for all del styra undan statlege pengesluk. Held ein seg undan pengekrane der, vert ein snøgt stempla som eit mystisk kringvære som resten av samfundet skal vera på vakt mot, iallfall um ein vert teken på ålvor. Ein skal ikkje ha for klare meiningar. Ein skal vera verdinøytral og helst halda seg litt på sida av dei som hev sterke meiningar.

Sosialistane gjorde det tidleg til eit prosjekt å peika seg ut meiningsmotstandarar som kunde nyttast til å synde bukkar. Yttergrupper som kommunistar og AKP-arar hev vore nyttige verkty til å tvinga fram nye



”Oddvar Torsheim kjem inn som ein postmodernistisk kunstnar som plasserar den nynorske forteljingi i nynorskens skog, eit godt bilete. Her sit folk kvar på si sida og knaskar på offentlege løyvingar og skriv seg inn i biletet av ein idealistisk og demokratisk stat.”

standpunkt og få det til å sjå ut som at reaksjonen kom frå livsverdi, men i røyndi var det berre ein måte å få kjempa ned motkreftene i samfundet, samstundes som ein kontrollerte det heile.

Målrørsla i dag: Parkert i det postmoderne

Um ein so vender seg til litteraturen att, so ser ein snøgt at litteraturen i Noreg hev vorte blodfatig og lite hev halde seg i tetstraumen. Dersom ein ser på litteraturen i verds målestokk, so kann ein skilja millom modernismen og postmodernismen når ein granskar «det golde landet». Diktverket er fragmentarisk og inneheld det som fagfolki kallar pastisj, samansetjingar av ulike element. Pastisjen høver med postmodernismen, men forteljaren i “det golde landet” segjer at desse fragmenti fekk han berga til lands frå ruinane sine. Den modernistiske litteraturen ser på fragmentering og ytterleggående subjektivitet som ei eksistensiell krise eller ein indre freudiansk strid, ei tilfløkjing som det må løysast upp i, og det er ofte kunstnaren som må få flokone til å leggja seg.

I postmodernismen er det derimot ikkje råd å få til løysingar eller freista å tenkja seg gode løysingar. Kunstnaren er impotent, og den einaste måten å koma seg undan på er å spela på kaoset. Det finst verk frå modernismen der ein spelar på kaoset, men i postmodernismen er det eit sentralt og berande element at ein spelar på kaoset og orden og mening vert noko usannsynleg.

I litteraturvitskapen talar ein bolkevis um dei store forteljingane, slik sett er det mange forteljingar. Ei forteljing som ein kann zooma inn og ut er forteljingi um den

norske grunnlovi og det norske folket si tiltru til at me lever i eit vellukka land. Mange nordmenn ser fyre seg Noreg som eit land som hev bygt seg upp til meir og meir velstand gjennom demokratiske prosessar og hardt arbeid. Ei onnor forteljing er forteljingi um den nynorske ålmenta med pugging av songar, umsetjing av klassisk litteratur, nynorskt vikeblad og so burtetter. Denne forteljingi vert dyrka til dømes av Noregs Mållag og Språkrådet som skipar til språkråd, staten som løyver pengar til Aasen-senteret og alle slags institusjonar med nynorsk i namnet.

Oddvar Torsheim kjem inn som ein postmodernistisk kunstnar som plasserar den nynorske forteljingi i nynorskens skog, eit godt bilete. Her sit folk kvar på si sida og knaskar på offentlege løyvingar og skriv seg inn i biletet av ein idealistisk og demokratisk stat. Ingen skal trenga å gå på legd i den sosialdemokratiske tidsalderen. Her skal alle takast vare på, slik at dei ikkje vert herda og byrjar å tenkja større og meir grunnleggjande og moralske tankar enn det den totalitære staten vil ha. Staten er yveralt og yver alle. Det er som den materialistiske marxismen vilde det. Religon, moral, samvit, ålmenmenneskelege sanningar er bytte ut med sekularisme, politiske målstyringsprinsipp, lojalitet mot dei politiske måli og evna til å tilpassa sine eigne livsmål etter det ein kann få pengar og studnad til i den statlege systemverdi.

Skal det koma noko nytt og meiningsfullt, må det koma frå grasroti, men då vert det som regel anten fanga inn av systemverdi eller fordømt av den same systemverdi. Slik sett hev Målmannen freista å halda seg på avstand til systemverdi og totalitære tankar av ulikt slag. Me vil halda uppe det sjølvstendet som høyrer til ei fri og levedøyr nynorsk ålmenta.

I ei slik ålmenta må ein taka vare på sjølvstendet sitt og slå til meir enn ei sida, slikt er ikkje lett. Aasmund Olavson Vinje sleit hardt nok med «Dølen». Men skal ein visa den rette truskapen til målsaki og vinna sin eigen sjølvvyrndnad, so kann ein ikkje lata seg fanga av anna enn sanningi.

Jamvel um dei kunstnariske stemneleiene hev vore oppkløyvde og litteraturen likeins, so må me taka med det uklære og søkja oss fram mot det som gjev mening i vår tid. Då ligg det ein inspirasjon i grunnlovi sine ord um at frimodige ytringar um statstyringi «ere enhver tilladt». På det viset tek me vare på nokre av dei beste hugmåli i målsaki. Me gjer henne ikkje um til ein postmoderne nynorskens skog, men skaffar oss eit vidare utsyn yver verdi.

Klisjear i anglorushet

Av Lars Bjarne Marøy

Ein skal ikkje høyra mykje på fjernsyn i dag fyre ein bit seg merke i at dei engelskspråklege klisjeane spreider seg. Ei rad ovringar på filmar gjeng fyre seg i eit engelskspråkleg kringvære og nordmenn flest skynar språket i dei filmene dei ser på kino eller DVD. På eit anna umkverve vert mange tvinga til å finna fram til og forstå daglegdagse ovringar i eit engelsk språk, når dei skal ha svar på spursmål som melder seg i kvardagen.

Idrottsutøvarar og bladmenner som arbeider med sport hev alltid høyrte mykje engelsk kringum seg, men i det siste hev eg tokken av at dei nye som kjem inn som sportsjournalistar og andre som sit på deskane kringum i den norske presseverdi let til å godtaka meir engelsk enn det som hev vore vanlegt tidlegare. Det kann koma av at dei les færre bøker, og les fleire tekster på internett og ikkje minst ser film.

Når klisjespråket frå engelsk glid rett inn, jamvel når det er tala um norske tilhøve, må ein byrja å lura. Ei yverskrift lydde: «Bikkjeslagsmål mellom Borten Moe og Raja (og underteksten) - Ryker i tottene på hverandre over Mongstad.» At folk vert usamde um ei sak, er ein ting, men at dei vert usamde yver ein ting, må då vera ein meiningslaus måte å uttrykkja seg på, iallfall når ein skriv norsk. Det må vel heita «Ryk i tottene på kvarandre um Mongstad».

På engelsk kann ein snakka folk upp og ned. Slik er det av ein eller annan grunn, men det eignar seg ikkje utan vidare å yverføra denne språkbruken til norsk. Det eignar seg vel heller ikkje å segja at ein hev ei uppsida og ei nedsida, når ein skriv um firemunar og ulempor. Ei stund var det umtykt å tala um framsnakking og baksnakking på norsk, men framsnakking høyrer ut som eit rart ord utan hevd i språket.

Å gjeva ein person godord eller å segja at ein let vel yver eit menneske, må då vera vel so god umtale som å segja at ein snakkar han upp. Gode skotsmål er ord som hev vorte nytta. Å «snakka upp» er då noko som kann få ein til å tenkja på at einkvan talar betre um folk enn dei fortener, og det kann då ikkje vert eit godt skotsmål. Svenskane segjer vel tilliks med oss at dei talar vel um einkvan. Det må då vera ein god talemåte. Den talemåten gjeng då rett inn i engelsk og vil eg tru: he spoke well of me. Kvifor ein skal trenga å tala um uppsida og nedsida, jamvel i økonomisk språkbruk, det skynar eg ikkje. Børsen hev då havt sine oppgangar og nedgangar i alle år. Ingen grunn til å snu nokor onnor sida til, um ein skal venda seg mot den bibelske språkbruken.

Nokre standarduttrykk frå engelsk hev det med å spreida seg inn i straumen av nyhende og reportasjespråk eller i samtale-språket i nyhendi. Fjernsynsreportarane let til å vera verst. Dei skal på ein eller annan måte vera tidhøvelege, og det fører med seg at dei skal identifisera seg med engelskspråklege ideal.

Nokre klisjear er det verd å taka ei oppgjerd med. «Du var ikkje der for meg». Utsegn er uppatt-toggi frå ymse filmar. På skapleg norsk. «Du brydde deg ikkje», «du tok ikkje vare på meg», «du var lite heime/saman med meg». Frasen hev vorte nytta på film so mange gonger at folk som ikkje hev lese skildringar der dei norske ordi er nytta eller ikkje tykkjer det vert rett sving på å segja det på norsk, må ty til engelsk, so dei er tidhøvelege nok.

«Eg såg ikkje det koma» er eit anna uttrykk som spreider seg. Endå ein gong ein frase som ein kann høyra i mest kvar einaste amerikanske film ein ser, men det vert ikkje god norsk av den grunn. Derimot lyder det mykje norskare å segja at «det hadde eg ikkje sett fyre meg» eller «eg tenkte ikkje so langt».

Ein annan frase i same laget. Eg var ikkje heilt der. Kvifor skal det vera so viktig med «der» til slutt, på norsk lyder det rart å ikkje ha med eit verb. Det lyder meir norsk å segja: Eg var ikkje komen heilt dit/der ev. med tillegg av ei at-setning. Eg var ikkje komen heilt dit at eg såg fyre meg kva som skulde verta neste vandumål eller utbjodning. «Det visste eg ikkje nett då», kunde ein segja. Men denne svingen på at «eg var ikkje heilt der» vert ein slags klisje som viser til at ein er inne i nokre scenebilete som folk kjenner seg att i. Me er åt å gjera livet vårt um til bilete, scenor og replikkar frå amerikanske filmar. Det burde vera uturvande, men tyder på at skildringane av dagleglivet i amerikanske filmar let til å råka mange nordmenn godt, medan me ikkje leitar etter å gjera språket vårt norsk. Hadde det vore um å gjera å gjera språket vårt norsk, vilde me ha skydd dei engelske frasane som pesten.

Norske sportsjournalistar i Noreg burde greida å ordleggja seg på norsk vis. Preposisjonsbruken med so og so mange minuttar att å spela, breider seg jammast, men no kjem frasen inn i nye sportsuttrykk og. Denne yverskrifti fekk me servert i ei avis:

«Sveriges gullhelt klarer ikke gå på ski med en måned igjen til OL.» Ein måned fyre OL...

Men den unorske målbruken sluttar ikkje der. Preposisjonsbruken i uttrykket «å gå for» verkar ikkje norsk nok. Det vanlege er vel å segja at ein «gjekk inn for å vinna» eller

«satsa på å vinna». Den uttryksmåten som breider seg no er derimot: «Me gjekk for å vinna seks kampar». Då kunde ein lesa det beint fram som at ein gjekk av garde til ein stad for å vinna kampene når ein kom fram.

Nokre verb på norsk tek objekt, andre ikkje, og nokre verb tek objekt i nokre samanhengar, men ikkje i andre og so burtetter. Å landa er eit verb som normalt sett treng ein preposisjon, um det skal ha eit objekt. Eg landa med eit fly, kann ein segja. Ein kann vel segja at ein pilot landa eit fly. Derimot verkar det meingslaust å segja som i ei yverskrift «Stoltenberg landet toppjobb». Det må då framleis vera rett å halda seg til å skriva at «Stoltenberg fekk ein toppjobb» eller finna ein annan måte å få fram eit bilete på å skaffa seg ein jobb. Um det er for gamaldags å bruka biletet «rodde i land ein toppjobb», so kann ein vel iallfall segja at «Stoltenberg landa i ein toppjobb». Ev. finna ein annan måte å segja det på som tek vare på norskdomen i målet.

På norsk treng me ikkje å bruka infinitivmerke i setningar med spyrjeord der ein utelet subjektet. Når ei nettsida brukar ordleggjingi - Hvordan å få bort bukfett? -, so er det ein unorsk måte å tenkja og skriva på. Når engelskspråklege brukar å ordleggja seg med «how to», so ordlegg me oss anten med «korleis» og subjekt eller med berr infinitiv. «How to find a way home», «Korleis finn ein ein veg heim» eller «korleis kann ein finna ein veg heim».

Endå ein ordleggjingsmåte hev eg høyrte i fjernsynet. «Dette er vel pengar vel anvendt». Her kjem den engelske ordleggjingsmåten «This is money well spent» inn. På norsk vil me vel segja at «dette er vel pengar som er nytta vel» eller «Dette er vel ein god måte å bruka pengar på», ev «dette er velbruka pengar». På engelsk heiter det elles «This is work well done» og «this is time well spent», og snart er norske bladmenner byrja å skriva at «dette er arbeid vel gjort» og «tid vel brukt». I so fall er det ein viktig del av setningsbyggnaden som er under åtak i krigen mot anglonorsk. Lat oss stogga åtaket snøggast råd. Lukkast me, so er dette er eit velgjort arbeid, og ein god måte å trøya tidi vår på.

Tenkjer ein norsk so kann ein fullvisst finna ein måte å ordleggja seg på, ein måte som gjev ein solid og gild dâm av norskdom. Eg oppmodar lesarane til å notera seg unorske segjemåtar og tenkja yver korleis ein kann ordleggja seg norskare. Ein bør tenkja på å halda på ein norsk sersvip både i ordbruk og segjemåtar, men det viktigaste av alt: Ein må vera byrg av å ordleggja seg på norsk.

Språkstrukturar programmerar heilen

Av Katrin Lunde

Fyrelesing gjevi på konferansen "Language Diversity", Tromsø, 6.-8. 11. 2013

I denne fyrelesingi er eg tenkt å retta merksemd mot tri hovudpunkt:

1. Hypotesen um at språket legg grunnlaget for sansing, tenkjing og åtferd, denne hypotesen hev vorte prova. Provi hev hovudsaklegt kome frå arbeidet åt kognitive psykologar som gjorde seg nytte av eksperimentelle teknikkar.

2. Det finst ein teori um språk og språkstrukturar som impliserar og forklarar desse eksperimentelle funni, og soleides hypotesen. Ein kann leida ut av hypotesen at det løner seg å vera fleirspråkleg.

3. Når denne hypotesen er prova, tykkjer eg at det er det beste argumentet me hev for å halda uppe og taka vare på mangfeldet av språk i verdi.

Språk legg grunnlaget for korleis folk tenkjer, det er ein ide som er vorten diskutert i det lange og det breide av filosofar, antropologar, språkvitarar og psykologar - serleg i fyrste halvten av det siste hundradåret, i det som vart kalla for ein "Golden Age of Native American Indian Linguistics" (Werner 1994: 3656). Ideen vart sett på dagsetelen av Wilhelm von Humboldt i verket *Einleitung zum Kawi-Werk* (1836-39; cf. Humboldt 1973), men han hadde vorte kasta fram alt i det attande hundradåret av Étienne Bonnot de Condillac og av Johann Gottfried von Herder. Han vert til vanleg kalla for grunnsetningi um lingvistisk relativitet, eller Sapir-Whorf-hypotesen, etter Edward Sapir og Benjamin Lee Whorf. Desse var dei mest framstående talsmennene for ideen under den nemnde "Gullalderen".

Båe tvo fortener å verta hermde. Sapir skreiv i 1929:

It is quite an illusion to imagine that one adjusts to reality essentially without the use of language and that language is merely an incidental means of solving specific problems of communication or reflection. The fact of the matter is that the 'real world' is to a large extent unconsciously built up on the language habit of the group. No two languages are ever sufficiently similar to be considered as representing the same social reality. The worlds in which different societies live are distinct worlds, not merely the same world with different labels attached.



Den indre fysikken er ikkje mindre viktug enn den ytre....

(Sapir 1973: 162)

Og Whorf skreiv i 1941:

How does such a network of language, culture, and behavior come about historically? Which was first, the language patterns or the cultural norms? In main they have grown up together, constantly influencing each other. But in this partnership the nature of the language is the factor that limits free plasticity and rigidifies channels of development in the more autocratic way. This is because a language is a system, not just an assemblage of norms. Large systemic outlines can change to something really new only very slowly, while many other cultural innovations are made with comparative quickness. (Whorf 1941: 91)

Kor som er, det var ingen som nytta utprøvande arbeidsmåtar og som gjekk desse forskarane etter i saumane, so då kunde ordsifti lett verta avviste som fåfengde påfunn. Dei vart gjorde til lått, serskilt i krinsane kring Noam Chomsky. I desse krinsane lagde dei vinn på lingvistiske universalialia, og dei stræva i det endeause med å forklåra alle skilnader millom språk som ulike utval av binære valalternativ som bygde på eit sett av dei same universelle reglane. Um ein ser på grammatikken åt eit serskilt språk som utgangsprодукtet frå ein prosess som byggjer på binære valalternativ, då vert det naturlegt nok usannsynleg og beint fram uråd å tala um at ulike språk uttrykkjer ulike måtar å forstå verdi på.

Frode Jens Strømnes, tidlegare psykologiprofessor ved Universitetet i Tromsø, var ein av dei fyrste granskarane som tok til med å røkja etter og gjera

røyne som viste tilhøvet millom sansing, språk og åtferd. Strømnes tok utgangspunkt i åtgåingar og røyne som han sjølv og forskingsfelagane hans hadde gjort på slutten av seksti-talet. På dette grunnlaget formulerte han ein ny teori um symbolsystem, der språket berre er eitt døme. Denne teorien impliserar - og forklarar soleides - at det finst eit samband millom sansing, språkstruktur, tankar og åtferd, og vidare at språkstrukturen beinveges formar sansingi og tenkjingi, og soleides umveges åtferdi (Strømnes 2006).

Eg skal fyrst gjeva ein stutt gjennomgang av dei teoretiske hovudpunkti, og so skal eg taka fyre meg dei mest sakssvarande eksperimenti og etterrøkjingane:

Symbolsystem, der språk berre er eitt døme, verkar med di dei gjer seg nytte av tvo ulike einingar, addressor og homeomorfske modellar. Addressone i eit naturleg tungemål er til dømes, ord, stykke av ord, og ordsamanstellingar. Addressor hev ei form. På grunnlag av formi viser addressa til ein stad i ei lagringseining. Ei addressa i eit naturlegt språk syner til dømes til ein stad i heilen. På denne staden vert kunnskap lagra: Homeomorfske modellar i heilen vert kalla mentale modellar.

Mentale modellar er lekamlege. Dei vert opererte i samsvar med romlege reglar i ei rømd for mentale modellar. Ulike symbolsystem, til dømes ulike språk, kann ha ulike mentale modellar og ulike romlege reglar.

Eit ord fortel heilen at han skal finna fram ein mental modell og bringa honom inn i ei rømd for mentale modellar. Ei setning fortel heilen korleis ei rad ulike men-

tale modellar skal setjast i hop til ein meir umfangsrik modell. Til dette fyremålet inneheld setningi element som adresserar operasjonar. Addressor av dette slaget vert kalla for (grammatiske) operatorar.

Tenkjing er ein prosess som gjeng ut på å setja i hop mentale modellar i ei rømd for mentale modellar.

I ein serie med eksperiment hev Strømnes synt at kjernen av teorien hans, og implikasjonane frå denne, lyt vera rette.

Viktugast er det at han i ei rad eksperiment, publiserte i 1973 og 1974, kunde syna med stutfilmsekvensar at han hadde funne den generelle mentale modellen for dei finske kasusi og dei svenske preposisjonane, og at den mentale modellrømdi åt dei finske kasusoperatorane er tvo-dimensjonal, og det er ulikt kor lenge operatorane varar. Dei styrer tilhøvet millom yttergrensone åt tvo former. Det er ein flokelaus topologisk geometri. Rømdi åt dei svenske preposisjonane er tridimensjonal og operatorane varar like lenge. Operasjonane styrer korleis ei eining flytjer seg i høve til ein tridimensjonal lekam. Det er eit Flokelaust vektorsystem.

Uppfylgjingseksperiment og etterrøkjingar synte at finsktalande og svensktalande modellerar situasjonar og arbeidssuppgåvor på ymsande måtar, melder frå um dei på ymsande måtar, evaluerar dei ymist, og gjer framlegg um ulike løysingar, og skilnadene korrelerar med skilnader i språkstruktur. Endå eit studum synte skilnader - framleis med korrelasjon til skilnader i språkstruktur - millom den romlege strukturen i finske og skandinaviske filmversjonar av dei same fire skodespeli - Onkel Vanya av Chekhov, Et dukkehjem og Vildanden av Ibsen og Tartuffe av Molière. Eitt eksperiment synte skilnader i augerørslone åt finsktalande og svensktalande menn og kvinnor medan dei såg på utdrag frå TV-filmar. Og i endå eit studium kunde Strømnes og felagane hans både spå og ettervisa ein stor skilnad i umfanget av arbeidsulukker millom finsktalande og svensktalande arbeidarar. Arbeidarane var like med umsyn til alle andre sakssvarande variablar som det let seg gjera å ettervisa, burtsett frå når det galdt morsmålet.

Slik hev Strømnes demonstrert med eksperiment at det eksisterer ei rømd for mentale modellar, og at ulike språk - i dette høvet finsk og svensk - kann ha heilt ulike mentale modellrømdar og heilt ulike

romlege reglar. Og han fann klåre korrelasjonar millom skilnader i strukturen åt finsk og svensk og skilnader i sansing, tankegang og åtferd millom finsktalande og svensktalande. Språkstrukturane speglar av eigenskapane åt den mentale modellrømdi i finsk og svensk, og som me kjem til å sjå so gjev slike klåre samsvar grunn til tru at det finst ein indre samanheng millom språkstruktur på den eine sida og sansing, tankegang og åtferd på den andre sida.

Um ein tuftar grammatikken på denne forståingi, so kann grammatikken åt eit språk grunnleggjande kjennteiknast og vilkårsbindast til den mentale modellrømdi som dette språket hev, i minsto lyt han samsvara med desse vilkåri eller kjenneteikni - slik som storleiksformene i språket, den serskilde måten å framhevja ting på, rørslone inne i rømdi og kor lenge rørslone varar, dei moglege skilnadene, dei moglege operasjonane, osv. Den grunnleggjande forståingi av grammatikken åt eit språk kann verta betra med dei innsynene som George Lakoff/Mark Johnson kom til i 1980 (det er stadfest noko på veg gjenom røyne av Matthew S. McGlone/Jennifer L. Harding (1998) og Lera Boroditsky (2000)) at det menneskelege forståingssystemet er strukturert kring eit lite sett av grunnleggjande konsept som kjem rett ut or lekamelege røynslor. Alle andre konsept vert skyna og strukturerte gjenom metaforiske tilskipingar utfrå dette settet av grunnleggjande eksperimentelle konsept. Det heiter seg at settet av mentale modellar i eit språk, og oppbyggnaden av reglar for mental modellering, er metaforisk strukturert, på måtar som er litt ulike frå språk til språk.

Denne måten å tenkja seg språkstruktur samsvarar med dei nevrle forklaringane som vart gjevne av Lakoff i 2008, og dessutan av Lakoff endå ein gong 2012 - med eit viktugt undantak som gjeld det som vert kalla for cogs (cognitive primitives). Dette er "universelle kognitive strukturar, som anten er der frå fødselen av eller vert utvikla sers tidlegt", fortel Lakoff (2012:6). Etter mitt syn treng dette punktet meir etterrøkjing.

På grunnlag av teorien til Strømnes, med Lakoff/Johnson, so kann me beinveges spå og forklåra slike funn som dei som vart avdekte i etterrøkjingar og eksperiment som vart gjorde frå åttitalet av og frametter:

I 1982 avdekte Alexander Guiora, Benjamin Beit-Hallahmi, Risto Fried og

Cecelia Yoder at det finst "a relationship between the amount of sex-determined gender and the average age of attaining gender identity in children, in a specific linguistic environment" (p. 292). Dei jamførde born som voks upp med finsk, med engelsk og med hebraisk som morsmål. Den kynsstyrde grammatiske "kynslastingi" åt desse språki ymsar frå mest null i finsk og sers lite i engelsk til sers høgt i hebraisk. Det hebraiske utvalet når og gjeng forbi 50% suksess, godt framfor både det engelske og det finske utvalet. Skilnaden er på mest eit heilt år.

Vidare so finst det endå fleire prov som underbyggjer at det lyt vera lingvistiske og ikkje språklege skilnader som er årsak til den verknaden som vart påvist:

In the Finnish portion of [the] study, Swedish-speaking Finns [were] compared with Finnish-speaking Finns. Even though the socio-cultural environments are similar for these two subgroups the difference in gender-loading is pronounced, with Swedish more approximating English. The results were in the expected direction with Swedish-speaking Finns scoring better in the [test] than Finnish-speaking Finns. These results [were] all the more impressive when one considers that in follow-up questionnaires, given to both subgroups, it was found that attitudinal and behavioral sex-role stereotyping differences between the two groups would have favored earlier gender identity attainment for the Finnish-speaking Finns. In fact, it [was] the other way around (Guiora 1983: 234).

Stephen C. Levinson hev granska tverrspråklege skilnader i romleg tenkjing. I 1996 publiserte han eit studium som jamførde maya-språket Tenejapa-Tzeltal med nederlandsk. Hypotesen var at: Dei som talar eit språk med ei serskilt rådrik referanseråma nyttar den same referanseråma i ikkje-verbale arbeidssuppgåvor.

[He] seated the experimental subject before a table, on which a row of well-known objects was placed in full view before them. The participant was asked to inspect the row, and then to rise, turn around and sit at a similar table, oriented at an angle of 180° in comparison with the first one[, and then to arrange the objects on this table "in the same order" as on the first one]. The experiment revealed that [Tzeltal-speaking people] solve this task [differently from speakers of Dutch. Tzeltal-speaking] people order the row according to its relation to the

cardinal directions [north and south etc.; Dutch-speaking people order the row in relation to left and right, that is, in relation to their own body] (quoted from Strømnes 2006: 24).

Resultati var uvanleg klåre, til studnad for hypotesen.

Når ein nyttar sidor (aspekt) ved det eksperimentelle domenet TID, kann dei verta skyna og strukturerte gjennom metaforiske tilskipingar frå det eksperimentelle domenet ROM. McGlone and Harding (1998) synte at um tid-rom-metaforar skil seg frå ein annan, so gjer folk sine tankar um tidi det same. Engelsk hev tvo sett av tid-rom-metaforar: den eine der einingar flytjer seg mot deg og fer forbi deg, den andre der tider er lokasjonar langs ein veg og du flytjer deg mot dei. Soleides kann setningi *Next Wednesday's meeting has been advanced by two days* anten tyda at møtet skal haldast på måndag eller det kann tyda at møtet skal haldast på fredag. McGlone og Harding sette forsøkspersonane inn i anten ein tidsflytjande eller ein personflytjande kontekst og bad deim dinæst um å tolka setningar slik som den som nyss vart herma. Forsøkspersonane tenderte heilt klårt mot å tolka dei fleirtydige setningane i samsvar med den metaforen dei hadde vorte utstyrde med.

Boroditsky (og samarbeidspartnarar) hev med ei rad eksperiment synt - millom andre ting - at:

- “[s]patial metaphors can provide relational structure to those aspects of time where the structure may not be obvious from world experience” (Boroditsky 2001: 20; about Boroditsky 2000);

- *changing how people talk about time changes how they think about it:*

English and Mandarin talk about time differently – English predominantly talks about time as if it were horizontal, while Mandarin also commonly describes time as vertical. This difference between the two languages is reflected in the way their speakers think about time ... In [an] experiment native English speakers were taught to talk about time using vertical spatial terms in a way similar to Mandarin. On a subsequent test, this group of English speakers showed the same bias to think about time vertically as was observed with Mandarin speakers (Boroditsky 2001: 1);

- *“it is not sensorimotor spatial experience per se that influences people’s thinking about time, but rather people’s representations of and thinking about their spatial experience”*

(Boroditsky/Ramscar 2002: 185);

- *“even the subtlest instantiation of a metaphor (via a single word) can have a powerful influence over how people attempt to solve ... problems ... and how they gather information to make ... decisions” (Thibodeau/Boroditsky 2011:*

1). In five experiments “participants were presented with a survey that included a short paragraph about crime in the fictional city of Addison ... The survey ... always contrasted a crime-as-virus framing with a crime-as-beast framing” (ibid.: 3). It was found that different metaphorical frames created differences in opinion “that are larger, for example, than pre-existing differences in opinion between Democrats and Republicans” (ibid.: 1).

Nylegt hev Franziska Günther, Hermann Müller, Hans-Jörg Schmid, og Thomas Geyer synt at det er skilnader i måten engelsktalande og tysktalande set i hop romlege scenor. Forfattarane baserte etterrøkingane sine på den kjensgjerningi at den engelske setningi

The bottle is on the front right hand side (on the table)

hev tvo ulike umsetjingar til tysk:

Die Flasche ist auf der vorderen rechten Seite (auf dem Tisch).

Die Flasche ist vorne rechts (auf dem Tisch).

Dei argumenterar for at uttrykki funne i den engelske setningi og den fyrste tyske setningi er objekt-fokusert, medan uttrykki av det slaget som er funne i den siste tyske setningi er rom-fokusert.

“In a first investigation they found that German speakers generally prefer construing this type of spatial relation between entities in a space-focused manner, whereas English speakers do so in a more object-focused manner. In a follow-up experiment they found clear correlations between the observed differences in preferred linguistic construal and performances in related nonverbal tasks, testing perception and memory” (Günther et al. 2012).

Når me oppsummerar, so ser me at grantskarane dei siste tiåri hev demonstrert tydeleg og uomtvisteleg at skilnader i språkstruktur - på eit heilt slående detaljnivå, jf Günther - kann samsvara (korrelera) med tverrspråkelege skilnader i kognisjon. Språkstrukturar og kognisjon er difor ymsesidigt avhengige av einannan. Dei strukturelle kategoriane omfattar på den eine sida kasus, preposisjonar, referanseråma, syntaktiske ihopsetjingar som skal til um ein vil uttrykkja romlege

relasjonar millom einingar (attributt vs adverbial), kyn. Dette er kategoriar som for det meste speglar av eigenskapane for rømdi åt dei mentale modellane og som skildrar operasjonar inne i henne, alto korleis sjå eller oppliva, og operera på, einingar, handlingar, hendingar, osb., i den mentale modellrømdi åt det språket det gjeld. Dei speglar dessutan av den metaforiske struktureringi av språket, som på den same måten stakar ut ein særskild måte å røyna ting på (mål-domenet).

Teorien til Strømnes kann, slik me såg ovanfor, rika upp av teorien åt Lakoff og Johnson, både spå og forklåra slike funn. Det gjer det dessutan moglegt å koma til eit svar på spørsmålet um kva veg påverknaden gjeng? Altso, er det slik at skilnaden i språkstruktur skaper skilnad i kognisjon, eller er det umvendt?

Me veit alle kor mykje åtferd og kultur påverkar språket, mest openbertt er det når det kjem til uttala og ordval. Kor som er, teorien åt Strømnes (med Lakoff/Johnson) fortel oss at påverknaden gjeng hin vegen med. Ut frå denne forståingi so er språkstrukturen, alto den grammatiske strukturen og den metaforiske struktureringi, noko som til ein viss grad speglar att eigenskapane åt den mentale modellrømdi som høyrer dette språksamfundet til - dimensjonane, orienteringi, den serskilte måten å framhevja ting, dei moglege skilnadene, relasjonane, og operasjonane, og so burtetter. Å læra eit språk, med den strukturen som høyrer dette språket til, er soleides å læra seg ein særskild måte å sjå ting på, røyna ting, strukturera ting; og denne måten å røyna og strukturera ligg til grunn for og formar sansingi. For det er slik at “the brain does not wield ‘absolute’ perception. [It] orders the messages from the sense organs according to a way of modelling that it has learnt. It perceives that which complies with the geometry it knows” (Strømnes 2006: 68).

Og sidan det å læra eit språk dessutan inneber å byggja upp ei mental modellrømd i samsvar med strukturen åt det språket som det gjeld, so vert språkstrukturen nøydd til å leggja grunnlaget for tenkjingi med - tenkjingi er ein byggjeprosess med mentale modellar i ei rømd for mentale modellar. Og tenkjingi legg vidare grunnlaget for åtferd og kulturelle uttrykk, måvita.

Og som tidlegare nemnt, denne implikasjonen av teorien hev vorte stadfest eksperimentelt: Boroditsky (2001) og Thibodeau/Boroditsky (2011) demonstrerte at det å skifta eit element i språk-

strukturen endrar korleis folk tenkjer.

Dette vil segja, heilt stutt, at ulike språk - med ulike strukturar - målber ulike nevralt program, ulik "programvara" for kognisjonen. "Maskinvara", den fysiske utrusting i vår, er fastlæst genetisk; "programvara" fær me langt på veg tileigna oss når me lærer oss morsmålet vårt. Det er vanskelegt å tenkja seg eit betre argument for å halda uppe og taka vare på dei tallause ulike språki i vardi: Dei målber alle ulike nevralt program for kognisjonen. Me treng dei alle. Og strukturen åt språket, den detaljerte grammatiske og metaforiske strukturen, det er lykjelen til desse nevralt programmi.

Litteratur

Boroditsky, Lera (2000), "Metaphoric Structuring: Understanding Time Through Spatial Metaphors", in:

Cognition, 75, 1-28.

Boroditsky, Lera (2001), "Does Language Shape Thought? Mandarin and English Speakers' Conceptions of

Time", in: Cognitive Psychology, 43, 1-22.

Boroditsky, Lera/Michael Ramscar (2002), "The Roles of Body and Mind in Abstract Thought", in:

Psychological Research, 13 (2), 185-189.

Guiora, Alexander Z. (1983), "Language and Concept Formation: A Cross-Lingual Analysis", in: Behavior

Science Research, 18 (3), 228-256.

Guiora, Alexander Z./Benjamin Beit-Hallahmi/Risto Fried/Cecelia Yoder (1982), "Language Environment and

Gender Identity Attainment", in: Language Learning, 32 (2), 289-304.

Günther, Franziska/Hermann Müller/Hans-Jörg Schmid/Thomas Geyer (2012), "Do German and English

speakers conceptualize spatial scenes differently? The case of vorne rechts (auf dem Tisch) vs. on the front

right hand side (on the table)", lecture given at The 4th UK Cognitive Linguistics Conference, 10-12th July,

London.

Humboldt, Wilhelm von (1973), "Einleitung zum Kawi-Werk. Über die Verschiedenheit des menschlichen

Sprachbaues und ihren Einfluß auf die geistige Entwicklung des Men-



Takk vere Strømnes si forskning på språk og mentale bilæte, so kann me på trygg, vitskapleg grunn gjera Indrebø sine ord til våre: Eit folk kann ikkje fri seg frå den naturi og dei vilkåri som det liver under...

schengeschlechts", in: Wilhelm von Humboldt, Schriften zur Sprache, herausgegeben von Michael Bühler, Philipp Reclam Jun., Stuttgart, 20-207.

Lakoff, George (2008), "The Neural Theory of Metaphor", in: Gibbs, Raymond W. jr.(ed.), The Cambridge

Handbook of Metaphor and Thought, Cambridge University Press, Cambridge etc.

Lakoff, George (2012), "Explaining Embodied Cognition Results". Topics in Cognitive Science, 4, 773-785. doi:

10.1111/j.1756-8765.2012.01222.x

Lakoff, George/Mark Johnson (1980), Metaphors We Live By, University of Chicago Press, Chicago.

Levinson, Stephen C. (1996), "Frames of Reference and Molyneux' Question: Crosslinguistic Evidence", in:

Bloom et al. (ed.), Language and Space, The MIT Press, Cambridge, Massachusetts/London; 109-169.

McGlone, Matthew S./Jennifer L. Harding (1998), "Back (or Forward?) to Future. The Role of Perspective in

Temporal Language Comprehension", in: Journal of Experimental Psychology: Learning, Memory, and Cognition, 24, 1211-1223.

Sapir, Edward (1973), "The Status of Lin-

guistics as a Science", in: Mandelbaum, David G. ed.), Selected

Writings of Edward Sapir in Language, Culture and Personality, University of California Press,

Berkeley/L.A./London, 160-166.

Strømnes, Frode Jens (2006), The Fall of the Word and the Rise of the Mental Model. A Reinterpretation of the

Recent Research on Spatial Cognition and Language, Peter Lang Verlag, F.a.M./Berlin/Bern/Brussel/N.Y./Oxford/Wien.

Thibodeau, Paul H./ Lera Boroditsky (2011), "Metaphors We Think With: The Role of Metaphor in Reasoning",

PLoS ONE 6(2): e16782. doi: 10.1371/journal.pone.0016782, 1-11.

Werner, Oswald (1994), "Sapir-Whorf-Hypothesis", in: Asher et al. (ed.), The Encyclopedia of Language and

Linguistics, vol. 7, Pergamon Press, Oxford/N.Y./Seoul/Tokyo; 3656- 3662.

Whorf, Benjamin Lee (1941), "The Relation of Habitual Thought and Behavior to Language", in: Spier et al.

(ed.), Language, Culture, and Personality. Essays in Memory of Edward Sapir, Sapir Memorial Publication

Fund, Menasha, Wisconsin, 75-93.

Det nasjonale - Eit spursmål um liv eller daude

Av Olav Torheim

*“Ingen er barn av i dag,
du er barn av dei tusen år.
Djupt gjennom lag etter lag
rotene går.”*
(Knut Hauge)

Kvifor er det so viktugt å taka vare på eige språk, på eigen kultur og eigenart? Finst det ikkje viktugare saker for engasjert ungdom å kasta inn kreftene i, som til dømes kampen mot fatigdomen? Lenge stræva eg med å finna eit fullgodt svar på dette, heilt til dess at det gjekk opp for meg at dette spursmålet var å snu ei problemstilling på hovudet.

Som Jon Fosse ein gong svara det då han vart spurd um kvifor han nytta nynorsk: han tykte ikkje han trong å svara på det. Han var no ein gong nynorskbrukar, som fylgja av ei rad ulike historiske og personlege umstende, og han upplivde det snarare slik at dei æreminka dei som vilde ha han til å grunngeva sin eigen tilværerett.

Idèane fyrst, deretter alt det andre

Norskdomsrørsla hev alltid vore ei idèrørsla. Den dagen ideane me stend for vert underordna kvardagslege nytteumsyn, den dagen hev me tapt. Og når ein ser på den prinsipløysa som hev rådd grunnen i målrørsla dei seinaste tiåri, so er det slående kor snøgt samanbrotet hev kome, både for nynorsk skulemål i randsonone og for den ihopskipa målrørsla som ein gong var der.

Me må alltid halda fast på at språket og kulturen vår hev verde i seg sjølv. Språket og kulturen er arven frå forfedrane våre, det høyrer til oss, det hev vore med på å gjera oss til det folket me er, til dei menneski me er - og soleides hev det eigenverde nett slik som me hev menneskeverde. Det er vårt tilskot til heile mangfeldet i verdi, eit tilskot millom mange andre av ymise slags måtar å liva og uppliva verdi på, og dette mangfeldet kann ikkje verdsetjast i pengar eller tinglege verdjar.

Ordskiftet um nynorsk og sidemål hev altfor ofte vorte minka ned til eit spursmål um nynorsken sin nytteverdi, og kva det kostar i kronor og øyre å få undervisning og skilting på nynorsk. Men jamvel um nokon skulde greida å koma upp med ein rekneskap som syner at nynorsk var bra for norsk økonomi, so vilde eg vera mistruen til å ganga inn i ordskiftet på dette grunnlaget. Me må alltid halda fast ved at vinningi med det norske målet er på eit andelegt og kulturelt plan. For det økonomiske og materielle må alltid vera til for



17. mai på Salhus, ein av nynorskkrinsane i Bergen.

å tena det andelege og kulturelle, ikkje umvendt.

Skal ein vinna fram med ei sak i lengdi, må ein aldri slutta å halda seg til grunnsetningane. Eg skal taka eit døme frå eit heilt anna felt: For nokre år sidan rota barneumbodet seg inn i eit ordskifte um lekamleg straff var bra eller dårleg for den mentale helsa til borni. Barneumbodet meinte det let seg ettervisa vitskaplegt at born tok skade av lekamleg straff, men kvifor skulde han i det heile gjeva seg inn i ordskiftet på eit slikt grunnlag? Enn um det dukka upp einkvan som kunde slå i bordet med ei etterrøkjing som slo fast at slike skadar ikkje let seg påvisa, skulde barneumbodet då skifta syn og slå fast at lekamleg straffing av born var heilt i orden? Nei, den rette tilnærmingi hadde vore at ein heilt frå byrjingi av argumenterte prinsipielt med at born hadde det same kravet på rettsvern som det vaksne hadde. So lenge ein ikkje kann straffa vaksne fysisk, skal ein helder ikkje kunna gjera det med born. Det hadde vore ein argumentasjon som stod på eigne føter, og som ikkje kunde verta velta um 1, 10 eller 100 år av den eine eller andre forskingsrapporten.

Èi grunnleggjande læresetning: Me vil liva!

Hev du nokon gong freista hjelpa nokon med skulearbeidet deira, men til ingen nytte av di denne personen ikkje var interessert i å gjera nokon innsats sjølv? Um eit folk skal kunna yverliva, so er fyresetnaden at dette folket faktisk sjølv ynskjer å vera til. Men ynskjer det norske folket vårt å liva? Ynskjer folk flest i dag at det i framtid med skal finnast slike som oss?

Millom målfolk finn ein gjerne det huglaget at sjølv ynskjer ein å få skriva sin eigen nynorsk so lenge ein liver, men at

ungane byrjar tala bymål og byrjar i bokmålsklassa - ja, det er no berre den naturlege utviklingi det. Dei tragiske utslagi av denne tankegangen ser ein i våre dagar ikkje minst i dei gamle nynorsk kommunane kring Bergen.

I gamle dagar var det sjølv sagt at eit samfund heldt seg med eit sams språk, med ein sams kultur, med sams grunnleggjande verdjar. Kva slags verdjar eit samfund skulde stå for var soleides grunnleggjande politiske spursmål, og kampen for det norske målet var ei politisk sak som sette sterke kjenslor i sving på bae sidor. Målreisingi var ei folkereising.

Når ein i våre dagar freistar å tala um at me hev fenge eit fleirkulturelt samfund, so hev dette til fyresetnad at det som i utgangspunktet var politiske verdjar er vortne privatiserte. I målspursmålet ser ein dette tydelegast: I ålmenta skal “språkfreden” herska. Tidlegare stod ein saman um å driva med måldyrking og å få det norske fram på nye felt. I dag er det upp til kvar og ein um ein vil nytta norskt mål og i kor stor mun, kvar og ein skal skriva som det kjennest “naturlegt”. Og å stella krav til målbruken åt folk vert avvist som utidig moralisering.

1968-generasjonen: Ein kultur av daude

Dei fleste menneske ynskjer seg at det er ein slags samheng i livet. At det ein driv med på eitt umkverve kann koma til nytte på eit anna. Ein er ikkje berre på arbeid for å tena pengar, men for å knyta kontaktar som kann koma til nytte utanfor arbeidstidi med. Ein driv ikkje berre med trening for å halda seg i form, men for å verta betre disiplinert til å halda ut med dei mest mangslungne arbeidsoppgåvor. Idealet er at alt det ein driv på med skal vera med på å utvikle ein som person i den leidi ein stemnar mot. Sjølvrealisering vert det kalla i våre individfokusererte tider, og er ein ikkje komen langt nok i tide, so melder 40-årskrisa seg..

Ein kann få vita mykje um eit samfund berre med å sjå på kva slags tabu dette samfundet held seg med. Dei seinaste 40-50 åri er stødt fleire tabu kring sex vortne brotne ned. Samstundes hev dauden vorte det nye tabuet. Helst skal ein vera 25 år heile livet og stødt ha tilgang til nok sex, skal ein tru det ein les i vikeblad og laussalsavisor. Kvar gong eit rundt tal nærmar seg, melder uroi seg. Uroi for å verta gamal og uattraktiv. Uroi for at ein gong er det slutt.

Dette er det grunnleggjande problemet som individualismen råkar på: Mennesket skal ein gong døy. Um einskildmennesket

ikkje er til for noko anna enn seg sjølv, so er det til sjuande og sist ikkje til for noko.

I gamle dagar innsåg ein at det var grensor for det ein kunde få til i dette livet. Visst kunde ein ha høge hugmål for seg sjølv, men desse var det kanskje tanken at born eller barneborn ein gong skulde nå fram til. Ein gard skulde til dømes etterlatast i ein betre stand enn det ein sjølv tok yver. "Tytebæret oppå tuva" av Aasmund Olavsson Vinje illustrerar dette huglaget. Å realisera seg sjølv, å verta eit moge menneske, det var til sjuande og sist å kunna gjeva seg sjølv for noko større.

Og her kjem eg til poenget: Same kor mykje folk strevar for å skapa ein samanheng i livet sitt, so kjem dei likevel ingen veg dersom det einast skal handla um dei sjølv. Ikkje berre treng ein samanheng i sitt eige liv, ein treng at livet gjeng inn ein større samanheng.

Når det ein gong var so mange tabu kring sex, so var det av di seksualiteten var ei kraft som skulde temjast, til å tena livet, knyta menneske saman, byggja ein familie som gjeng vidare enn til berre denne ættleden. Ikkje berre noko som skulde vera til litt moro for den einskilde, utan at det fekk nokon fylgjor. Individet hev si tilmælte tid på denne jordi fyre det gjeng til grunne, men livet gjeng vidare. Lovene i fysikken og i termodynamikken er slik at døden heile tidi trengjer seg på, men i fødselen hender det mirakelet som gjer at livet heile tidi kann atterskapa seg sjølv og sigra yver dauden.

I våre dagar hev me fenge både p-pillor og fri abort, og ekteskapet og kjernefamilien er skift ut med seriemonogami og homoekteskap. Statistikken talar sitt tydelege språk: Kvinnor i Europa fær ikkje born lenger. Det vert sagt at 68-generasjonen og individualismen deira skulde vera so frigjerande, so full av livsgleda. Men i røyndi er det ein kultur av daude, det som dei hev skapt. Ein kultur som langsamt let folket vårt døy ut, både fysisk og kulturelt.

Og kvar vert det i dag av garden som skulde etterlatast i betre stand til neste ættled? Dei som skal arva 68-generasjonen oppliver gjerne til si yverrasking at huset, det er det banken som tek. Sume trudde kanskje at huslånet hadde vorte nedbetalt for lenge sidan, men ein ny trend millom pensjonistar er at huset vert sett i pant for å finansiera ein ny runde med reising verdi rundt...

Det nasjonale er svaret

Det er her nasjonalismen kjem inn i bilætet: Tanken um at alle dei ulike personane og gruppone i eit samfund ikkje berre er til for seg sjølv, dei stend saman for å tena noko større: tena ein ide.

Liberalismen let kvart menneske verta standande att åleine, medan sosialismen set grupper i samfundet opp mot kvarandre.

Liberalismen trur at det er marknadskreftene som skal skapa eit betre og meir utjamna samfund heilt av seg sjølv, medan sosialismen trur at eit idealsamfund skal reisa seg berre motsetnadene millom grupper i samfundet fær byggja seg opp til eit slikt nivå at den eine gruppa kann taka makti og utsletta alle dei hine.

Og anten det er marknadskrefter eller produktivkrefter som presser seg fram som det drivande i soga, so kann ein slå fast at det hjå båe ideologiane til sjuande og sist sviv seg einast um det reint materielle...

Um ikkje dette var nok, so førde utgangen på den kalde krigen til ein slags syntese av desse tvo ideologiane som opphavlegt vart sagde å vera motstridande. Me hev fenge ein laussleppt liberalisme på det økonomiske umkvrevet og ein moralsk nedbrytande marxisme på det kulturelle umkvrevet. Med andre ord det verste frå båe tvo...

Den nasjonale tanken gjeng på tvers av alt dette. Han segjer at nei, liberalistar, me stend ikkje åleine, me er alle fødte inn i ein samanheng. Og nei, sosialistar, dei ulike gruppone i samfundet ligg ikkje i vedvarande konflikt med kvarandre, dei treng kvarandre og utfyller kvarandre.

Nasjonalismen er i vår tid vorten åleine um å ha denne tilnærmingi, men slik hev det ikkje alltid vore. I gamal tid var den nasjonale tanken tvert imot so einerådande at han var sjølvsagd. Å vera tjodlynd var like naturlegt som å pusta og å tala morsmålet sitt, og det same um ein var frå Ørsta eller Ulan Bator. For i motsetnad til kunstige og moderne ovringar som sosialisme og liberalisme, so er ikkje nasjonalismen nokon ideologi. Han er ein doktrine, ei grunnsetjing, som segjer at det å verna um sine næraste og sitt eige folk, det kjem fyre alt det andre.

Eit stabilt samfund kann ikkje lata seg atomisera, korkje på individnivå eller på gruppenivå. Då gjeng det fyrr eller seinare i oppløysing av seg sjølv eller konfliktrar fører til at det vert rive i filler. Eit samfund som skal verta varande må vera organisk. Det treng å verta tufta på noko samlande.

Det er difor ikkje slik at det å vera tjodlynd i eit moderne samfund skulde vera noko avaldra eller moralsk problematisk. Tvert imot, ein uppegåande person som hev sett og gjennomskoda dei kreftene som bryt ned samfundet og kulturen vår, han kann ikkje vera noko anna enn tjodlynd.

So kva kann ein gjera då? Norskdomsrørsla i dag er veik og me hev ikkje so mange av verdsens vindar med oss. Kor som er, det er

nett av di me er so fåe at me helder ikkje treng å verta so mange fleire fyre me alt hev gjort ein skilnad! Det skal ikkje so mykje til fyre me alt hadde greidd å markert oss og fenge sett ein dagsetel. Å verta høgnorskaktivist er å få høvet til å setja eit varande fotavtrykk i soga. Å vera bokmålsbrukar gjer derimot ingenting til eller frå. For bokmålet hev ingen aktivistar, berre ein stor og sovande majoritet av likesæle menneske...

Det du og eg kann gjera i dag er sers enkelt: Bruk norskt mål i skrift og tala! Du treng ikkje å tala normalisert norsk, men bruk norske merke-ord so ofte du kann. Kall landet vårt Noreg! Jamvel um talemålet ditt elles er aldri so utvatna, um du so kjem frå Oslo eller Drammen, so syner du berre med eit so lite ord at du er ein person som aktivt tek stoda for det norske målet og ikkje berre er ein som "talar dialekten sin", utan å ha tenkt noko nærare um kvifor. Kvar gong nokon vågar å gjera dette, so vinn me ein liten siger.

Hald deg med bøker og blad på godt norskt mål! Um du ikkje hev tid til å gjera noko sjølv, so hev du i alle fall ein slant pengar som du kann gjeva burt til dei som vel å gjera ein innsats, men som kanskje ikkje hev nok midlar til å få gjeva ut den boki som dei nett no held på med. Ikkje set ungane dine framfor TV'en, men bruk kveldane til å lesa nokre gode bøker åt dei! Dei beste bøkene finn du på antikvariat, men um interessa tek seg opp, so må det kunna prentast opp nye.

Bruk klede med norskdomsvenleg bodskap! Og kjøp norsk brus frå Lerum i staden for anglonorsk bokmålsbrus frå Coca Cola, um eg skal gjeva døme på korleis du kann nytta forbrukarmakti di til å sleppa det norske fram. Vis med alle dei småe vali som du gjer i kvardagen at du stend for noko som stikk litt djupare. Slik kann du gjera noko lite til noko stort!

Eg byrja med å visa til eit dikt av Knut Hauge, og eg vil gjerne avslutta med det som eg meiner er essensen i dette diktet. Du og eg, me er ikkje her berre i dag, ikkje berre i dette livet. Me hev vore her i minst tusund år, og me kann framleis vera her i tusund år til. Det er opp til oss. Når me vel å strida for vår eigen kultur, vårt eige språk, vår eigen identitet, so spring dette ut or noko som burde vera sjølvsagt for alle menneske: Me ynskjer å vera til. Ikkje berre i dag, men jamvel i morgon. Eit folk som er medvitne um dette er liv laga. Eit folk som hev gløymt dette, det hev alt lagt seg ned for å døy.

Gakk difor ut og tak striden for norskt mål og kultur. Der det finst ein vilje, finst det alltid ein veg.

Strømmens konspiranoia utan ein tråd

Av Olav Torheim

Øyvind Strømmen var eit namn som dei færraste kjende til fyre 22. juli 2011. Etter den tid hev kringkastingi lyft Øyvind Strømmen fram og gjord han til ein slags serskild fagkunnig når han vert spurd ut um saker kring høgreekstremisme, fascisme og nazisme. Kva han skulde ha gjort som skulde ha gjort honom til ein serskild fagkunnig er eit ope spørsmål for mange, og eg var ihuga etter å lesa boki hans, «Den sorte tråden – Europeisk høyreradikalisme fra 1920 til i dag». Eg trong ikkje lesa lenge fyre eg såg at Strømmen let seg kveikja av politiske meiningar og ikkje av faglege yversynar.

Bloggaren og aktivisten som i media vart til ekspert og autoritet

På vaskesetelen åt «Den sorte tråden» heiter det at «Strømmen har tross sin unge alder (33 år, min merknad) allerede markert seg som en av de aller fremste autoritetene på sitt felt. [...] Med Den sorte tråden legger han neste sten i det som tegner til å bli et langt og viktig forfatter-skap.»

Det bør fyrst som sist gjerast klårt at Øyvind Strømmen ikkje hev nokon som helst slags faglege fyresetnader som gjer honom til ein «autoritet» på høgreekstremisme eller fascisme. Sjølv kallar han seg for «halvstudert religionsvitar» (Kjelda: Facebook-posting frå Strømmen sin eigen offentlege profil, 22. desember 2013). Han hev etter eigi utsegn vore verksam i det belgiske partiet Groen, eit parti som til liks med resten av den «grøne» rørsle i Europa stend for ein ultraliberalistisk politikk når det kjem til innvandringspolitikk, familie-



Øyvind Strømmen



og verdspursmål (Kjelda: <http://hordaland.mdg.no/2010/08/%C3%B8yvind-str%C3%B8mmen/>). Når ein er mot både forbruks- og folketalsvokster i Vesten og samstundes er for fri innvandring, kjem ein snøgt til ein tankekross, men eg let den sida liggja, for ho høyrer ikkje hit.

Øyvind Strømmen debuterte rett etter 22. juli med boki «Det mørke nettet», ei bok som han sjølv umtala som ei politisk bok. I eit intervju med «Journalisten» slær han fast med tri ord at det er ein klår politisk dagsetel attum skribentverksemd hans: «Du veit, «know your enemy» (Kjelda: «Ekstremistjournalisten», Journalisten 11.11.2011, <http://www.journalisten.no/node/36127>). Strømmen er difor skuldlaus i å nemna seg sjølv ut til serskild fagkunnig eller autoritet, når han sjølv i røyndi er ein politisk aktør. Det er norske kringkastings- og forlagsfolk åleine som hev gjort seg til talsmenn for denne utnemningi. Ein kritisk lesar lyt spyra seg, kvifor...

Jamvel utan å ha lese idèhistorie på universitetet, so er det fullt råd for ein lekmann å skriva godt um ideologi. Men det fyreset at ein ikkje freistar å måta det faglege lendet etter eit ideologisk farga kart, der sluttsatsen alt er skriven inn i tite-len. Strømmen hev eit ideologisk prosjekt, og forfatterskapen hans skal underbyggja det, prosjektet ser ut til å vera å teikna upp eit kart med politiske påstandar, og kartet skal visa umveges at ein finn eit løynt samband millom alt og alle som er til høgre for partiet Høgre. Tenkjer du utanfor høgrevinstre-blokki, og meiner at motsetnaden millom borgarlegt og sosialistisk frå Raudt

til Høgre ikkje er god nok til å fanga upp røynelege tilhøve i samfundet, då stend du for noko som er tvilsamt og ytterleg-gåande. Du ber på ei arvesynd som gjer deg ideologisk medskuldig i brotsverk mot manneætti. Slik vert vegen stutt til Holocaust, massebordet på Utøyi og utrydning av andre folkegrupper. Alt dette um ein skal fylgja framstillingi åt Strømmen.

Politisk analyse etter innfallsmetoden

Den nye boki til Strømmen, «Den sorte tråden», er på heile 426 sidor. Boki er fylld med utgreidingar um ymse slags «høgreradikale» personar og grupper i Europa, sume i fortid og andre i notid, men utan nokon klår kronologi eller oppbygning. For å finna det som til sjuande og sist skal vera «den sorte tråden» gjennom boki, må ein gå til epilogen. Men her fær ein endelegt reine ord for pengane:

«I denne boken har jeg forsøkt å vise den sorte tråden som kveiler seg gjennom europeisk historie. Det er en tråd som inkluderer nyorganisering etter andre verdenskrig, nye partier i tiårene som fulgte, den ideologiske nyorienteringen gjennom nouvelle droite-bevegelsen og – i nyere tid – en vending fra jødehat til innvandrerfrykt og muslimhat.»

Det franske nye høgre, ei gruppa unge franske filosofar som vart verksame på 1960- og 1970-talet med kritikk av demokratiet og likskapsamfundet, ser soleides ut til å vera ein sentral bindelekk i det som skal vera ein svart tråd i den europeiske etterkrigssoga. Det er difor til å undrast yver at stikkordlista i boki ikkje hev eit einaste oppslag med «nouvelle droite» - og helder ikkje eit einaste oppslag på namnet Alain de Benoist, som var den sentrale tenkjaren i det nye høgre i Frankrike. Ein lyt blada på måfå gjennom den 426 sidor lange boki fyre ein til slutt finn ein 12 sidor lang bolck som er meint å taka fyre seg det nye høgre i Frankrike («Drømmen om en gullalder»), men i denne bolcken sviv det seg framfor alt um ei rad andre personar og grupper som Strømmen freistar å kopla ihop med det nye høgre i Frankrike. Mindre enn tri prosent av boki er soleides tileigna det som skal vera den sentrale bindelekken i den svarte tråden. Kor som er, me skynar at dette lyt vera nokre sers viktuge prosent, elles heng arbeidet åt Strømmen i ein ret-telegt tunn tråd...

Konspirasjonsteori: Det franske nye høgre, nazisme og fascisme i ny innpakning?

Øyvind Strømmen vaktar seg vel for å seigia dette ende ut, samstundes er det nett dette bilætet som lesarane sit att med etter å ha lese gjennom dei tolv sidone som han hev ofra på det franske nye høgre.

Um ein skulde byrja med å søkja etter røtene for det franske nye høgre, hadde det vore naturlegt å byrja i Frankrike sjølv: I Frankrike finst det ein lang intellektuell motrevolusjonær tradisjon, heilt attende til 1789. Det er eit framhald heile vegen som gjeng frå katolske tenkjarar som Joseph De Maistre og monarkistar som Charles Maurras og vidare fram til Alain de Benoist og det som skulde verta det franske nye høgre. I Wikipedia-artikkelen um Alain de Benoist heiter det elles at "[h]is influences include Antonio Gramsci, Ernst Jünger, Anthony Ludovici, Jean Baudrillard, Georges Dumézil, Ernest Renan, José Ortega y Gasset, Vilfredo Pareto, Guy Debord, Arnold Gehlen, Stéphane Lupasco, Helmut Schelsky, Konrad Lorenz, the German Conservative Revolutionary movement, and the Non-conformists of the 1930s." (Kjelda: http://en.wikipedia.org/wiki/Alain_de_Benoist, vitja 1.1.2014).

Men nett denne samanstillingi vert kannhenda litt for spesiell for Øyvind Strømmen. Eller rettare sagt, det vert for vanskelegt å spinna den svarte tråden som skal gå vidare frå nazismen og fascismen. Øyvind Strømmen veit likevel råd. For dei tvo filosofane som Strømmen hev valt å draga fram som sentrale inspirasjonskjelder for det franske nye høgre er den italienske tradisjonalisten og esoterikaren Julius Evola og den tysk-sveitsiske filosofen Armin Mohler:

«Den nye bevegelsen bygget blant annet på ideene til sveitseren Armin Mohler og italieneren Julius Evola», hevdar Strømmen. Og etter å ha freista stempla Armin Mohler som ein slags støttespelar for nazismen, held han fram med å greida ut um dei metafysiske og politiske ideane til Julius Evola.

Strømmen må rett nok sanna at Julius Evola faktisk var ein kritkar av fascismen, men når det kom til stykkjet so stod Evola etter Strømmen sitt syn for dei same politiske ideane. For Armin Mohler sin part, so hadde han i sin pure ungdom – 22 år gamal og utan hell – freista melda seg til tenesta for Waffen-SS, og Strømmen ser ut til å vilja insinuera at alt han skulde gjera seinare i livet difor er for nazisme å rekna.



Ute i Europa er Alain de Benoist framleis lukkelegt uvitande um at norske Strømmen hev avslørt honom ein gong for alle...

Dette jamvel um Mohler fyrst og fremst er kjend for å ha formidla arbeidet åt Ernst Jünger og teoriane hans um «den konservative revolusjonen» (etter krigen arbeide Mohler sjølv ei stund som sekretær for Junger). Ernst Jünger var so visst ingen «nazist», men snarare ein av dei som – til liks med Evola - våga å kritisera nasjonal-sosialismen frå høgresida.

Kva hev so Alain De Benoist sjølv ytra um Evola og Mohler? Det kann ein lett få svar på, um ein gjeng inn på Alain De Benoist si eigi heimesida. Um Julius Evola hev Alain de Benoist dette å seigia:

«Evola er i dag ein forfattar som er vorten verande lite kjend i den franske ålmenta, samstundes som han er eit vedvarande referansepunkt i sume marginale miljø, serskilt på den radikale høgresida. Personleg er eg ingen evolianar – samstundes med at eg hev lese mykje av honom og framleis er interessert i arbeidet hans. Lat oss seigia at for meg er han framfor alt eit studieobjekt. Kvifor er eg ikkje evolianar? Framfor alt av di den politiske filosofien min ligg sers langt undan hans eigen på ei rad ulike umkverve. Og til liks med Spengler eller Guenon, men i motsetnad til Schmitt eller Jünger, so stod Evola for eit heilskaplegt filosofisk system. Ein kann velja å godtaka dette systemet eller ein kann lata vera å godtaka det. No er det slik at eg godtek det ikkje.»

(Kjelda: http://www.alaindebenoist.com/pdf/nouvel_entretien_sur_julius_evola.pdf)

Når det kjem til Armin Mohler, so freistar ikkje Alain de Benoist å dylgja at desse tvo hev havt nær kontakt. Han framhevjar samstundes at det som er Mohler sitt tilskot til det nye høgre er nett det at han lyfte fram Ernst Jünger og andre konservative filosofar som i millomkrigstidi representerte eit rettelegt høgreorientert alternativ til nasjonalsosialismen:

«Det var kanskje nokre italienske vener

so fortalde meg um honom den fyrste gongen, ein gong tidlegt på seksti-talet. På den tidi var han for meg enno ikkje noko anna enn forfattaren av «Die konservative Revolution in Deutschland». Boki hans var ei openberring. For å vera heilt ærleg, so lyt eg seigia at i den augneblinken, med den stotrande tysken min som eg berre hadde tileigna med brotvis på ymse slags reisor, då var eg einast i stand til å lesa vaske-setelen! Men på denne såg eg at eit nytt landskap vart teikna fram: Bilætet av ei høgresida som korkje var liberal eller nazistisk...»

(Kjelda:

www.alaindebenoist.com/pdf/armin_mohler.pdf)

«Eg hev kjent Armin Mohler sidan sekstiåri. Den fyrste gongen eg møtte honom var i München, den sette juli 1964 – og me hev havt kontakt fram til han døydde i 2003. Eg hev sers tidlegt freista skapa merksemd kring handboki hans, sidan eg såg på denne som grunnleggjande viktug. [...] Eg hev likeins freista gjera kjende nokre grunnleggjande forfattarar som Mohler tala um (fyrst og fremst Ernst Jünger og Carl Schmitt), samstundes med andre forfattarar som hadde synsmåtar som stod nær dei til den konservative revolusjonen, men som Mohler ikkje hadde studert nærare (Martin Heidegger, Konrad Lorenz, Arnold Gehlen mfl). Lat meg få leggja til at eg fann att mykje av mine egne tankar i arbeidi til mange av forfattarane åt den konservative revolusjonen (det som slo jamvel Armin Mohler). Både ålment og i ertertid so hev eg tolka desse arbeidi som eit alternativ til nasjonal-sosialismen.»

(Kjelda:

http://www.alaindebenoist.com/pdf/la_revolution_conservatrice_en_france.pdf)

Men det er tydelegt nok ikkje for å nyansera at Strømmen hev valt å gjeva det franske nye høgre ein plass i boki si. Og etter å ha fenge etablert den ynskte koplingi

frå nazismen og fascismen, so vantar det berre ei kopling til for at Strømmen kann gjera gjera bilætet fullkome: Antisemittismen...

Alain de Benoist hev skriva tunge, faglege verk um den europeiske heidenske tradisjonen, der han jamfører tradisjonell europeisk polyteisme med den kristne og jødiske monoteismen. Han er ikkje tilhengjar av å skapa nokon ny religion, men argumenterar for at det lyt vera moglegt å finna attende til det nedervde europeiske huglaget som etter hans syn hev vore her heile tidi i litt meir burtgøymde former (Kjelda: Alain de Benoist, «Comment peut-on être païen», 1980). Jamvel for Strømmen vert dette litt for tynt til å draga nazi-kortet, men han veit råd: Strømmen dreg fram den tidlegare medarbeidaren Robert Steuckers, som han hevdar hev «aldri lagt skjul på jødehatet». Strømmen hev kor som er ingen annan dokumentasjon for det nemnde «jødehatet» enn at Steuckers i tollegt polemiske vendingar hev hevda at europearar bør halda seg til sine egne nedervde tradisjonar og ikkje den som opphavlegt høyrer jødane til. Det er ein fundamental kritikk av kristendomen som ein kann vera samd eller usamd i, men å kalla det jødehat er å skyta langt yver mål.

Det som i alle fall er sikkert og visst er at det ikkje er noko einskaplegt syn på jødar i det franske nye høgre. Det er eit spekter som spenner seg frå sterkt israelskristiske Pierre Vial til Guillaume Faye som i «La nouvelle question Juive» (Editions du Lore, 2007) tek til ords for eit moglegt samarbeid millom jødar og innfødde europearar i møtet med den islamske masseinnvandringi.

Då Alain De Benoist i 1978 fekk ein prestisjetung litteraturpris (Grand Prix de l'Essai de l'Académie Française) for bokverket «Vu de droite», so var det ikkje av di Nouvelle Droite hadde gjeve noko fasitsvar på vår tids store spursmål, men snarare skapt eit alternativt ordskipfeunderlag. Men so er det helder ingen som helst slags analyse av Nouvelle Droite på dei få sidone som Strømmen hev sett av, men snarare ei samling av alt han kann finna av meir eller mindre perifere personar og ymse slags sitat tolka i verste meining. Alt dette for å setja nouvelle droite inn i den konspirasjonsteorien som Strømmen ynskjer å stabla på føtene. Slik vert personlegdomar, umgrip og grupperingar som ideologisk stend langt ifrå einannan, freista fanga inn i Strømmen sitt svarte garn, eit garn det er mange hol i...

Bologna og München: Kven var terroristane?

Framgangsmåten er den same i det etterfylgjande kapitlet, «Kuppmakere og voldsmenn», der Øyvind Strømmen tek fyre seg høgreekstrem vald i Italia på 1970- og 1980-talet. Ei rad ulike hendingar vert ramsa upp, fyre han stutt kjem inn på bombeåttaket i Bologna i 1980. Etterpå byrjar han å skriva um Roberto Fiore. Han nemner at Roberto Fiore vart etterlyst etter bombeaksjonen i Bologna og laut flykta til England der han knytte nære band til Nick Griffin. Dinæst gjeng han vidare til å skriva um høgreekstrem, politisk vald i Noreg på 1970-talet. Strømmen nemner ikkje med eit ord at Roberto Fiore seinare vart fullstendig reinvaska for å ha havt noko med Bologna-bomba å gjera. Han vart ikkje ein gong tiltala i Bologna-prosessen, det vart derimot tvo etterretningsoffiserar som hadde planta falske prov som skulde knyta Fiore og organisasjonen hans til bombeudåden. Dei som les Strømmen si bok vert soleides sitjande att – villeidde – med det inntrykket at Roberto Fiore hadde noko med bombeåttaket i Bologna å gjera. Meir tendensjøst kann det snaudt verta.

Men det er ikkje so rart at Strømmen ikkje vågar ganga nærare inn på kva som hende i Bologna i 1980, for det kunde koma til å slå sprikor i ein av dei mytane som Strømmen sjølv hev vore med på å lyfta fram: Myten um at det rett nok er ytste vinstre som hev stade for dei aller fleste terroraksjonane i Europa, men at det er ytste høgre som stod attum dei blodigaste. I Strømmen sitt tilskot til 22. juli-kommisjonen sin rapport heiter det til dømes at «Høyreekstremer har gjennomført flere av de dødeligste terrorangrepene i Europa. [...] Den dødeligste aksjonen fra ytre høyre var bomben på jernbane-stasjonen i Bologna i 1980, der 85 mennesker ble drept. Senere samme året eksploderte bomben på Oktoberfesten i München og drepte 13 i tillegg til gjerningsmannen selv, og over 200 skadde. Gjerningsmannen, den høyreekstremer Gundolf Köhler, antas å ha vært alene om attentatet. Dette var den siste store terroraksjonen fra ytre høyre i Europa før 2011.»

Kven som til sjuande og sist stod attum bombeaksjonen i Bologna er aldri vorte oppklåra, derimot er det vorte stadfest i retten at njosnartenestor var inne i bilætet for å villeida etterforskingi og leggja skuldi på høgreekstremale grupper. I den engelske Wikipedia-artikkelen um Bologna-massakren vert det slege fast at «To date those responsible for the attack and their political

motives remain unknown. Some suspect that the Operation Gladio network had been at least partially involved» (Kjelda: http://en.wikipedia.org/wiki/Bologna_mas_sacre, vitja 1.1.2014).

Likeins er det med bomba mot oktoberfesten det same året: Det finst ei rad spursmål som ein ikkje hev fenge svar på. Etterforskarane kom til den konklusjonen at den høgreekstremale gjerningsmannen Gundolf Köhler var åleine um bombeåttaket der han sjølv vart drepen, men med det valde dei å sjå burt frå ei rad vitneutsegner som tydde på at fleire personar kunde vera involverte. Kor som er, i 2010 dukka det upp nye og forvitnelege opplysningar frå dei tidlegare so løynde Stasi-arkivi. Gundolf Köhler, som etterforskarane hevda hadde handla på eigi hand, stod i røyndi i nær kontakt med tvo andre personar, tilknytte den forbodne Wehrsportgruppe Hoffman. Og desse tvo skal bae ha medgjeve at dei var innblanda i åttaket. Den eine mannen, Stefan Wagner, hamna i august 1982 i skotveksling med politiet. Til gislar som han hadde teke til fange fortalde han at han hadde vore innblanda i bombeaksjonen i München, og dinæst skaut han seg sjølv. Den andre mannen, Walter Ulrich Behle, var informant for den tyske tryggjingsstenesta. I oktober 1980 var han i Damaskus i Syria, og på spursmål frå Karl-Heinz Hoffman um han hadde noko med bombeåttaket å gjera, so svara han at «Ja, difor kann eg ikkje reisa attende til Tyskland, me var med på det»...

Nye oppsiktsekkjande opplysningar um saki kom i april 2013, i samband med ein rettsprosess i Luxembourg mot tvo politifolk som var mistenkte for å vera innblanda i ei liknande sak, kalla for «Bombeleggjar-saki» («Affär Bommeleeër»). Historikaren Andreas Kramer hevda under eid at far hans i november 2012, på dødslægjet, hadde organisert Oktoberfest-åttaket og ymse andre bombeåttak – på oppdrag frå den tyske tryggjingsstenesta, Bundesnachdienst. Far hans var høgståande offiser i Bundeswehr. Det nederlandske militærnjosnarstellet hadde hjelpt honom med å få tak i sprengstoff, og saman hadde dei bygd bomba og rekruttert Köhler til å gjennomføra åttaket (Kjelda: <http://de.wikipedia.org/wiki/Oktoberfestattentat>, vitja 1.1.2014).

Kven som var dei røynelege bakmennene for bombone i Bologna og München i 1980 er vorte standande som uløyste spursmål. Realiteten er at det i alle dei store «høgreekstremer terroraksjonane» fram til 22. juli 2011 hev etterforskingi

anten vorti villeidd eller medvite styrd undan serskilde spor. Og som det gjeng fram or dei opne kjeldone eg her hev synt til, so sviv det seg ikkje um «konspirasjonsteoriar», men um opplysningar som let seg ettervisa og som hev skapt politisk oppstuss og ordskifte både i Italia og Tyskland.

Frå det nye høgre til muslimhat?

Som me alt hev sett hev Strømmen freista spinna ein svart tråd frå nazismen og fascismen og fram til ei slags «nyorientering» med det franske nye høgre. Men korleis hev han so greidd å spinna tråden vidare frå det franske nye høgre til «muslimhatet» i våre dagar? Jau, av di sjølvaste Fjordmannen, Peder Nøstvold Jensen, skal ha lese og referert til Guillaume Fays si bok «L'Archeofuturisme» (originalutgåva frå 1998, engelsk utgåva frå 2010). Meir skal det visst ikkje til... Titelen på boki spelar elles på det som hev vorte Faye sitt grunnleggjande poeng: at dei demografiske og økologiske problemene me stend andsynes i dag lyt løysast både med ny og moderne framtidsteknologi og med ei attendevending til gamle, tradisjonelle verdiar.

Kor som er, ein skal ikkje ha studert ideane åt det franske nye høgre mykje for å sjå at ideane deira er stikk i strid med alt det dei sokalla «islamkritikarane» stend for i dag:

1) Um ein ser på hovudstraumen av dei gruppone som kallar seg anti-islamistar, som til dømes English Defence League, eller dei høgrepopulistiske partii som det til Geert Wilders, so er desse gruppone grunnleggjande liberalistar. Det dei er for er liberalt demokrati, frie marknader og eit samfund tufta på individualisme, og dei ser på islamsk innvandring som eit trugsmål mot dette – sidan islam unekteleg er tufta på gruppetenkjing, moralsk konservatisme og antiliberal tankegang. Det franske nye høgre stend på den stikk motsette sida. Dei er kritikarar av demokratiet og likskapssamfundet. Dei meiner det sviv seg um ei djuptgåande krise i den europeiske kulturen, der den ikkje-europeiske masseinnvandringi snarare er eit symptom enn ei årsak.

2) I det franske nye høgre studerte dei marxisten Antonio Gramsci og slo fast at det laut etablerast eit grunnlag på det kulturelle umkvervet fyre ein kunde nå fram på det politiske umkvervet. Det var ein strategi som gjekk fram på å vinna fram med folkeopplysning, med kunst og kultur, med blad- og bokutgjeving. Det var ein strategi som var den stikk motsette av den som gjeng ut på å få mediemerksmd med

provokasjonar som folk flest oppfattar som meiningslause – for ikkje å tala um Behring Breivik og terrorismen hans mot forsvarslause sivile.

Det er slett ingen svart tråd frå det franske nye høgre og yver til den liberalistiske anti-islamismen. På det filosofiske og ideologiske planet er det snarare ein avgrunn. For dei som hev valt å kjøpa framstillingi til Øyvind Strømmen so burde det vera litt av eit paradoks at Anders Behring Breivik i manifestet sitt faktisk tek fråstand frå den integrale tradisjonalismen til Rene Guenon og Fritjof Schuon – den same tradisjonalismen som Julius Evola stod for og som Strømmen hevdar er inspirasjonskjelda for det franske nye høgre (Kjelda: Breivik-manifestet, sida 49).

Dei liberalistiske anti-islamistane er i røyndi berre meir aggressive og konsekvente utgåvor av nett den same tankestraumen som Øyvind Strømmen sjølv og andre liberale stend for.

I riket åt dei blinde er den einøygdde konge...

Eg er ikkje den einaste lesaren som tykkjer at Strømmen med denne boki hev mist tråden. VG sin bokmeldar slær fast at «[f]remstillingen er riktignok såpass opprampsende at man skal ha klisterhjerne for å henge med. Leseren biter seg nok merke i mange ting, men får strengt tatt ingen dypere forståelse av fenomenet ut over at det er gammelt og internasjonalt.»

Hjå VG finn ein kor som er nokre trøystande ord um at «[s]om oversikts- og oppslagsverk fungerer dette imidlertid utmerket». Det hadde VG sin bokmeldar neppe meint um han hadde havt litt djupare kunnskap um kva det det er Strømmen faktisk skriv um. I riket åt dei blinde er den einøygdde konge, og Strømmen er i framstillingi si både einøygd og einspora. Han utelet sentrale fakta som kunde ha balansert framstillingi, og han gjeng mykje lengre i det han påstår enn det han hev faktisk dekning for i kjeldematerialet.

Konspiranoia

Alt dette for å kunna skapa ein «svart tråd» som i røyndi ikkje let seg nøsta upp. Både som analyse og oppslagsverk er boki åt Strømmen verdilaus. Samstundes er ho eit godt døme på den formi for konspiranoia som Strømmen og meiningsfrendane hans elles so gjerne yverfører på meiningsmotstandarane sine. Dei freistar setja saman eit svart, eller snarare brunt garn, der det tridje riket danar eit slags vondskapens år null, og der Hitler gøymer seg i skuggen attum

kvar einaste systemkritikar. Ein må berre undra seg korleis mottakingi i media hadde vorte um nokon frå høgresida med tilsvarande logikk hadde freista spinna ein raud tråd frå Stalin til Stoltenberg. Er ein rangviljug nok, so kann ein faktisk det, sidan AP var det siste partiet som offisielt braut med Komintern...

Um ein gjeng ei ideologisk stemneleid nærare etter i saumane, so kjem ein som med all annan historisk vokster til å finna linor og straumdrag, men dette heiter ikkje at dei stend i eit beinveges eller umveges årsak- eller andsvarstilhøve til einannan. Kor som er: Strømmen freistar nytta insinuasjonar og skuldassosiasjonar til å gjeva lesarane sine den fyrestellingi at det attum kvar ei form for kulturell eller etnisk sjølvhevdning, eller kritiske tankar til masseinnvandring, ligg ein latent fascisme og nazisme. Det franske nye høgre og andre systemkritiske intellektuelle som ikkje høver inn i den tronge båsen til Strømmen vert framstelde som dulde tildriv med ein kryptonazistisk dagsetel.

Det hev frå gamalt av vore eit viktugt marxistisk prosjekt å få lagt nett ei slik forståing til grunn for det offentlege ordskiftet. Frå dette haldet hev det stødt vorte hevda at dei borgarlege og konservative partii var premissleverandørar for fascismen. Men no er dei høgreliberale og borgarlege tekne inn i varmen i Noreg, og jamvel det liberalistiske FrP hev synt seg å ikkje vera den fascistiske femtekolonnen som det heilt frå byrjingi av vart skulda for å vera. Då lyt ein finna upp nye fiendebilæte, nye fårar som trugar for å kunna halda fram ei godt betalt meiningsforfylgging slik Strømmen gjer. Ein skulde normalt ha trudd at Strømmen og meiningsfellane hans hadde pusta letta ut når dei fann ut at meiningsmotstandarane deira faktisk ikkje er ideologiske arvtakarar for eit folke-myrdande Nazi-Tyskland, men her er det snarare tvert um.

Med eit nærare ettersyn som tek idèhistorie, ideologi og faktiske hendingar på faglegt ålvor, so stend Strømmen att utan ein tråd å kunna gøyma det politisk motiverte prosjektet sitt attum. Men sidan det meste av den ideologisk farga dagspressen vel å halda seg med fiendebilæte av ei fårleg og trugande høgresida, med alt det inneber av framtidig konfliktgrunnlag, so vert nok ikkje Strømmen arbeidslaus med det fyrste - endå det påhitta svarte garnet hans ikkje lukkast med å fanga ein einaste fisk!

Kulturbløffen

Av Stig Andresen

Kulturbløffen / Kristian Meisingset. Oslo: Cappelen Damm, 2013. 194 s., ISBN 978-82-02-41802-1 (ib.)

«Bøker uten kunstnerisk kredibilitet, altså bestselgere, som krim, har 86 av plassene på topp 100-listen» (side 112).

Jakti på kulturell kapital

Den norske kulturpolitikken dei seinaste 50-60 åri hev vore ein politikk med ein klår dagsetel. Det sosialdemokratiske riksstyret vilde lyfta heile folket opp og fram på det kulturelle umkvervet, beint fram uppseda deim til å verta høgkulturelle skapningar. Det er ikkje ofta ein kjem yver bøker som er meinte å vera ei slags oppgjerd med heile denne politikken. Boki "Kulturbløffen" av Kristian Meisingset er etter mitt syn ein retteleg knyttneve av ei bok. Boki tek fyre seg både finkultur og folkekultur i Noreg, og syner korleis styresmaktene etter forfattaren sitt syn hev mislukkast med å byggja bru millom desse.

Då Arbeidarpartiet var komne til makti etter krigen, so ynskte dei å samla heile folket. For å få til dette trongs det "sosial utjamning", ikkje berre på det materielle umkvervet, men på det kulturelle med. Styresmaktene vilde gjeva vanlege arbeidsfolk den same tilgangen til kulturell kapital som den eliten i storbyane hadde. Slik skulde alle få lik makt. Meisingset viser til at dei dei sosialdemokratiske politikarane freista å samla riket til «[e]tt land, til én nasjon, til ett folk[...]» (ibid) - og dette tragikomisk nok i tidi rett etter nasjonalsosialismens fall. Kor som er: Den andre heimskrigen hadde etterlate seg eit kløyvt folk, med sår som vanskeleg let seg lækja utan at ein byrja dyrka fram dei kulturelle nevrosane som merkjer folk i våre dagar.

Hev so dei ynskte resultat i kome? Tvert imot, segjer Meisingset. «Over 60 års kulturpolitikk har ikke hindret større kulturforskjeller, men i stedet bidratt til å gjøre avstandene større. Enorme midler er overført fra felleskassen til kultur for middelklassen, borgerskapet og eliten. Mye av kulturen som skal nå ut til folket har blitt kjedelig og middelmådig, noe som er verken er kunstnerisk tilfredsstillende eller demokratisk interessant. På den andre siden har ikke folkets forbruk av utenlandsk populærkultur stoppet opp. Fremdeles flommer de kommersielle kreftene inn over grensene. Og det har ikke blitt noen forbrødring på tvers av samfunnslag. Eliten har ikke mer respekt for folkelig populærkultur i dag, og lite tyder på at folk flest kommer



til å forstå magien på Riksteatrets scene med det første» (ibid). Boki er eit stutt fortalt eit ordskifte um dette.

Kva hende med den klassiske kulturarven?

Det er vanskeleg å melda ei bok som dette utan å rota seg inn i eit «fårlegt» politisk lende. Dette er Meisingset sjølv fullt klår yver, og han peprar tekstene sine med småe setningar som skal gjera bodskapen hans mindre umstridd. Til dømes setningar som: «Den egalitære ideologien sitter dypt i oss alle. Den er et grunntrekk ved den norske folkesjelen» (side 16). Sjølv er eg slett ikkje so viss på det. Meisingset hevdar vidare at: «Situasjonen er et godt eksempel på elitens dårlige selvillit: Den tør ikke kreve et rom for den eksklusive og distingverte kunsten, men må spille på den egalitære ideologiens premisser» (side 91). Kor som er, råkar ikkje denne kritikken Meisingset sjølv vel so mykje? Hev ein sagt A, so lyt ein segja B. Ein kann ikkje fyrst velja å leggja seg inn under den egalitære ideologien og dinæst klaga yver dei satsane som fylgjer frå denne.

Skodespelarane Bjørn Sundquist og Mari Maurstad vert spurde ut i samband med kapitlet um det høgkulturelle teateret. Dei fortel um korleis dei nyttar umreisande teater for å bringa likskapstanken ut til folket. Eg tykkjer vel um Sundquist, han gjorde det sers godt i den framifrå norske filmen Jernanger (2009). Frå høgnorsk sida sett, so stussar eg likevel når Sundquist hevdar Noreg er «en kultur-nasjon». Um det var tidi fram til andre heimskrigen han talar um, då er eg med, men kann ein segja det same i dag? Kva hende med den rike folkekulturen, med litteraturen vår

(mykje av honom jamvel på høgnorsk), med den samnordiske høgkulturen og kulturovringar som musikk og bilætkunst? Kvar er Olav Duun, Knut Hamsun og Tarjei Vesaas i dag? Geirr Tveitt og Edvard Grieg? Adolph Tiedemand og Nikolai Astrup?

Endå ein gong flytjer ein seg inn i lende det er vanskeleg å skriva um, for dette knytter seg saman med det som i si tid hende med målrørsla. Målreisingi nådde eit høgdepunkt på 1930-talet. Målrørsla var å vinna fleirtal i folket for landsmålet, men so kom hendigane me alle kjenner til, og tragedien råka med den andre heimskrigen. Det var nysy nokre ordskifte um dette i avisone her i landet, og der vart det med rette synt til at lufti gjekk ut or målrørsla i 1945. Dette på den måten at det vart «umogleg» å fremja eit kultursyn tilknytt ein slags «germansk og nordisk» tanke - som måltanken unekteleg ein gong var. Det vart for nært knytt til ein knekt ideologi som hadde nokre av dei same bandi til den romantiske tanken um eit folkehopehav. Som ein veit kom samanbrotet til landsmålet snøgt etter dette. Den vesale stoda for landsmålet i dag er beint fram ei fylgja av det sivilisatoriske samanbrotet som andre og fyrste heimskrigen var. Les ein partsinnlegg i målstriden frå denne tidi, so ser ein snøgt kva bokmeldaren peikar på, for måten ein ordlegg seg på den gongen hadde vore umogeleg i dag. Soleides er det vorte uråd å driva målkamp som ein lekk i ei umfemmande folkereising. Ein kasta barnet ut med badevatnet, som med so mangt i etterkrigstidi.

Abstrakt samtidskunst utan provokasjonskraft?

Med det sagt, so er ikkje Meisingset nokon veiking sjølv, han slær inn dører som mange helst vilde ha halde stengde: «Eliten er svært inkluderende på den måten at de ønsker å spre sine innsikter til alle. De lukker opp dørene sine og hvem som helst får slippe inn. Men jeg lurer på om ikke kultureliten driver et slags spill for galleriet. De er bare inkluderende til et visst punkt. De ville naturligvis aldri for alvor la alle andre være med på å bestemme hva som er den gode og viktige kunsten» (side 25). Meisingset held fram med å herma direktøren for Astrup-Fearnley-museet, Gunnar Kvaran: «Utstillinger er ofte ganske kompliserte. Det er vanlig i Europa at kanskje fem prosent av innbyggerne kommer på utstillinger. Vi må ikke begynne å forenkles. Kunst krever spesialisert kunnskap og at man faktisk er interessert» (side 30).

Um det var sedhevdande kunst han viste til, so kunde eg ha vore samd, men det fær standa for opphavsmannen si eigi rekning um han meiner at det å skyna seg på moderne kunst er noko ein treng å læra seg. Etter mitt syn vert det helder ei slags sams posering der ein stend i flokk og briskar seg med den "kulturelle kompetansen" som ein trur ein hev opparbeidd seg. Til sjuande og sist skynar dei likevel ikkje kva dei held på med, for det er faktisk inkje å skyna. Endå um ein sjarlatan av ein «kunstnar» skriv namnet sitt på eit pissoar og sel det for millionar av kronor, so gjer det ikkje dette til noko ein treng å skyna. Det er, etter bokmeldaren sitt syn, berre vâsut posering som sviv seg meir um forskrudd statusjag enn um å fremja det vene. Den britiske filosofen Roger Scruton hev laga ein framifrâ dokumentar um venleik. Der viser han til at kunst tradisjonelt var ein freistnad på å finna og framheva det vene, ikkje nokon slags freistnad på å «sjokkera» og brjota tabu som ofto er i samfundet av sers gode grunnar.

Den vidkjende nordamerikanske sosiologen Robert Putnam peika i boki *Bowling alone* (2000) på at sjølve samfundslimen i vestlege land er åt å losna. Underskrivne kann ikkje sjâ på moderne samtidskunst som noko anna enn eitt av mange uttrykk for dette, og eg mistenkjer Meisingset for å ha tenkt det same. «[Kunstverket] er et spark i de konservatives skinnlegg» (side 38), hevdar ein av kunstnarane som fær koma til ords i boki til Meisingset. Men kven er desse «konservative» i våre dagar, og kvar vart det av det konservative samfundet som dei skulde styra med jarnhand? Det norske samfundet av i dag er tvert imot gjenomsyra av likskapstanken, og kunstnarar som verkelegt vilde «provosera og setja under kritikk» hadde havt nok å ta tak i her. Ein slik «provoserande konservativ kunst», hev denne bokmeldaren kor som er ikkje sett so mykje av. Ein kunde mest byrja tenkja at kunstnarane i dag hev heilt andre motiv enn kunstnarleg utfalding og «provoseringsynskje». Til dømes pengar og sosial godtaking, gjevne av ein liberal stat og elite...

Uppgjerd med likskapstanken er naudsynt Kulturbudsjettet aukar stødt. Likevel ser ein ikkje at «folket» gjeng på teater for fulle hus. Helder ikkje renner dei ned dâri på biblioteket for å skaffa seg til dømes den nye utgåva av Bibelen elder den nyss fullfôrde Nietzsche-umsetjingi. Det norske folket er sterkt kløyvt når det kjem til kulturell smak og kulturelt forbruk. Styresmaktene kunde ha valt å sanna at finkultur ikkje er for alle, men i staden hev dei valt å taka til dømes fotballen inn i eit «utvidet kulturbegrep». Det vert nær sagt låttelegt når den styrande kulturelle eliten sjølve tenkjer at

dei er ein egalitær ikkje-elite, ein lekk av folket «på golvet»: «Å være en elite, er å ekskludere. Det gjør vi ikke. I Norge slutter vi oss til en egalitær ideologi som sier at alle egentlig er like» (side 57). Vidare slær han fast at: «Å være elite er ikke noe man kan velge bort. Har man mye makt i et felt, er man elite. Om man har høy økonomisk og kulturell kapital, representerer man en generell elite. Slik er det bare» (ibid). Her gøymer det seg kann henda ein løynd kritikk av Noregs største parti, Arbeidarpartiet. Det er lenge sidan dette partiet hadde tyngdepunktet sitt i arbeidarklassen. Det ser ein ikkje minst når dette partiet hev vore med og opna slusone på vidt gap for underbetalt utanlandsk arbeidskraft. Arbeidskraft som norske arbeidarar ikkje kann tevla med.

Det vert beint fram lögje når den same kultureliten møter seg sjølve i dâri med sine eigne prosjekt, til dømes i spursmålet um «integrering og kultur»: «Da Aftenposten nylig spurte noen store institusjoner hvordan de klarer integrering, svarte DNO&B at de ikke vet, Nationaltheatret hadde en undersøkelse de ikke ville offentliggjøre, og bare Nasjonalmuseet hadde et svar: 3 prosent av deres besøkende hadde ikke-vestlig bakgrunn» (side 89). Med tanke på den demografiske stemneleidi i landet, tyder mykje på at det ikkje kjem til å verta ei greidare sak for kultureliten i framtidi å «samla folket under kulturfana»...

Meisingset segjer beint fram kva han tykkjer må vera løysingi på problemet: «Selv tror jeg det bare finnes én vei ut av ufôret, og jeg er redd det høres ganske pompôst ut, men vi må ta et oppgjør med den egalitære ideologien» (side 59). [...] «Vi kommer ikke unna det konservative argumentet: Vi støtter teater og opera mer fordi sjangrene bygger på tradisjoner som vi virkelig setter pris på i vårt samfunn. Ja, det er et argument for eliten, og ja, jeg mener sannsynligvis at det er sant fordi jeg er en del av eliten» [...]. Hvis Riksteateret en dag sa at det er viktigere å utvikle godt teater for dem som er interessert enn å nå ut til flest mulig, ville det nok ikke blitt akseptert. Alternativet til spissing og kunstnerisk eksklusivitet kan tenkes å være kulturell samling i midten. Når kultureliten ikke tør å hevde sin eksklusivitet, lider kunsten under en ideologi som ikke anerkjenner dens egenart» (side 60).

Er det staten si oppgåva å spona kriminal-litteratur?

Meisingset hev intervjuva Knut Olav Åmås. Åmås syner til at den norske bokverdi fløymer yver av utgjevingar. Nordmenn les mykje bøker, heiter det som regel, men gjer dei i røyndi det? Nordmenn les mykje kriminal-

litteratur, er det nok meir korrekt å segja: Denne typen litteratur tek heile 86 av 100 plassar i topp 100-lista. Visst er det underhaldande nok å lesa Jo Nesbø, Stieg Larsson, Liza Marklund, Håkan Nesser og alle dei hine som ein finn nærsagt yveralt der ein snur seg, frå biblioteket til bensinstasjonen. «Folk flest» nyttar årevis på å lesa desse bøkene, men hev aldri lese ei sida i Fuglane av Vesaas, Victoria av Hamsun elder Faust av Goethe.

Det dubbelt tragiske med det heile er at dette slaget litteratur fær njota godt av den same innkaupsordningi og momsfristaket som den klassiske, norske og europeiske litteraturen som hev tyngd. Ein skulde tru Jo Nesbø sine bøker ikkje trong studnadsordningar for å selja i hundradetusunds næme. Det hadde derimot ei diktsamling på høgorsk gjort. For målet med desse studnadsordningane er vel å auka kvaliteten og fremja den smale litteraturen, ikkje å få ut flest mogelegt bøker, skulde ein tru. «I så fall kan litteraturstøtten med fordel gjøres mer kulturelitistisk. Å lese bøker er noe de utdannede blant oss gjør mer enn andre. Folk flest er mange nok til å handle bøkene sine i markedet, i hvert fall når det gjelder bøker som er laget for å være bestselgere. De offentlige pengene bør i større grad gå til «finere» og mer spesialisert litteratur som færre leser» (side 116).

Ein actionfilm kann vera meir enn berre action...

Meisingset tek oss vidare på ei ferd gjenom film- og musikksmaken til «folk flest», med di han tek fyre seg dei store kinofilmane som Hollywood fôr folket med (Superman og Matrix-seriane, for å nemna sume). Her vert det heile litt merkelegt, for det er likt til at Meisingset etterlet den kritiske sansen sin i dâri, der han tidlegare var so etterrôkjande. Jamvel filmar um superheldtar kann vera djupe og innehalda rike bilæte tufta i europeisk kultur, men Supermann-filmene er etter mitt syn ikkje det. Bokmeldaren tenkjer her på den siste trilogien um Batman som nyss vart avslutta, og som Meisingset nemner sjôlv: «Hva er forskjellen mellom Batman-trilogien og Man of Steel? Folk flest vurderer dem ganske likt. Eliten, som ofte ser på folket med kjærlig omtanke, vurderer Nolas Batman-trilogi som åndelig føde og Man of Steel som McDonalds-kultur» (side 154). Bokmeldaren høyrer visst til filmeliten: Batman-trilogien er tufta på ein djup kritikk av moderniteten, og mykje av denne er nærsagt henta rett ut or dei tradisjonalistiske verki åt René Guénon og felagane hans. Som ein kann tenkja seg so flaug denne bodskapen rett yver hovudet på dei fleste som såg filmene, men ein må likevel undra seg yver at desse filmene i det heile

slapp i gjennom «sensuren» i USA, der dei hev sitt opphav.

Det kunde skrivast bøker um dei andelege og modernitetskritiske trekki ved Batman-filmane, men det same kunde ikkje akkurat gjerast um den våsute Supermann. Ein karakter som ikkje ser ut til å hava nokor djupare meining enn å målbera dei våte draumane åt ein spinkel og stakkarsleg teikneserieskapar som gjerne vil verta muskuløs og få drag på damone utan å ljota gjera noko for det. Ikkje akkurat eit oppbyggjande ideal etter klassisk modell...

...og countrymusikk kann vera meir enn berre country

Boki vert runda av med ein bolk um countryfestivalen på Breim. Meisingset byrjar samrøda med Aslag Haugen, songar og gitarist i Hellbillies. Det hugvekkjande med denne gruppa er nett det at dei sameinar sume høg- og lågkulturelle drag i den norske kulturen. Denne bokmeldaren ferdast kvar seinsumar til Ål i Hallingdal, heimbygdi åt Hellbillies. På desse sumarkonsertane møtest heile bygdi, attåt tilreisande både frå vest og aust. Pinsame innslag med fest og fyll finst det rett nok der med. Men det som ein fyrst og fremst

bit seg merke i, det er den positive, lokale samholdskjensla som bokmeldaren sjeldan ser andre stader i samfundet. Dessutan svarar det hugen når ein ser korleis denne gruppa maktar draga til seg alle ættleder, frå ungdomane til besteforeldri. At denne gruppa dessutan syng på eit målføre som ligg so nære høgnorsk som det nær sagt er råd å få det, det er helder ikkje til å kimsa av.

Den framifrå folkesongarinna Sigrid Moldestad fær runda av boki med ein song tufta på ei salma umsett av presten Peter Hognestad. Meisingset sette openbert pris på å konserten med Moldestad på countryfestivalen på Breim. Tankane han gjer seg kring denne folkekulturen er millom dei sterkaste i boki.

Tankar til slutt: Eit kløyvt folk

Det er hugvekkjande å fylgja Meisingset på ferdi hans gjennom kultur-Noreg, og bokmeldaren hev inkje anna val enn å tilråda denne boki utan noko slags atterhald. Ikkje av di ho gjev oss nokor løysing, men av di ho er eit godt utgangspunkt for det ordskeftet som eg og mange andre hev venta på. Meisingset maktar få tydelegt fram at me nordmenn framleis er eit kulturelt kløyvt folk. Skiljeli-

none kann ganga tvers gjennom familiar, grannelag, bygder, arbeidsplassar og organisasjonar. Mange av lesarane kjenner nok dette frå sitt eige liv.

Eit drag som denne bokmeldaren trur Meisingset burde ha sett litt meir på, det er den skortande norske adelen. Der ein i Sverige hadde eit kulturberande svenskt element ved adelen gjennom heile saga, so kvarv denne burt frå norsk jord, og vart - som ein veit - langsamt skift ut med ein tysk- og danskætta økonomisk, politisk og kulturell «adel». Dette forklarar nok mykje av det sterkt egalitære huglaget som Meisingset peikar på her til lands. Ein egalitær kultur som snøgt fær mange negative uttrykk, som med den sterke jantelovi.

Det finst nok ingen einfelde løysingar på den norske kulturfløken. Kor som er, eit godt utgangspunkt kunde vera at alle skal finna noko i kulturen dei kann finna glede, kveik og meining i, i staden for at alle skal dela den same kulturen. Dette siste er nok neppe mogelegt helder, skal ein døma ut frå endskapen på tiår etter tiår med denne målsetnaden.

Arven frå Luther, og det me fekk ut or honom

Av Stephan Krämer

Det var ein gong ein mann som heitte Martin Luther. Denne mannen kjempa imot at kristentru skulde verta misbruka til å styra og utnytta kristne menneske. Denne mannen skapa, utan at han sjølv ynskte det, ei kyrkjekløyving som førde til ein av dei blodigaste krigane som er førde i den europeiske saga.

Mange var dei som meinte at den nyvunne protestantismen som la vekt på trusfridom var noko som det var verdt å våga livet for. Men kva er det som stend att av det som ein gong vart kløyvt ut or katolisismen?

Frå uppseding til underhaldning

Den evangelisk-lutherske kyrkja gjer i dag sers mykje. Sers mykje rart, vilde eg ha sagt, og lite av det som er viktugt og rett, altso det som ho skulde vera andsvarleg for å gjera. Me finn hippe kyrkior med grafittiveggar som "Jesus er kuul" eller "nestekjærleik fengjer!". Og likeins billege og samstundes einvise freistnader på å vinna ungdomen med fjernsynsverførde og skrekkelege cupfinale-liknande gudstenestor. Likeins hev ein tilskingar som "Toleransens dag", tilskippingar som ingen andre enn tilskiparane sjølve vitjar.

Den evangeliske kyrkja er, for å segja det hardlyndt, hamna i botn. Og det er ikkje kristentru som er skuld i dette, men det lagnad-

stunge vegvalet som den evangeliske kyrkja hev gjort: Ho hev måta seg etter tidsåndi, og fer hoppande etter henne som ein halt maratonlaupar utan krykkjor. Dei som rår grunnen i den evangeliske kyrkja i dag, det er folk som eg vil kalla for paradisuflugar. Dei vågar ikkje lenger å ställa krav til folk, men kjem i staden med stødt nye og endå meir vanvituge idear som dei vonar skal få fylt opp dei tome kyrkjebenkjene. Til dømes temadagar um verdsfred, fargegleda eller landeplagemusikken. Desse åtgjerdene er alle fulle av tåkeprat som er måta etter tidsåndi, og dei tener til sjuande og sist ikkje til anna enn at upptaksmennene held seg sjølve i rampeljoset.

Dei gamaltruande lutheranarane stend framleis att, men utan at dei høyrer til i kyrkja. For alle desse ideane som no um dagen vert lagde fram i kyrkja på dei mest avstyggjelge og hykelske måtane, dei er i røyndi ikkje anna enn ein freistnad på å leggja fram eit grunnlag som er sams for folk som ikkje lenger hev noko hopehav. For dei som framleis verkelegt er truande vert det heile berre eit skodespel som dei hev fenge meir enn nok av.

Til lags åt alle kann ingen gjera...

Slik gjeng den evangeliske kyrkja langsamt mot undergangen. På den eine sida hev ein dei

som tykkjer det er gildt å skrapa på yta av ymse slags tema til tonar av Jesus-rock'n'roll. Eller som tykkjer det er flott med ei opi og samanbindande kyrkja som ein kann nytta til dåp, konfirmasjon og jolegudstenesta, men dei vil ikkje å arbeida friviljugt eller gå på vanlege gudstenestor i kyrkjelyden. På den andre sida hev ein dei som søkjer fäfenget etter noko djupare. Desse knyter anten neven i lumma eller dei dreg seg langsamt burt frå det heile og søkjer ut på eigne vegar.

Ut anum dei store høgtidene vert kyrkjone soleides ståande tome. Den eine gruppa som kyrkja vender seg mot er grunnleggjande uinteresserte i å vera der til daglegt, og den andre gruppa - dei som tidlegare var trufaste kyrkjegjengarar - dei kjenner seg framandgjorde av det heile. Dei søkjer då anten til ei frikyrkja - eller dei vender like godt heile protestantismen ryggen. Sume vert ateistar, andre konverterar gjerne til noko heilt anna. Dette er som regel katolisismen eller islam.

Men kvifor nett katolisismen og islam?

Katolisismen kann sjå attende på ein lang og ubrotten tradisjon og hev aldri måta seg meir etter tidsåndi enn det som var plent naudsynt. Trui er tidlaus, då var det aldri verkelegt um å gjera. Slik gjeng katolisismen alltid vidare, same kor mykje grums ein

sumtid kann grava fram um barnemisbrukande prestar, same kor negative media er til institusjonen, same kor fiendsleg tidsåndi skulde vera til heile kristendomen. Stenleidi er alltid den same, einast med småe rettingar. Til liks med den ortodokse kyrkja so spelar det ingi rolla kva resten av verdi skulde meina: Den katolske kyrkja gjer det som ho meiner er rett, same kor tvilsamt det sumtid skulde sjå ut. Udugelege prestar kjem og gjeng, men trui og læresetningane vert verande dei same. Og nett dette er det som er kyrkja si oppgåva, å syta for at det er noko som stend fast i ei verd som stødt er i endring.

Framande religionar fyller det åndelege vakuomet

Det eg likevel helst vil sjå nærare på, det er islam. Islam hev til liks med katolisismen ein lang tradisjon og er innanfor dei fleste retningane endå meir stivbeint andynes endringar. Nyhendedekningi andsynes islam er - seinast sidan 11. september 2001 - vel so motviljug som den som gjeld kristendomen. Kor som er, med ein viktug skilnad: Kristendomen kann ein skjemma og tulla med, men det er ingen som vågar å halda ap med islam. Her finn ein soleides svaret på kvifor so mange innfødde europeiske ungdomar er byrja å umvenda seg til islam: Islam tek seg sjølv ålvorlegt, noko den evangeliske kyrkja ikkje hev gjort på lenge. Slær du den evangeliske kyrkja på kinnet, so vender ho det andre kinnet til. Um du freistar gjera den evangeliske kyrkja til lått, so lær ho med, for ho tenkjer at alle hine lær med henne og ikkje åt henne. Eller kanskje lær ho berre av redsla, med di ho er for veik til å verkelegt kunna slå attende. Ho er redd for å falla endå djupare enn det ho

alt hev gjort. Men under henne finst det ikkje noko meir, ho er alt hamna heilt på botn.

Det er den same saga med det som vert kalla for integrasjonen. Innvandraran reiser frå heimlandet sitt og kjem til eit land der dei ser at folket ikkje verkelegt bryr seg um landet sitt lenger. Det er dei ikkje vande med, for sjølve er dei glade i opphavslandet sitt, og slik kjem dei til den slutningi at me som bur her ikkje hev nokor ærekjensla og ingen byrgskap yver det me sjølve hev arva frå forfedrane. Då er det ingen som treng å undra seg yver at dei held seg til sine egne røter, i staden for å leggja seg inn under ein kultur som ikkje lenger hev nokon styrke i seg, der kulturberarane ikkje lenger hev nokon ryggrad, nokon vilje til å segja at "dette er det me stend for". Dei hadde venta seg å høyra oss segja at "eg er franskmann" eller "eg er nederlendrar", men i staden fær dei høyra at, nei, "me er nett slik som deg". Me er berre menneske, alle saman, heiter det i den politisk korrekte kyrkja.

Ja, me er alle menneske, men muslimane er framleis muslimar og vil ikkje vera noko anna. Dei held fast ved det dei trur på og læresetningane deira er ikkje noko som ein treng å diskutera. Nett i denne nye tidi der alt er i endring, so kjem dei og dreg upp nokre klåre grensor. Dei fører inn att gamle tradisjonar som ikkje var vanlege i deira egne heimland for 50 år sidan, slik som hijab og burka. Desse er vortne markørplagg for muslimar som er medvitne um kva dei stend for. Slik sender dei oss eit klårt signal um at den normuppløysingi som vert drivi fram i Vesten i vår tid, den vil ikkje dei vera med på. I staden for å gå inn for ei delt semja, so set dei seg sjølve utanfor og stend soleides fram som eit tydelegt alternativ.



*Kva vart att av arven frå Luther?
Stephan Krämer undrast.*

Kva skal vera vårt svar?

Denne rigide religionen gjev soleides faste haldepunkt til mange søkjande menneske i vår tid, jamvel til innfødde europearar som ein normalt skulde tru var heilt framande for det tankesettet som islam stend for. Samstundes gjeng den evangeliske kristendomen upp i limingi, av di han hev tapt heile grunnlaget sitt. Den evangeliske kyrkja er full av førtiåringar som kled seg i den siste tenåringsmoten, trengjer seg inn på det lokale diskoteket for å ordskiftast med dei unge og spela fengjande Jesus-rock. Men desse hippe ungdomsarbeidarane vil ikkje ungdomen vita av. I staden vender dei seg til dei vise gamle mennene i moskeen som berre talar til dei som høyrer skikkelegt etter. Og det som desse fortel er tydelegt og greiddt, og utan rom for diskusjon. Det er sjølve motstykkjet til det mykje av det dei elles ser og uppliver ute i det moderne, vestlege samfundet.

"De er jordi sitt salt! Um saltet misser si kraft, kva skal det då saltast med?" Det er spursmålet som Jesus stelte til læresveinane sine. Ja, um saltet misser si kraft, so er det ikkje noko salt lenger, det er vorte noko anna. Og ei luthersk kyrkja som ikkje vil vera kyrkja lenger, ho stend ikkje fram som noko anna enn ei samling med menneske som freistar å framstella seg sjølve etter eit serskilt mynster.

Me treng ikkje ei luthersk kyrkja som vil vera til lags åt alle, og som difor ikkje lenger appellerar til nokon. Det er helder ikkje serlegt luthersk. Me treng frimodige ungdomar som atter ein gong segjer at "her stend eg, og eg kann ikkje anna". Som er i stand til å ordleida seg um kva det er dei vil stå for og som ikkje er redde for å slå det tydelegt upp på vår tids kyrkjedører.

Arven frå Luther er det framleis kraft i. Det er me arvingane som atter lyt byrja nytta oss av denne krafti.



Framande religionar fyller det åndelege vakuomet, meiner Krämer.

Oscar Ahnfeld - heile Norden sin åndelege trubadur

Av Alex Kurbanov

I år, den 21. mai, er det 200 år sidan Oscar «Blott en dag» Ahnfelt er fødd. Ein kann seija at mange av oss som lever i dag, assosierar dette namnet fyrst og fremst med Lina Sandell og salmedikti hennar. Og det er endå ein ting ein kann leggja merke til: Etter forskjellige opplysingar, størsteparten av Lina Sandell-tekster er faktisk tonesette av Oscar Ahnfelt, og samstundes hev ein vesentleg del (nesten halvparten) av Ahnfelt sine melodiar Lina Sandell som diktforfattar. Dessutan er Oscar Ahnfelt kalla for ein av dei fyrste store reisande songevangelistar, religiøse trubadurar. Dette omgrepet var veldig spesielt, iallfall, uvanleg for 1800-talet... Men kven var eigentleg han, den merkelege personen for si tid og tidi framover?

Han var fødd akkurat same år som dei to musikkigigantane Wagner og Verdi, var presteson frå ein liten tettstad Gullarp i Skåne og den yngste av tri brør (forfedrane var av ei gamal dansk adelslekt). I utgangspunktet var Oscar huga på å verta prest og, men i nokso ung alder lærde han seg å spela gitar og vart med tida ein fullenda virtuos på dette instrumentet. (Ei stund hadde han dessutan interesse for instrumentmaking, - det er iallfall stadfesta i ymse kjeldor at kjennemerket hans, ein 10-strenga gitar, er konstruert av han sjølv. Vel, han hadde endå ein gitar – den sokalla «harpegitaren» laga av Otto Selling.)

Fyrst tok den unge Oscar teologistudiet ved universitet i Lund (frå 1829), men etter kvart prioriterte han musikk i staden for teologi. I nokre år arbeidde han som «informator» og samstundes gav han private gitartimar og heldt små konserter. I 1840 braut han av teologistudia for godt og drog til hovudstaden for å lesa til musikkstudiet. Sidan vart musikken levebrødet hans resten av livet. Det var sagt at i Stockholm kom han til ei djup åndeleg krise, etter å ha høyrd ein predikant som forkynta umvending.

Då byrja Oscar sitt liv å handla um «å ha si glede i syndene», fram til at han nådde eit nytt vendepunkt: Påskdagen 1841 fekk Oscar høyra på sjølv Carl Olof Rosenius si forkynting i Betlehemskyrkan i byen. (Nokre kjeldor seier at Oscar vart personleg kjend med Rosenius like før.) Møte med Rosenius resulterte i nærare samarbeid og venskap med



hanom. Det gjorde at Oscar endeleg fekk fred og fryd i hjarta, og frå den tida esla han seg for å venda um og fylgja Gud med song og musikk. So, vart musikken hans eit slags middel for åndeleg rørsle. Inspirert av rosenianske vekkingsidéer, byrja han snart å reisa rundt for å syngja og preika. Med det Sagt og gjort, vart han den nye vekkjungi sin fremste trubadur.

Men dette var ikkje berre eit nytt og på mange vis kontroversielt fenomen i seg sjølv på den tidi, det var heller ikkje berre positive tonar som klang i Ahnfelt sin nærleik. Etter den sokalla «konventikkelplakaten» frå 1700-talet (i Sverige frå 1726, i Noreg-Danmark frå 1741) var det ulovleg for alle slags lekpredikantar å ha slike gudlege samlingar, «konventiklar», utan godkjenning frå sokneprestar. (Og slik godkjenning kunne ein neppe få.) Den lova var i utgangspunktet eit forsøk frå staten si side på å knebla dei radikale pietistane (Oscar Ahnfelt kunne ogso kallast for pietist), som ikkje ville la seg binda av kyrkja sitt krav om einskap. (Med lova prøvde ein å taka vare på einskapen i statskyrkja.) Samkomone til Ahnfelt vekte svært stor merksemd i samfunnet, og då kom det fleire og fleire klagor, og Ahnfelt var gong på gong meldt for illegale religiøse møte. Møti braut med læresetningane i dei offisielle gudstenestene (brot på den lova kunne resultera i streng straff).

Det vart til og med sendt eit klagemål til Kongen med von um at han skulle forby Ahnfelt sin aktivitet. Men kong Carl XV (som sjølv aldri hadde høyrd Ahnfelt sin song før) ville ikkje ta nokor avgjersle fyre at han kunde undersøkja

den saki nærmare, - med andre ord, å danna seg si eiga oppfatning um den kontroversielle trubaduren. Difor baud kongen Ahnfelt til audiens på slottet. Då bad Ahnfelt Lina Sandell um eit nytt songdikt til honom. Ho skreiv i all hast «Vem klappar så sakta i aftonens frid...» som i nynorsk umsetjing klang slik: «Kven bankar so varleg i aftanens tid...». Og den songen med eigen melodi framførde Ahnfelt ved audiensen. Songen til Ahnfelt trefte nok kongen rett inn i hans eigen situasjon. Det fortelst, iallfall, at kongen vart djupt rørt av den songen. Og det einaste han gjorde, rakk han Ahnfelt handi og sagde med tårer i augo: «Du lyt syngja og spela so mykje du vil, i bæe riki mine!». Og i 1858 vart konventikkelplakaten lagt burt i Sverige (i Danmark vart han lagd burta i 1839, i Noreg i 1842).

So, heldt Ahnfelt fram med å syngja, spela, preika og skriva nesten til livet tok slutt. Han reiste rundt ikkje berre i Sverige, men etter kvart ogso i Noreg og Danmark. Alt i 1850 kom det fyrste heftet hans ut med «Andeliga Sånger» med piano- og gitarakkompagnement på prent. I alt vart det tolv bind. Dette var gjort mogleg fordi han fekk tilskot frå den verdskjende svenske songarina, Jenny Lind (samlingi er tileigna til henne som populariserte mange av Ahnfelt sine songar i Amerika og i andre verdsdelar). Det siste heftet kom ut i 1877 – fem år før Ahnfelt døydde. Dessutan gav han ut «Ahnfelts Sånger» i fire bind (1859 – 1872) med melodiar av andre (m.m. ukjende) komponistar, eller tradisjonelle. Som det var sagt over, var Lina Sandell «hovuddiktforfattar» til Ahnfelt sine songar (C.O. Rosenius stend på «neste plass»).

Det var sagt at Ahnfelt jamnast bad Lina um å få nye songtekstar. Ho sagde halvspøkefullt i eit brev: «Når Ahnfelt er i Stockholm, er det ikkje fred å få». Mange av dei samtidige merkte seg ved Ahnfelt sin danna og vekkjande syngjemåte (det var ganske motstridande meiningar um sjølv stemmen hans), hans instrumenthersking (prost Johan Dillner frå Østervåla skreiv: «...han... trakterer [gitar] med en virtuositet som gjør han egnet til å la seg høre på offentlige konserter i Hovedstaden. I byene koster penger å få høre slikt... Her

fikk man det gratis...») og ikkje minst hans eigne songmelodiar i «angloamerikansk» stil (det var ogso veldig nytt på den tida). Han greidde i sjeldan grad å fanga tilhøyrarane sine. Diverre er røysti til Ahnfelt og spelingi hans tapt for alltid – fonograf var det ikkje funne upp på den tidi. Men den namngjetne tistrenga gitaren til Ahnfelt lever framleis. Instrumentet er i veldig god stand trass i høg alder og hev vore brukt m.m. på Gävle Missionsförenings 150-årsfest i 2005, etter ei opplysning på Ahnfelt sin 200-årsjubileumsblogg.

Oscar Ahnfelt var gift med forfatterinna Clara Ahnfelt, f. Strømberg (1819 – 1896). Meir um familielivet hans veit ein nesten ikkje. I 1879 laut Ahnfelt slutta

sin meir enn 30-årige kreative aktivitet – etter at helsa byrja å tapa seg. Han døydde 22. oktober 1882 – fire månader før sin jamnaldrande Richard Wagner – i Karlshamn i Blekinge. Der i Karlshamn er han gravlagd – i Hvilans kyrkogård. Men Ahnfelt sine songar på både Lina Sandell, C.O. Rosenius og andre sine dikt er levende, kjende og kjære i heile Norden fram til våre dagar. Nokre av dei er umsette til engelsk og andre språk og kjende i mange verdsens land.

Viktige kjelder

Cappelens musikkleksikon, bd. 1, Oslo 1978, s. 51.

Harling, Per. Blott en dag: Lina Sandell og hennes sanger. Oversatt av Ingvald

Røsok. Verbum Forlag, 2004, s. 115 – 118.

Netkjelder

Wikipedia (svensk, engelsk) – Oscar Ahnfelt

Cyber Hymnal: www.hymntime.com/tch/www.kristnet.org/rosenius/oscar.shtml

Psalmer och Andliga Sånger – Biografi:

Oscar Anfelt <http://medlem.spray.se>

Oscar Ahnfelt – Svenskt Biografiskt Lexikon www.nad.riksarkivet.se/sbl

Blott en dag – Leif Haugen's song- og salmeblogg <http://leifhaugen.trykker.com>

Oscar Ahnfelts 200-årsjubileum <http://oscarahnfelt.blogspot.no>

Svenskt biografiskt handlexikon, s. 17 – Oscar Ahnfelt

<http://runeberg.org/sbh/a0017.html>

Nest - Stemning, tradisjon og fantasi frå Finland

Av Megan Leo

Det finst musikalske tildriv som skaper so sterke kjenslor og so kraftfulle mentale bilæte at dei tek oss med til ei onnor verd. Finske Nest er millom desse.

I våre moderne tider er dei fleste nøgde med å lyda til data-tilrengde upptak og syntetiske klangverk som er langt undan dei naturlege ljodane. Det er berre å skruva på radioen um ein skulde vera i tvil um det. Samstundes er det mange som søker seg attende til røtene, til djupare sanningar og klangar. Slik hev artistar henta eldgamle instrument fram att frå gløymsla og nytta deim til å laga musikk som kjem rett frå hjarta.

Nest frå Finland nyttar seg av det tradisjonelle finske kantele-instrumentet. Dei skaper ljodlandskap som tek lydaren med til stader inspirerte av nordisk natur, eventyr og segner. Dei vert med på ei musikalsk ferd, kann ein segja.

"A hidden pool amidst the woods where the otters come to play, an owl's faint call echoing through the woods, sparkling waterfalls and vast snowcovered landscapes where the reindeer folk and wolves hold their domain. These are only some of the things with the atmosphere Nest strives to capture," kann ein lesa på heimesida deira. Nest maktar å måla fram desse bilæti på ein framifrå måte. Einaste hjelperådi deira er kantele-instrumentet, saman med perkusjon og litt programmering - endå songane som regel er akustiske og ikkje elektroniske.

Kantelen er eit sers gamalt musikkinstrument som lyder mest som ei bjølla. Det er eit strenginstrument som ein kann plukka på. Det kann jamførast med eit hakkebrett eller ein

zither. Til vanlegt hev kantelen 5 til 15 strennar. Soga um korleis kantelen kom i bruk er ei sers fin saga. I det finske nasjonaleposet, Kalevalaen, er det Väinämöinen som lagar den fyrste kantelen frå kjevebeinet på ein stor fisk og nokre hår frå ein hingst. Endskapen på det heile er at dyri frå skogen kjem for å høyra på den hugtakande musikken.

I den norrøne sogelitteraturen vert Finland ofte vist til som eit land der folk driv med magi. Trolli kjem frå Noreg, men dei hev fenge kreftene sine i Finland. Det finske tungemålet høver godt til messing. I soga um Harald Hårfagre kann me lesa um ei ovfager finsk prinsessa, Snøfrid Svåsedotter, som gifte seg med kong Harald Hårfagre. Når ho dør er kongen so leid seg at han let henne liggja daud i sengi slik at han framleis kann sjå på henne. Ho vert verande ven og fager, dauden set ikkje noko merke på henne. Men når kongsmennene til slutt freistar flytja på henne, då vert forheksingi broti og ho rottnar, med alle slags ormar og øglor som kjem veltande ut or henne.

Når ein høyrer på Nest, so kjenner ein på den same magiske stemningi som når ein les Kalevalaen og Eddaen. Nest tok til å laga musikk i 1999. Den fyrste utgjevingi deira var demoen "Fabled Lore", som kom ut i år 2000. Den fyrste fullengdaren deira var "Woodsmoke" (Trerøyk) frå 2003 på Corvus Records. Dei hadde melodiar med titlar som "Call of the Wild", "By the Healing Waters" og "The Silvershade Linx". Det er høveleg å skildra det som fredeleg og sumtid myrk musikk, men allvegen avslappande. Det er musikk som fører deg til dei stadene som

musikken målar fram. Sumtid kann ein høyra einkvan kviskra i bakgrunnen, men for det meste er musikken utan nokon tekst eller vokal. Det er soleides eine og åleine instrumentbruken og arrangementet som skaper stemningi.

Den neste plata som Nest gav ut er "Trail of the Unwary" frå 2007. Musikken er stemningsfull som fyrr, men med ein vill understraum i songar som "Hunt", "Moonbow" og "Claw and Fang". Under alt det rolege og avslappa so kjenner ein at det gøymer seg noko myrkt, og samstundes er det noko vent i dette myrkret.

Sidan den gongen hev ikkje Nest kome med fleire plator, men interessa for prosjektet er framleis stor. Ei brukutgåva av "Fabled Lore" er til sals for 60 Euro på netstaden Discogs. Kann henda litt meir påtrykk frå tilhengjarskaren er det som må til for å få dei til å koma med noko nytt?



Plateumslaget på demoen "Fabled Lore", 2003.

Korleis møta norske media?

Av Olav Torheim

Noko av det fyrste ein politikar eller offentleg person lyt læra seg er korleis ein skal møta kritiske og gravande journalistar. For vanlege privatpersonar er dette som regel ikkje nokon problematikk ein treng å tenkja på, men fyrr eller seinare fær me alle våre «15 minutes of fame». Det er soleides greidt å vita korleis ein skal ganga fram når telefonen brått ringjer, og serskilt um det er ei umstridd sak som journalisten vil ha deg i tala um.

Gjer deg kjend med Ver Varsam-plakaten

Alle norske avisor og tidskrift er underlagde Ver Varsam-plakaten. Um nokon meiner at ei avis hev brote med denne plakaten, kann dei klaga avisa inn for det pressefaglege utvalet, PFU. Um PFU meiner at eit oppslag er brot på god presseskikk, er avisa nøydd til å kunngjera fråsegn frå PFU. Ei fellande fråsegn i PFU heiter i røyndi at reportasjen er vorten underkjend som ei seriøs nyhendekjelda.

Å verta uthengd i media kann vera ei stor pårøyning, både for den det gjeld og for dei næraste. Det vert ofte sagt at presseetiske reglar er strengar enn dei rettslege, og at det er lettare å få ei avis felt for brot på god presseskikk enn det er å få dei dømde for ærekrenkjing. I røyndi er det motsett: Ei avis kann ta seg større fridomar ute i ålmenta enn det ein privatperson kann gjera. Ei lokalavis kann velja å hengja ut ein person i nærmiljøet på fyrstesida med dei grovaste skuldingane og sleppa undan med det. Ein privatperson som stappar flogblad ned i postkassar i grannelaget med nett dei same skuldingane, han risikerar derimot å verta straffeforfyldt for plagsam og skræmmande åttferd (Straffelovi, § 390 a).

Um ein ser på kva for punkt i Ver Varsam-plakaten som oftast fører til at ei avis vert felt i PFU, so er det desse tvo:

«VVP. 3.3. Det er god presseskikk å gjøre premisene klare i intervju situasjoner og ellers overfor kilder og kontakter. Avtale om eventuell sitatsjekk bør inngås i forkant av intervjuet...»

og

«VVP 4.14. De som utsettes for sterke beskyldninger skal så vidt mulig ha adgang til samtidig imøtegåelse av faktiske opplysninger.»

Retten til samtidig imøtegåing av sterke skuldingar er heilt grunnleggjande. Um du

klagar ei avis inn for PFU, er dei nøydd til å ettervisa at dei faktisk hev gjort det dei kunde for å få deg i tala. Det er ikkje nok at dei hev freista ringja deg eit par gonger utan å få svar eller at dei hev lagt at melding på telefonsvararen din um at dei gjerne vil tala med deg. Dei er nøydd til å freista konkret leggja fram for deg det du er skulda for.

Det er viktugt å vita at det einast er påstand um faktiske tilhøve som utløyser retten til samtidig imøtegåing. Sterke meiningsytringar utløyser einast tilsvaret, men ikkje retten til samtidig imøtegåing. Um nokon til dømes skulde hevda at meingane dine er ytterleggående, so er det ei meiningsytring som du ikkje utan vidare hev krav på å få svara på i same reportasjen. Um det derimot vert hevda at du hev nær kontakt med yttarleggjande grupper, so er det ein påstand um faktiske tilhøve som du hev krav på å få imøtegå.

Teori vs røyndom

So langt teorien, men kva med røyndomen? Det fyrste ein bør vera klår yver er at:

-Det er praktisk tala ingen sjanse for at du skal få ei rettviss umtala dersom du vert intervjuet i samband med eit umstridt emne. Journalisten som lagar reportasjen risikerar å verta skulda for å laga ein ubalansert reportasje eller jamvel verta talerøyr eller mikrofonstativ for ekstremistar dersom han ikkje straks viser til at det du sjølv stend for er for noko tvilsamt og ytterleggående å rekna. Det trygge valet for journalisten er å smyrja tjukt på umtala di med alle slags stemplande nemningar.

-Det er god presseskikk å gjera greida for premissane i intervju situasjonen, men journalisten stend kva tid som helst fritt til å endra vinklingi for reportasjen. Det einaste han treng å gjera er å kontakta deg på nyo, informera um at saki hev fenge ei ny vinkling og eventuelt lata deg få svara for nye påstand. Du kjem ingen veg med å hevda at det fyrste intervjuet einast var fisking etter informasjon.

Noreg er eit konsensus-samfund, og avstikkande meiningar gjeld det fyrst og fremst å tegja i hel. Um ikkje det nyttar, so er stigmatisering det neste. Ein måte å hindra folk med avstikkande meiningar frå verta tekne ålvorlegt er å freista knyta dei opp mot meiningar og idear som er diskvalifiserande for deltaking i offentlegt ordskifte. Noko av det drjugaste ein kann verta skulda for i dagsens Noreg er nazisme. Upp gjennom åri er media vortne flinke til å draga nazisme-kortet på ein måte dei greider å sleppa undan med,

serskilt i samband med tema knytte til innvandring. Målet er å vera heilt på grensa, men ikkje yver grensa. PFU kom i 1997 med ei prinsippfråsegn der det heiter at «PFU har tidligere advart mot sjablonmessige stemplinger og sterke karakteristikker av personer og organisasjonar i nyhetsreportasjen. Betegnelsene «nazist» og «nynazist» er så spesifikt belastende at det er nødvendig å godtgjøre at det er saklig grunn til å bruke slike karakteristikker».

Kor som er: Um journalistane ikkje hev grunnlag for å gå so langt som til å kalla deg for nazist, so finn dei seg ein ny vri, til dømes å hevda at du er «i nynazistisk selskap». Eller dei nyttar seg av andre og meir diffuse nemningar som likevel skaper dei same assosiasjonane, til dømes «høgrekkestrem» og «høgrekkestremist». Um ein søkjer på ordi «nynazisme» og «nynazist» i PFU sin database, so ser ein at det er mest ingen klagar som hev ført fram (mi eigi klaga på eit slikt oppslag ei millom dei fæe som hev vunne fram).

Å tala er sylv, men å tegja er gull

Ein reportasje vert alltid betre dersom ein hev greidd å få «skurken» i tala. Då kann dei visa til at dei laga ein balansert reportasje der ogso du fekk høve til å koma med din versjon. Journalistane kjenner elles godt til ver-varsomplakaten og veit godt korleis dei skal balansera heilt på grensa av denne. Her er det som Paul Bjerke, med doktorgrad i presseetikk, hev å segja um saki:

- Det journalistiske formatet er slik konstruert at det lett gjør en part til skurk og en annen til helt. I et sånt system vil ikke skurkens tilsvarett være verdt noe særlig, for premisset i en slik «mediefortelling» er, mer eller mindre usagt, at skurken vurderer. Dette ser vi tydelig i en viss type tv-dokumentarer. Når PFU så vurderer slike programmer, har de et veldig mekanisk syn på etikken i programmet og konsentrerer seg mest om hvorvidt de formelle kravene, som tilsvarett, er oppfylt, sier Paul Bjerke."

<http://www.klassekampen.no/56003/article/it-em/null/-for-tekniske-etikkkrav>

Journalistane kjem difor til å gjera alt for å freista få deg til å uttala deg. At dei skal koma til å gjeva ei rettviss framstilling av din versjon er derimot heilt usannsynlegt. Det du i røyndi hev ein liten sjanse til er å gjera deg utilgiengeleg og satsa på at journalisten ikkje freistar hardt nok på å få di imøtegåing. Då vil du seinare kunna nytta deg av tilsvaret

(denne misser du dersom du i fyrste umgang nektar å kommentera saki) og du kann jamvel freista klaga til PFU og prosedera på at du skulde havt høve til samstundes imøtegang.

Du tenkjer gjerne at du skal svara so godt for deg at journalistane ikkje kann ta deg på noko, men journalistane kjem berre til å nytta ein brøkdel av alt det du hev sagt, og kjem du med eit einaste skeivt ord so er det nett dette som dei kjem til å nytta. Um du derimot gjer deg utilgjengeleg for kommentar, so vert ikkje resultatet berre ein dårlegare reportasje for journalistane sin part. I beste fall vert materialet dei hev å byggja på sopass tynt at dei kuttar ut heile saki.

Mitt råd er difor sers enkelt: Ikkje tal med journalistar, ikkje gjev dei ei einaste utsegn som dei kann nytta og spinna vidare på. Sjå fyre deg at ein sprinter og ein boksar møtest. Kva bør sprinteren gjera, bør han møta bok-saren til kamp eller bør han gjera det som han er best på, altså springa sin veg? I intervju-situasjonen er du sprinteren og journalisten er boksaren. Du hev ingen sjans til å kunna snakka deg ut or situasjonen, det beste du kann oppnå um du vel å tala med journalistane er at du svarar so godt for deg at ingenting av det du segjer vert brukt. Meir sannsynleg er det at dei kjem til å bruka dei minst gjenomtenkte utsegnene dine og leggja dei fram i ein samanheng som dei sjølve hev konstruert. Media er ekspertar på å få folk til å snakka, og å få dei til å segja noko dumt. Det einaste du kann verta tilsvarande god på er å tegja stilt.

Dersom du nektar å kommentera ei sak, so misser du ikkje berre høvet til samtidig imøtegang, du misser retten din til tilsvar i ettertid. Du skal difor ikkje eksplisitt nekta å kommentera, du skal helder berre gjera deg utilgjengeleg: Ikkje tak telefonen utan at du veit kven som ringjer, ignorer alle epostar, og so burtetter.

Jamvel um du skulde missa retten til tilsvar eller samtidig imøtegang, so er reportasjen um deg framleis underlagd dei same presseetiske kravi til sakleg framstilling (VVP 4.1) og kontroll av opplysningar frå andre kjeldor (VVP 3.2). Og di mindre informasjon du gjev dei, di større er sjansen for at journalistane tabbar seg ut på eitt eller fleire av desse punkti, og du kann i neste umgang vinna fram med ei klaga til PFU.

Dersom du likevel vel å taka telefonen når journalisten ringjer, pass på dette:

Syt straks for å få vita kva journalisten heiter og kva slags telefonnummer og epost ein kann nå honom på. Spyr journalisten ut um kva det er for ei sak dei held på med, kva fokuset er for saki og korleis dei tenkjer å vin-kla henne. Og dessutan kva tid dei hev tenkt at

saki skal på prent. Spyr dei ut um det er andre som dei hev tala med eller er tenkt å tala med. Pump dei for informasjon. Bed dei dinæst um lov til å få ringja dei upp att etter at du hev tenkt litt på saki. Informasjonen du hev fenge frå den fyrste kontakten kann du nytta til å vurdera kva som vert neste steg.

Di meir du i ettertid kann dokumentera av kontakten med journalistane, di betre. Um du vel å taka neste runde på telefon, so syt for upptak av heile intervjuet, og syt for avtala um sitatsjekk på dei sitati dei er tenkt å nytta. Det beste er kor som er å beda dei um å senda deg spørsmåli på e-post, slik at du hev all kontakten dokumentert.

Tak straks kontakt med dei personane som journalisten hev tala med og finn ut kva det er dei hev spurt um. Dersom saki handlar um deg, so fortel dei hine personane um at dei helder skal beda journalisten um å kontakta deg beinveges. Dersom saki handlar um nokon andre enn deg, so bør du straks varsla denne personen um at ei sak er i emning. Hovudpersonen i saki er trulegt den siste dei kontaktar.

Og ikkje minst er det viktugt å få vita um journalisten er tenkt å tala med andre etter at han hev tala med deg. Eit grep som journalistar ofte nyttar er at dei fyrst talar med deg og fær deg til å koma med ei rad med utsegner, og dinæst set dei ein "ekspert" til å plukka det heile ifrå kvarandre. Den sokalla eksperten kjem dessutan til å få siste ord og på den måten setja deg i eit låkt ljøs. Du bør difor stella som vilkår for eit intervju at ingen andre skal få lov til å koma med merknader til det du hev sagt. Um dei ikkje godtek dette kravet, kann du berre leggja på røyret tvert.

Lat helder ikkje bladmennene få vera dei som styrer samtala under intervjuet. Dette skal du gjera. Ha søkjeljoset på det som du ynskjer å få sagt, og tak gjerne uppatt noko du hev sagt dersom du tykkjer det trengst. Det er betre å få fram nokre fåe viktuge poeng mange gonger enn å gjeva journalistane ein masse informasjon som dei ikkje veit um dei fær noko ut av. Ver tydeleg, men ikkje uærug, dersom du let deg intervjuar eller talar med journalistar. Di meir sjølvtrygg du viser deg, di meir vyrndad fær dei for deg.

Statt oppreist i stormen!

Um ei støytande blikkfangsak kjem ut i ei avis, er det ein stor vågnad for at andre aviser vil kasta seg på. Ikkje gjev nokon høve til å fylgja upp saki. Slå av mobiltelefonen og ikkje svar på e-postar. Lat det heile få roa seg.

Skjerm deg sjølv frå folk som gjev deg dårlege råd eller som vil kava deg upp av di dei er redde for at dei sjølve skal ganga med i «dragsøget». Samstundes skal du vita at folk

gløymer utrulegt snøgt. Ikkje rekn med at vanlege folk hev sett uppslaget, um dei hev sett det so ikkje rekna med at dei ansar på at det var um deg, og jamvel um dei hev sett og fenge det med seg, so er det gløymt etter eit par dagar.

Alt du hev sagt og skrive kann og kjem til å verta nytta mot deg. Hev du ytra deg på diskusjonsforum eller på Facebook, so lyt du rekna med at det er leita fram. Denne informasjonen hev dei trulegt samla inn og teke kopi av alt fyre dei ringjer. Byrjar du å sletta informasjon, so risikerar du berre at ogso dette vert nytta imot deg. Det viktuge er difor at du aldri skriv noko som du ikkje kann stå inne for, og stå inne for alt det du ein gong hev sagt. Byrja aldri orsaka deg for ytringane dine. Ikkje lat nokon få eit moralsk yvertak på deg.

So snart du hev fenge yversikt yver stoda, so skal du slå attende. No kann du nytta tilsvarsretten til å få svara på påstandane i eit svarinnlegg til avisa. Er uppslaget serskilt grovt, bør du klaga det inn for PFU. Um du vinn fram i PFU, so er det vel og bra. Um ikkje, so hev du likevel den fyremunen at det vert standande for ettertida at du ikkje godtok den framstillingi som avisa gjorde av deg.

Det kann verka mest trivelegt å liggja lågt og ikkje gjeva saki meir merksemd, men det kjem du til å tapa på seinare. Med eit etterspel, anten det er svarinnlegg eller klaga til PFU, kann du få lagt saki daud og synt motparten at det hev sin pris å leggja seg ut med deg. I motsett fall vert uppslaget hangande yver deg, og det kann kva tid som helst verta nytta som dokumentasjon for nye oppslag um deg, gjerne i endå større media. I våre tider med Wikipedia-artiklar som alle kann utarbeida so treng ikkje det å taka lang tid...

Avslutning

På PFU sin eigen database, pfu.no, kann ein søkja upp alle PFU-saker frå dei seinaste 20 åri. Det eg hev skrive i dette stykkjet er tufta på studium av PFU sine eigne fråsegner og frå min eigen kontakt med media. Å oppmoda folk til å ha minst mogleg kontakt med journalistar er naturleg nok ein knusande dom yver det som er vorte kalla for den fjerde statsmakti. Kor som er, den fjerde statsmakti er til liks med dei tri hine ein byggjestein i det same systemet.

I staden for å freista gjera seg aktverdige for den systemkonforme dagspressa, vil eg oppmoda folk til å stydja upp um alternative media.

Norsk målreinsing i 2014

Av Samuele Mascetti

Målmannen hev skrive ein del um åtak på det norske språket i dag (jf. Marøy, Anglo-latin med ei klypa salt, nr. 1/2:2013). Søkjeljoset hev vore på fri og manusbundi tala i kringkastingi og på målbruk i vevbladi, og hev rett seg inn på ord og setningsbygnad. Denne artikkelen kjem no til å taka upp saki med utgangspunkt i ord, ordformer (morfologi) og morfosyntaktiske tilhøve, og dessutan koma innum ortografiske tilhøve.

Kva er då målreinsing, eller purisme, som ho ofte vert kalla? I dette høvet kjem vel språkgranskar George Thomas sin definisjon av emnet til nytte:

«Purisme er ytringsformi av viljen å ein del av eit språklegt samfund (eller nokre einskilde delar av det) til å verna eit språk mot framande drag, eller å verta kvitt deim, av di dei ikkje vert rekna som ynskjelege (m.a. drag som kjem frå dialektar, sosiolektar og ymse stilar å same språket). Purisme kann verta retta imot alle lingvistiske nivå, men er oftast fokusert på det leksikalske. Framfor alt er purisme ein del av kodifikasjonen, utviklingi og planleggingi å eit standard-språk»

(frå Linguistic purism, 1991:12)

Språkreinsing er då noko som gjeld berre offisielle skriftformer, ikkje talemålet i det heile. Difor finst det inkje gale med purismen i seg sjølv: Ein mottanke folk kann ha imot honom kjem frå at alle skynar daglegtalet ikkje treng å verta styrd av målreinsing, berre skriftmåli. Ingen kjem til å få påtale for måten ein talar på. I røyndi er det vel fåe som verta påtala for skriftmålsbruken sin òg.

Språkreinsing i Skandinavia er av dei beste bergingsmidlane språket kann nokosinne få: «Det er langt frå visst at den anglolatiniske pågangen kjem til å stogga, og me bør vel [...] nytta det norske språket so mykje me maktar» skreiv Marøy i artikkelen sin, og eg er sterkt yvertydd um at ein nyttar målet best og på den rimelegaste måten når ein ikkje berre skriv det, men reinskar det samstundes. For folket venjer seg meir og meir til å tala som dei skriv, og i eit samfund der dialektar døyr ut dag for dag er ei rein skriveform løysing på tilfløkjing-



gar med både talemål og skrivemåte.

Soga åt språkreinsing i Skandinavia

Fyre me byrjar dryfta saki i høve til høg-norsken og Noreg si språklege stoda i dag, so treng me å få vita litt meir um korleides det stend til med språkreinsing i andre land i Norden. Det er klårt at purismen held seg mykje betre utanfor fastlandet (det er på Færøyane og på Island) enn det ho gjer i Noreg, Sverige og Danmark. Etter mi meining er dette ei naturleg fylgja av visse historiske og sosiale umstende som gjekk fyre seg der på øyane og ikkje i Fastlands-Europa.

Færøyane

Språkstoda på Færøyane og i Noreg var utruleg lik for um lag 150 år sidan; i dag er det norske skriftmålet stødt meir under åtak frå framande språktilfang og ord, medan færøysk vert «meir færøysk» dag etter dag. Kvifor det?

Den moderne færøyske språkreinsingsrørsla vart skipa på same tidi som det færøyske skriftmålet, det er frå midten av 1800-talet og utover. Mannen som for det meste stod attum færøysken si fornying var filologen Jakob Jakobsen (1864–1918). Inngjevnaden fekk han frå lagnaden åt det skandinaviske målet på Shetland-øyane (den sokalla nornen): Det døydde ut og shetlandingane skifte til den heimlege utformingi åt det skotsk-engelske språket. Færøyingane kom då til at dei ikkje vilde lata noko tilsvarande få henda med målet deira.

Noko som var sers likt millom Noreg og Færøyane var framgangsmåten åt den puristiske rørsla: språkreinsing i rette seg fyrst og fremst mot dansk, både her i landet og der på øyane. Frigjeringi frå dansk var på den tidi det viktugaste målet å nå

for å dyrka fram eit ekte færøyskt skriftspråk, og det same hende i Noreg òg. Ein direkte verknad av dette var ei kopling millom purisme og ålmenpolitikk: Di sterkare den puristiske evna var, di tenlegare hadde lausrivingi frå Danmark vorte.

Skilnaden millom Noreg og Færøyane slik me ser det i dag, han skriv seg frå nett denne koplingi millom purisme og politikk: Ho held seg framleides fast på Færøyane, medan i Noreg er stoda heilt annleides (me treng ikkje å skildra henne, trur eg).

Det me alle kann læra frå saga um Færøy-målet, det er at me burde taka upp att dei gode gamle språkpolitiske skikkane me hadde fyrr i tidi og å endelegt freista å stogga den rare tyske innverknaden på målet vårt og anglofilien vår.

Island

Island er utan tvil det mest puristiske språksamfundet i Skandinavia. Stoda på Island er mykje ymislegare enn ho er på Færøyane, men ho er i alle høve serlegt kjend millom språkforvitne for den heilslege ordpurismen (computer vert t.d. til tölva, ei samansetjing av tal og vólva, eigenlegt tali si volva). Den islendske språkreinsing i er dessutan sereigi med di ho i regelen retter seg mot alle språk, dei hine skandinaviske måli òg, dessutan gjeld ho både ålmenord og fagord.

Det vert ofte sagt at språkreinsing i på Island er so vidfemmande og serskild at ho snaudt kann brukast som fyredøme for andre språksamfund, korkje frå det språkvitenskaplege synspunktet eller frå det språkpolitiske: Til dette segjer me nei! Det er då sant at islensk og norrønt på det jamne er same målet og soleides hev språkreinsing i historisk grunnlagd fyresetnad. Det er vidare sant at den puristiske vanen på Island alt byrja longe sidan (det fyrste ekte islendske puristiske huglaget finn me alt under humanismen, altso 1500- og 1600-talet), men når det gjeld språkpolitikken kann dei islendske haldepunkti muna vel i ymse høve, i Noreg òg. Kort og godt: Politikken og ideen um land og nasjon hev mykje å segja med umsyn til korleides språki vert handsama.

Islandingane syner oss at det sunne nasjonalistiske fyrebilætet som stend

attum millom anna språkreinsingspolitikken godt greier å få ideen um byrgskap og einskap fram, ætt etter ætt. Jamfør t.d. den økonomiske krisa på Island millom 2008 og 2011 og måten islendingane berga seg og kom attende endå sterkare enn fyrr. Språket er ein av dei viktugaste delane i byggingi og ivaretakingi åt nasjonalt sjølvstende: Hadd ikkje islendingane havt eit ekte og reint islendskt mål som symbol på nasjonal byrgskap, so hadde dei kannhenda ikkje vore so sterkt motiverte til å halda på det økonomiske sjølvstyret. Eitt språk for eitt folk og eitt land, dette er det Island kann læra oss.

Høgnorsk språkreinsing

Me kann no koma oss litt nærare det tekniske og det språkvitskapelege etter å hava grave litt djupare inn i den gjengs skandinaviske språkstoda. Me sa alt at purismen berre gjeld for skriftformene, og den norskaste skriftformi me veit um er utan tvil høgnorsk: Han er sers nær det gamle norrøne språket og ber arven åt dei forne tidene, samstundes er han merkt av notidi au og hev sterke moderne dialektale røter som koplar honom til dagsens Noreg og til framtidi. Høgnorsken sin stykson, som eg plar å kalla honom for, det er den moderne nynorsken, serskilt han etter 2011-rettskrivingi. Nynorsken bør då norskast upp att, eller «uppnorskast»: I resten av dette bladstykket kjem eg likevel til å leggja fram ei rad ymsande framlegg som vel kann koma til nyttes for både høgnorsk og nynorsk, endå um nynorsken og nynorskbrukarar er det eg peikar mest på.

Leksikalsk språkreinsing

Det ålmenne umgrepet purisme hev fire ulike analysenivå inni seg: Det leksikalske, det ortografiske, det morfologiske og det syntaktiske. Det leksikalske nivået er visst det største arbeidsfeltet for språkgranskarar av di det er ordi sitt nivå.

Å gjeva einskilde framande ord ei rimeleg norsk umsetjing og utforming, dette er det me finn når me dreg djupare i det leksikalske arbeidet.

I det norske språket finst det alt mange ord frå andre mål (serskilt engelsk) som vart måta til etter norsk og som godt er godkjende av ålmenta, endå um fåe brukar deim. Eg tenkjer på støt-teark for hand-out, ombordstigningskort for boarding card, strikkehopping for

bungee-jumping, nakkesleng for whiplash, osv.: Alle desse ordi finst i den nynorske ordboki, men dei kann brukast meir når ein skriv. Ein bør fyrst og fremst byrja å nytta deim i skriftmålet, helst på den norskaste formi deira (altså, høgnorskformi): stydjeark, umbordstigningskort, nakkjesleng osv.

Eit større problem stend i dei ordi som ikkje er so godt umsette og umskapa til norsk, eller som ikkje er umsette i det heile. Eg tenkjer t.d. på kollisjonspute for airbag, datamaskin for computer osv.: Dei er då norske ord, men høyrest ikkje so norske ut, eller? Me kann få hjelp frå islendsk i dette høvet: Kvifor kunde ikkje kollisjonspute vorte til nådebelg (etter islendsk liknarbelgur), eller litt norskare samanstøytsskotte? På same måten, kunde ikkje datamaskin vorte til telda, nett som på færøysk? For resten er ordlagingsi sin framgangsmåte sers lik på norsk som på færøysk. Språkgranskar Jóhan Henrik Winther Poulsen laga ordet telda i 1984: Han skapa fystedelen teldfrå ordet tal etter eit mynster me kjenner att i norsk au (granne > grend; tung > tyngd osv.: Umljod, altså vokalskifte i ordstamma) og so la han den linne hokynne bøygingssendingi –a til.

«Men det heiter cheeseburger, whopper og chicken nuggets» skreiv Marøy i sin Angloloatin med ei klypa salt (Målmannen 1/2:2013) og atter ein gong tek eg utgangspunkt i ordi hans. Matnamni er kanskje det største problemet språkreinsingi lyt freista å greida upp i. Noreg sin liberale språkpolitikk tillèt at alle desse framande namni held på dei utanlandske dragi sine so lenge dei ikkje stend fram for noko offentlegt eller statlegt. Cheeseburger kunde godt vorte t.d. til osteburgar, chicken nuggets til kjuklingbit og whopper til Diger'n. Jamvel «den pizzaen me et mest av i Noreg» hev eit framandt namn (eigenlegt italiensk) som godt kunde verta umsett som framifrå eller ypparlegt. Sjølve ordet pizza hev framandt opphav; på norsk kunde ein skrive flatterta eller flatpai, etter islendsk flatbaka, men pai og terte er framande ord òg. Ei ålmenn løysing kunde so vera flatkaka, men ei kaka er då noko heilt anna enn ein pizza! I so fall kunde me i minsto venda oss til dialektar og kalla pizza for kjøtlefsa eller dilikt.

Hovudproblemet når det gjeld det leksikalske feltet er då å skyna kor djupt språkreinsingi må gripa inn i ting og kor vidfemnande brigdi lyt vera.

Ortografisk språkreinsing

Det ortografiske arbeidsfeltet inneheld alt som hev noko med stavemåten å gjera. Noreg sin språkpolitikk gjorde det tollegt bra når det galdt å umskapa framande ord til norsk; me er vel kjende med ord som sjåfør, sjanger, sørvis, tøff, biff, saus, osv. (i same fylgd frå chauffer, genre, service, tough, beef, sauce). Det er heilt klårt at nokre av desse moderne framande ordi som vart måta etter den norske stavemåten er naudsynlege (t.d. biff og saus), men like fullt ikkje alle av deim. Det einaste klanderet ein kunde retta mot dette umskapingsarbeidet er då dette: Kjem eigenlegt alle desse ordi til nytte? Dei fleste vilde no svara ja utan tvil, men hadde me ikkje alt ord som bilfører, kundeteneste, slag/stil og bister/hardbalen?

Det er dessutan problemet med uttala av utanlandske lånord: Ordet charter t.d. vert uttala [kjarter] i vestnorsk, men [sjarter] i austnorsk. Denne siste utformingi er ho dei valde i Norsk Språkråd, praktisk tala vart den vestnorske varianten diskriminert. Kva må ein då gjera?

Morfologisk og syntaktisk språkreinsing

Formverket og setningslæra er lukkelegvis dei tvo partane av det norske språket som vert mindre påverka av framande trekk. Det finst i alle høve nokre einstaka døme av engelsk innverknad i norsk.

Formverket hev ikkje store vanskar med å halda seg reint; dei uppnorska framande ordi fær til vanlegt nøgne norske former (t.d. intervju, som hev dei linne segnordsendingane – nye ord fær alltid lint formverk). Det er like fullt viktugt å halda fram å bruka typiske norske bøygingssendingar som –leik, –sam, –dom og –skap mot –heit (som upphavlegt er frå lågtysk): Stødt fleire nynorskbrukarar skriv friheit i staden for fridom, nyheit i staden for nyhende, einheit i staden for einskap osv.. Grunnen til dette er at –heit er den einaste endingi millom dei ovanfor som framleides er produktiv (som vert bruka i ordlagingsi den dag i dag).

Samansetjingane hev ein serskild plass i skriftformi når det gjeld «det norskaste». For i norsk ser ein skilnad på dei sokalla fugesamansetjingane (det er ord som vert sette saman gjennom ein tridje del attmed dei tvo stammeordi, t.d. skrivemåte) og dei sokalla stammesamansetjingane (det er samansetjing-

Anonymt, totalitært sladder

Eit sjølvstendig målblad som hev sin eigen dagsetel – ikkje berre på norskt nivå, men jamvel på eit ålmenneuropeisk – og som stend utanfor den statsfinansierte målrørsla... Ja, det er fårleg det. Og um ein skal døma ut frå dei framstøytane som er vortne gjorde mot bladet det seinaste året, so er det likt til at slutten av februar og byrjingi av mars er tidi då ymse slags sjølvuppnemnde politiske smaksdomarar hev sett seg fyre å “ta” Målmannen – og ikkje minst gjeld det um å taka Målmannen-redaktøren personlegt!

Men litt etter litt byrjar det å få noko desperat yver seg: I fjor var det Næravisa i Volda som gjekk på trynet, med alle dei ville skuldingane som dei til slutt vart felde for i PFU. I år er det eit anonymt, vinstretadikalt “researchkollektiv” som hev skrive sin eigen “rapport” um bladet Målmannen. Den nemnde “rapporten” hev dei lagt ut på ein vinstretotalitær blogg som stend utan andsvarleg redaktør. Medan Næravisa i minsto tok utgangspunkt i nokre dagsaktuelle hendingar, so nyttar “researchkollektiv” spalteplassen til å spekulera i det vide og det breide um snøen som fall i fjor – og dessutan den som dei meiner skal ha fälle for 10-15 år sidan! Men det er kann henda ikkje so rart, når ein tenkjer på at “researchkollektiv” høyrer til eit miljø som fyrst og fremst hentar løysingane sine i ei totalitær fortid som dei fleste trudde me hadde lagt attum oss.

Det er elles langt under vår standard å gå inn i nokon diskusjon um alle dei merkelege påstandi som det sokalla “researchkollektiv” fører til torgs. Spekulasjonar frå folk som ikkje ein gong kann stå fram med namn er ikkje verde papiret dei er skrivne på, men me er vel so skræmelege at forfattarane rett og slett ikkje vågar å gje seg til kjenne. Kva skal ein segja til slikt då? Bøh, kann henda?

Ein ting er i alle fall sikkert: Visse personar ser ut til å vera mykje meir interesserte i Målmannen-redaksjonen, både personlegt og politisk, enn me nokon gong kjem til å verta i dei!

Dvergemalet

sprodukt som ikkje inneheld andre delar enn stammeordi, t.d. skriftform). Til vanlegt vert –e- nytta som fugevokale, men i røyndi er han ikkje «den aller norskaste»: -A- er då vokalen som ein kann nytta i samansetjingar i dei høvi der han var innarbeid i Aasen-målet, der han visstnok fall ut i 1917. A-fuga er also mykje norskare enn e-fuga: ho kjem beinveges frå norrønt og finst framleis i mange dialektar her i landet, serskilt på Vestlandet («a-måli»), av di det tydelegaste kjenneteiknet deira er a-infinitiven). No kunde ein trulegt havt mykje å segja på artikkelen min, for han er ikkje skriven med –a- fugor i samansetjingane: Eg veit vel det, men eg fann ut at eg vilde skriva med –e- fugor for å skriva skapleg, av di ikkje alle er vande til den sereigne skrivemåten.

Kasusbøygjing er då noko som ikkje er so vanlegt i skriftspråket, i alle fall ikkje i det regelrette skriftmålet. Eg tykkjer ikkje at ho er so turvande, men dei som hev henne i dialektane sine kunde vel bruka henne utan noko problem (me talar no berre um ei kasusbøygjing: Sidefallet, also dativen). Ei god løysing på sidefallsmangfeldet i skriftleg bruk kunde vera å bruka det som sjølvaste Ivar Aasen totte seg å gjera: Hankyn eintal bestemt med –e/-a ending (sterk/linn), hokyn eintal bestemt med –enne/-onne ending (sterk/linn), inkjekyn eintal bestemt med –e/a ending (sterk/linn) og alle bestemte fleirtal med –om ending.

Sidefallet er faktisk meir kjent enn det ein kunde tru: Alle kann kjenna det att ut or faste ordlag og ordtøkje eller i folkevissone og gamle songar (t.d. koma seg av garde; Dei gamle fjelli i syningom).

Det same gjeld fleirtalet av «a-stamma» inkjekynsordi med den sokalla u-umljoden: Vatn > votn; glas > glos, land > lond osv.: A vert til o pga. ein gamal u i utljod (no kvorven burt) som verka på a-en i stamma. Denne typen umljodsflertal er nokso kjend i dei vestlandske målføri, han kjem direkte frå norrønt og finst framleis i dei offisielle islandske og færøyske skriftspråki. Ivaar Aasen sjølv brukte umljodsnamni i landsmålet sitt, soleis kunde og burde alle dei som kjenner deim frå dialekt bruka deim i skriftmålet au.

Eit anna typiskt norskt språktrekk er den morfosyntaktiske språkbygnaden «vera åt og/å + finitt segnord», til dømes Han er åt og kjem seg, Ho er åt og renn (soli), Det er åt og myrknar. Denne ser-

skilde strukturen er den nøgne tilsvarende formi som det islandske «vera að + menneform (infinitiv)» (t.d. ég er að lesa = eg driv og les = eg er åt og les) og uttrykkjer durative hendingar, nett som –ing verb i engelsk (I'm doing something).

«Vera åt og/å»-strukturen er noko heilt sjeldsynt millom alle dei skandinaviske måli og typiskt vestnordisk: I moderne norsk uttrykkjer ein like durative hendingar gjennom segnordsdubling (eg sit og les, eg stend og ser, eg driv og gjer noko osv.), men sume målføre held seg framleides fast hjå durativuppbyggingi. Dei som hev henne i dialektene sine kunde då godt bruka henne i skriving au. Det er trulegt nokre problem med denne bygnaden si kodifisering (kva bindeord nytta millom og og å, det litte området strukturen er spreidd yver), men eg tykkjer han burde hava plass i skriftmålet som like bygnader hev (t.d. vera i ferd med + nemneform; halda på med + nemneform).

Lat oss skriva reint!

Lat meg no freista å føra artikkelen til endes på det reinska skriftmålet eg til dessar hev skrive um (dei mest sereigne endringane er merkte med strek). Eg vonar visst ikkje å få sjå alle desse språkvitskapelege smånyansane i det norske skriftmålet korkje snart eller seint, det hadde no vore for ovmodigt. Eg skyndar godt at storparten av deim ikkje kjem til å verta godtekene av dei fleste nynorskbrukarom (og høgnorskbrukarom au, trur eg). Talemålet vårt er alt for mykje blanda med anna ferdatilfang på målvegen og dette tildrivet kjem ikkje til å verta ringare i framtiden. Det er då lagnaden åt språkom å veksa fram til noko nytt. Men kva då med eit reint norskt skriftspråk? Daglegtala kjem då til å ganga vegen sin, me veit det godt, men skrivemåten vår skulde halda seg fast til den høge skriftlege sedvane me arva både frå den norrøne sogonne og frå landsmålet sine skiparar. Samstundes skulde han vore notidsmerkt nok til å høva godt til det moderne samfundet vårt. Røyndi er like fullt at me fær sjå på dei store endringom i språket i dag: Dei er åt og gjeng fyre seg dag etter dag, ein kann snaudt gjera noko for å stogga deim. At me maktar å verna skriftspråket so godt me kann og at me på denne måten bergar talemålet òg (for dei fleste venjer seg å til tala meir og meir som dei skriv, som eg sa i byrjingi), det vonar eg.

Noregs uskuld

Av Lars Bjarne Marøy

I årevis hev norske skuleelevar vorte introduserte for den fyrste modernismen i lyrikken gjennom nokre sers fåe norske diktarar og ikkje minst gjennom Øverlands hysteriske åtak på modernismen, so seint som kring 1952. Sigbjørn Obstfelder, Kristofer Updal og Rolf Jacobsen er namn som vert nemnde, og so Paal Brekke som umsette T.S Eliots diktverk, *The waste land*, til norsk: "Det golde landet". Dette diktet hev eg granska nærare, og eg vil visa at diktet gjev god meining um ein ser litt utyver dei norske landegrensone og tek omsyn til at det er skrive i eit krevjande biletspråk.

Eliot var sjølv hatobjektet for Øverland. I fyredraget "Tungetale fra Parnaset" tok han eit kraftig oppgjer med modernismen i samtidskunsten. "Vi har fått en tonekunst uten melodi, en billedkunst uten form og en ordets kunst uten mening," klaga Øverland. Etter hans syn var dei nye lyrikarane heilt utan "formende evne" alt dei greidde å skapa var "høystemt abrakadabra" og "rabbel og snikksnakk".

Øverland sjølv representerar kannhenda viktige sidor ved norsk lyrikk. Det vert sagt um målet og målbruken hans at det poetiske målet hans er einfelt. Han skyr store ord. Andre meiner at det er rettare at han aldri gjer stilbrot; ordi er samstemde. I mange dikt brukar han motiv frå kristne ritual og frå folkeeventyri; han forklåra seg med at dette var ein litteratur som folk kjende og hadde tillit til, og difor var det den beste klangbakgrunnen han kunde få.

Medan Øverland avbraut studia sine, valde dikteren T. S Eliot å studera ferdug i ei rad ulike byar. Fyrst i USA, men seinare las han i Paris, i Tyskland og i Oxford. I 1927 vart han britisk statsborgar. Ein britisk velskula lyrikar mot ein norsk halvstudert røvar, kann ein segja. Det segjer seg sjølv at fråstandet millom det lærde kringværet i Oxford og millom leidande og velskula forfattarar i Storbritannia var noko heilt anna enn det litterære kringværet i Noreg.

Britane og den engelskspråklege litteraturen var verdsleidande og sterkt merkt av tilhøve kring 1.heimskrigen. Det var nok av lærde folk i den engelskspråklege verdi og bokmarknaden var yverveldande. Ein trong ikkje å tenkja på kva som nådde fram til vanlege folk. Ein



T. S. Eliot

kunde skriva til dei innvigde. Den klassiske litteraturen var umfemnande og versemåli trong til oppattnying. Eliot vert umtala som ein nybrottsmann i europeisk lyrikk. Han er likevel ikkje eit museumssubjekt som det ikkje vert stelt spørsmål ved. Dikti hans eggjar framleis til motsegjingar eller tilslutnad, dei verkar framleis spanande og manar lesaren til arbeida med det tilfanget han bar fram. Det er vanskelegt å frigjera seg frå og gløyma dikti hans.

“Det golde landet” - ein lyrisk revolusjon

Då «Det golde landet» kom ut i 1922, revolusjonera det lyrikken både i form og innhald. Heile diktet er på 433 linor, men er utan ei samanhengande handling. Episodar og glimt er sette ihop utan yvergangar. I fyrste part av diktet er me fyrst på ein vintersportsstad, so i eit bibelsk ørkenlandskap, dinæst kjem me inn i tilvisingar til Wagners opera *Tristan og Isolde*, so kjem me inn i ein herleg hage ei liti stund og so attende til Wagner i ei onnor lina. So kjem me til ei spåkona, og sistpå er me på London Bridge i eit slags Dantes inferno. Lesaren vert kasta ikring gjennom heile diktverket.

“Det golde landet” er skrive på engelsk, men forfattaren tek inn sitat og

ytringar på tysk, fransk, sanskrit og italiensk, og innleidande sitat på latin og gresk. Gjennom heile diktet er det allusjonar til litteratur, og mange småe og store historiske hendingar og personar hev fenge ein plass i diktverket. Eliot hev gjeve avkall på å laga samsvar i verseføter, linelengd, rim og strofeform.

Diktet vart umtala som eit stridseple, jamvel i heimlandet og millom engelskspråklege lesarar. Mange lesarar fann ingi meining attum alle dei gilde ordi og ingen grunn til at lesaren skulde berrleggja dei stor kunnskapane sine, det verka frekt og lite tiltalende mot dei som laut finna fram til kva han viste til. Men den positive umtala av diktet voks seg sterkare. Det let seg ettervisa at diktet var meir enn eit intellektuelt spel frå Eliots sida. Heilt formlaust er det helder ikkje.

Under det ovstore mangfeldet av hendingar frå fjerr og nær ligg det ei segn som gjev samanheng til «Det golde landet». Graalsegnene um det landet som vart råka av at det ikkje fekk grøda. Ein tenkjer seg at det finst ei kjelda til ævelegt liv, ei ungdomskjelda. I dette mynsteret samlar einskildhøvi i diktet seg. Spåkona spår daude og kann ikkje augna nokor von i vatnet (symbol på atterfødingi m.m) fordi ho, som flestalle hine i diktet, er blind.

Themsen hev ein gong vore ei rein og fager elv, men då diktet vart skriva var ho alt vorti skiti og fæl der ho renn. Midtpartiet i diktverket heiter *The fire sermon*, "eld-preika": I denne verdi der vatnet er vorte ureina, vert menneski etne opp av ein øydeleggjande eld. Eliot diktar med kjenslor og tek upp store og einfelde tema. Han er alltid en høgst intellektuell forfattar, og han er ofte vanskeleg å lesa. Det heng i hop med at han vedkjenner seg at han slit med å dikta i den kulturelle stoda han er ein part av. Han utstyrde sjølv "Det golde landet" med forklarande merknader i eit tillegg.

Desse kommentarane hev sume nytta til å gjera Eliots poesi til lått og lögje, men det er heller eit prov på at han er ærleg: Den litterære og kulturelle stoda hev vorti slik at folk ikkje hev noko sams referansegrunnlag lenger. Den kulturelle arven hev vorte oppkløyvd. I denne stoda meiner Eliot at det er eliten som må halda kulturen uppe og taka vare på samanhengen i kulturen. Men slike tilhøve bør ikkje kasta nokon skugge yver det som er kjensgjerningi, og ho er at Eliot er leseleg for flestalle som hev fenge sansen for poesi. Han er den store diagnostikaren millom diktarane på 1900-talet. Han er ein religiøs og filosofisk diktar og skriv slik at han når ut yver sin eigen krins av trudomsfellow, temai hans er viktuge og formi hans eggjar lesaren.

Frå "de dødes begravelse"

Innleidingsbolken eller innleidingsdiktet, um du vil, er umtala som «De dødes begravelse». I denne bolken tek forfattaren etter mitt syn ei kraftig oppgjerd med stoda etter at 1. heimskrigen er yver. Dei hardlynde og ufyselege dødstali under den fyrste heimskrigen fekk mange til å stella spursmål ved um ein verkelegt kunde lita på at teknologien kom til å gjeva menneskeætti ei ljøsare framtid. Fram til då hadde det vore etter måten fredelegt i Europa, iallfall i Vest-Europa. Krigane gjekk fyre seg i Aust-Europa og i andre partar av verdi, men no kom den hardlynde krigen til Vest-Europa med ei kraft som ingen hadde kunna sjå fyre seg. På same tid vart Mid-Austen dregen inn, Afrika kom med og amerikanarane kom med i krigen i 1917. Krigen vart verdsumspanande. Tyngdepunktet lagde seg rett nok på dei franske slagmarkene, men krigen femnde um so mykje meir enn Frankrike.

Forfattaren ser fyre seg at det hev vore ein kald vinter, det kann ein lesa som

eit bilete på krigen. So lenge krigen gjekk fyre seg var det i seg sjølv med på å halda merksemd i burte frå den øydeleggjande krafti i krigen. Ein hadde nok med å greida seg i kvardagen, slik ein gjerne hev i vinterstid. Ein må greida seg som best ein kann, og bøygja seg for naturkreftene.

Det forfattaren fester seg ved er at våren er skræmeleg. April-månad let syrinar bløma upp «av døde marker». Det blandar «minner og attrå, vekker/med vårregn røtter i dvale». Ein kann lesa det slik at forfattaren ser fyre seg at når krigen no er umme, so sit minni att og møttest med lysti til å koma vidare, men våren vekker røtene som hev lege i dvale. Dei røtene han ser fyre seg er tydelegvis røtene til heile den europeiske sivilisasjonen.

Duftande syrinar er symbolet på våren og fyresumaren som kjem. Syrinen er truleg den vanlegaste prydbuski som er planta i heile Noreg. Ho gjeng heilt nord til Troms og ho finst yver det meste av Europa. I blomspråket tyder kvite syrinblomar at "eg held fast ved deg", og fiolette tyder «um du berre visste å nytta augneblinken!», medan bladi tyder at "eg hev ingen rikdomar." Syrinen hev lange røter i Europa heilt tilbake til 1500-talet. Syrien er difor eit sterkt symbol på at ein tenkjer seg at det blømer upp att i heile Europa og vidare for den del. Planta kom frå Mid-Austen, so når syrinen kjem uppatt, so er det ingen tvil um at det kann tolkast som eit samlande og kraftfullt symbol på at krigen hev lagt seg og at notidi er å setja fram nye utbodingar for menneski.

Forfattaren uppheld seg ved Starnbergsee der han ser sumaren koma. Då regna det, men so vart det sol og då tok han seg ein tur i Hofgarten som er ein renessansepark ved München. Her let det til at forfattaren møter grevinne Marie von Wallersee-Larish, ei austerrisk greivinna. Marie stend for det gamle samfundet, den lærde parten av europeisk kulturliv. Ho les til langt på natt, og er kannhenda av dei fåe som kann skyna kva Eliot skriv um.

Den fyrste parten vert gjerne umtala som vintersportsparten av di Marie uppheld seg på ein vintersportsstad. Dinæst kjem me til ein øydemarkspart. Her syner Eliot til bibelvers frå Forkynnaren 12:10 og Esekiel 2:1. Versi tyder på at mennesket kann få ei ny openbering um kva som skal skje når verdi skal byggjast upp att etter krigen.

I ein tridjepart skifter Eliot yver til kjærleikssjangaren, men kvinna som vert umtala som «hyiasyntpiken» kjenner seg korkje levande eller daud. Tilvisingane til Wagners *Tristan og Isolde*, som er ei tragisk kjærleiksforteljing med røter i millomaldaren, gjev helder ikkje nokor avklaring.

Dei som hev granska diktet nøgje, meiner at det kjem inn ein allusjon til Joseph Conrads «Mørkets hjerte» i diktet når Eliot skriv um «lysets hjerte». Her er det tala um boki *Mørkets hjerte* der Joseph Conrad skildrar korleis hovudpersonen tek seg fram til ein avsidesliggjande by i eit afrikansk land. Hovudpersonen reiser med elvebåt og skal stogga ein mann som driv med elfenbeinshandel.

Mannen vert til slutt sjuk og hovudpersonen reiser avgarde med honom på vegen tilbake. Her vert han tiltrudd eit brev, men han hev ikkje hjarta til å gjeva dette brevet vidare til festarmøyi åt mannen. Brevet vert ein løyndom, «Mørkets hjerte».

I ein fjerde part kjem Eliot til teosofien. Her er det ei spåkona som skal finna vegen vidare. Ho nyttar seg av Tarotkort, eit sermerkt kortslag som hev vorte nytta av spåkonor heilt attende til slutten av millomaldaren. Når han skriv um *Madam Sosostri*, som spåkona heiter, so er det både ei råd å tolka det som tilvising til gamal egyptisk saga, knytt til ei grøderik tid, og til ei bok av Aldous Huxley der *Madam Sosostri* er ein part av ein satire mot den britiske høgkulturen. Boki til Huxley heiter *Crome Yellow*.

Når *Madam Sosostri* dreg fram korti sine, so kjem det upp eit kort der det er tala um ein fönikisk sjømann som er død og burte, augo hans hev vorte til perlor etter at han hev drukna på sjøen. Eit anna kort i kortstokken vert kalla *Belladonna*. Det kann spela på dei italienske ordi, ei fin dama, men kann òg knytast til ei giftig planta, "nightshade". Det kann òg vera tala um eit bilete av Leonardo som heiter *Madonna ved steinane*. Steinane er eit kriste symbol som knyter seg til grunnleggjingi av den kristne kyrkja. Kristi tru vert sett upp mot gift. Dette viser tydelegvis til at spåkona og kvinnesymbolikken her kann vera fleirtydig og ikkje heilt til å verta klok av.[ii]

Ein mann med stav kjem inn som symbolikk i diktet. Ein mann med stav kann knytast til mykje, millom anna hungersnaud, men menneske som gjeng i ring er eit anna symbol som let til å setja det heile ut or kraft og gjera alt uvisst.

Spåkona kann ikkje lesa ut lagnaden. Det er eit blankt kort i kortstokken, eit kort som ho ikkje kann tyda, jamvel um ho veit at det dreiar seg um ei bør som personen ber på ryggen. Lagnaden vil spela inn, men korleis? Det er uvisst.

Ho finn ikkje den hengde mannen og det gjev inntrykk av at det kjem ein negativ utgang av personkorti med dei tri stavane, og det knyter seg til død frå vatnet. Her kann ein tolka seg fram til at det er skort på vatn som fører til død, ikkje det at ein druknar i vatn.

Krigen sette sine spor

I det femte avsnittet i diktet kjem krigstidi, slik eg tolkar diktet, imot oss att. Når det umveges vert vist til Dantes inferno med at det kjem rekkjor av døde menneske yver London brigde m.m., so melder tidi etter 1. heimskrigen seg. Krigføring heldt fram etter 1. heimskrigen. Fredsuppgjerdi i Versailles hindra ikkje at både tyrkarar og bolsjevikar kriga vidare, so krigsredslor og framtidsmyrksyn var det godt grunnlag for.

Avsnittet vert knytt til London. "Uvirkelige City", det innleider forfattaren avsnittet med å segja. Det gjev oss tokken av at det er eitkvart som ikkje stemmer. Og rett nok, lengre ned ser me at det vert tala um at dauden hev «slått så mange». Me skal sjå dei fyre oss som levande daude. Ein av dei daude, Stetson, vert tilkalla av ein eg-person. Her vert det tala um liket som var grave ned i hagen fyre vinteren. Det vert tala um at hunden ikkje må få grava upp att liket, og det vert tala um at det skal spira upp og få blommar yver seg. Det fell meg nært å tenkja at ein hev uttrykket um "å gå i hundane". Det vert gjerne knytt til at ein missr alt ein eig og hev og lyt ganga gatelangs liksom eigarlaus hundar. Det kann òg tolkast som å gå til grunnar.

Eit lik kann tolkast som eit symbol på

liki frå 1. heimskrigen. Ein kann ottast for at redsla og den massedauden som var, kann melda seg på nyo med dei skrekkelege fylgione det kann få. Avslutning på diktet er knytt til Baudelaire's dikt «Det vondes blommar». Du hypocrite lecteur! – mon semblable, -- mon friere!» Det tyder noko slik som: Hykkelske lesar! – min like, - min bror. Lesaren skal soleis ikkje kjenna seg noko betre enn forfattaren, men vera like andsvarleg for stoda som forfattaren er.

Motivet i diktet er utan tvil knytt til 1. heimskrigen. Kva forfattaren vil segja oss frå ein yverordna ståstad, det er vel ei onnor sak? Det kann iallfall lesast mykje ut or ein tematikk knytt til korleis det er å vera menneske i ei vond verd. Og forfattaren meiner vel at ein iallfall ikkje må gjeva upp å halda fast ved dei haldepunkti som finst i europeisk litteratur, likso vel som i verdslitteraturen.

Det er klårt at Eliot stend for noko anna enn Øverland. Øverland greider ikkje å tenkja so stort som Eliot. Kor mykje Øverland kann ha lese av verdslitteraturen er vel eit studium for seg. Han braut upp frå filologistudia sine og var yvertydd kommunist frå starten av. Seinare skifte han ståstad i politikken, men han var svært uppteken av å skriva på ein måte som skulde gjera honom tilgjengeleg for vanlege lesarar utan nokor større utdanning. Stil og struktur var viktige byggjesteinar for Øverland. Eliot hadde ein høgstil og kunde leika seg innanfor denne høgstilen, medan Øverland skulde få på plass ein stil frå folkediktingi, samstundes med at han skreiv på riksmål og skulde distansera seg frå nynorsken. Berre språkstriden laga ugreda.

Eliot sine dikt er knytte til ei heil stiluppattning som kom innanfor ei rad kunstnariske stemneleider. Modernistisk litteratur slo vel aldri røyneleg igjennom i Noreg, fyre langt upp på 1960-talet. Den

nasjonale rørsle etter 1905 merkte nok landet, og i dette høvet var det klassiske versemål som gav serhått til litteraturen vår.

Ser ein på Europa og verdi, so hadde modernismen mykje å segja til menneske som var rotlause og som vilde sjå noko nytt og utbodande som kunde skildra det mangfelde livet. Det var fyrst midt på 1960-talet at profildiktarane meinte at dikti skulde vera folkelege og moderne. Då var modernismen ei naturleg ytringsform og hev vore det sidan den gongen. Atter kjem det folkelege inn når modernismen kjem til Noreg med tyngd. Eg meiner vel at det viktige ikkje er det folkelege, men kva ein kann lesa ut or litteraturen når ein set seg inn i honom gjennom grundige studium.

I so måte er Eliot ein forfattar ein kann læra mykje av, men ein treng nok hjelp av lesarar som hev granska diktingi hans grundigare enn dei fleste av oss kann gjera. «Det golde landet» kom på norsk på slutten av 1940-talet, umlag samstundes med at Eliot fekk nobelprisen i litteratur. Det var sanneleg på høg tid. Diktet kann godt lesast og granskast meir her til lands, då kjem me til å skyna meir av litteraturen enn berre vår eigen norske litteratur. Ein kann spyrja seg, når skal Noreg missa si uskuld og taka inn yver seg den grufulle og øydande 1. verdskrigen, slik leidande forfattarar i Europa gjorde det på 1920-talet?

Litteratur

[i]

http://www.consideratecandidum.com/fyr/ost/planter/syrin_torungen.html, Lasta ned, 26.01 2014

[ii]

<http://www.shmoop.com/the-waste-land/burial-dead-summary.html>, Lasta ned 26.01 2014



NYNORSK
ANTI-KVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no

[nynorskantikvariat.no](http://www.nynorskantikvariat.no)

Mobil: 928 29 098

Retur til:
Målmannen,
Postboks 599 Sentrum,
5806 Bergen

B

PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGA
PP.
NORGE / NOREG

ISSN-1503-2469


Sandsteinsfjelli ved Elben

Av Hans Gehler

Sudaust for Dresden i Sachsen (Tyskland) finn du ein by som er skildra som "Døri til Saksiske Sveits". Byen heiter Pirna og er hovudstad i ein region som høyrer til dei vænaste i Tyskland: Saksiske Sveits.

Dersom du kjem på vitjing, so er det tilrådelegt å verta verande ein eller to dagar i Pirna for å sjå på gamlebyen og Maria-kyrkja. Pirna vart fyrst grunnlagd på 1300-talet, og i gamlebyen kann du oppdaga ei rad gamle hus som gjeng attende til 1500-talet. Ymse slags herberge tilbyd rom for yvernattning og tilbod for fritidsaktivitetar. Men um du vil sjå fjell og skog, då lyt du lata byen Pirna etter deg og fara langs B172'en vidare mot byane Königstein og Bad Schandau. På vegen til Königstein ser du etter sju kilometer ei gigantisk festning. No ligg Königstein framfor deg. Eg vil rå deg til å vitja festningi, for då fær du ei fantastisk utsikt yver heile Saksiske Sveits.

Vidare nedetter kjem du gjennom byen Königstein. Her fær du høve til å drikka ein kopp kaffi eller eta litt, og du hev tid til å tenkja litt på kvar hen ferdi skal ganga vidare. Um du fylgjer B172'en til



Bastei-brui ved Ferdinandstein, Saksiske Sveits.

Bad Schandau, kann du fara vidare til bakre Saksiske Sveits. Eller du kann taka S171 (Basteistrasse) og utforska landsbyar som Rosenthal eller Pfaffendorf. Der hev du flust med høve til å ganga på tur eller drivi med kliving.

Me fylgjer B172'en til Bad Schandau, kryssar elvi "Elbe" og kjem til Bad Schandau. Bad Schandau eignar seg til å taka seg til til å gjera innkaup og eta litt - eller roa seg ned i Toskanatherme, eit bad med sauna, massasje og saltvassbasseng.

Um du fer vidare på B172'en frå Bad Schandau, kjem du etter 20 kilometer til den tsjekkiske republikken og vidare til Bøhmiske Sveits, som til liks med Saksiske Sveits høyrer til sandsteinsfjelli ved Elben (Elbsandsteinsgebirge). Eg vil tilrå at ein svingar ut til vinstre frå B172 og fer til Kirnitzschtal. Kirnitzschtal er ein dal som er 45 km lang og perfekt til å ganga på tur. Um du er eitt eller åtti år, so finn du alltid ei ruta her som høver for deg. Det er dessutan ei rad med herbyrge her som tilbyd rom, mat og ymse slags fritidsaktivitetar. Tak deg tid til å sjå på naturen, for Kirnitzschtal er etter mitt syn noko av det mest storslegne som ein kann sjå på i Saksiske Sveits. Og eg er yvertydd um at du tenkjer det same når du seinare gjev deg på heimveg attende til Noreg.

Den turen som eg hev skildra er berre ein av mange moglege i Saksiske Sveits, måvita. Men for deg som er ny og ukjend med Saksiske Sveits, hev du i alle fall fenge ei reiseruta som du ikkje kjem til å trega på at du gav deg ut på.

Sluttordet:

*Ein god hest døyr i selen.
Otto von Bismarck*



Festung Königstein, Saksiske Sveits.